



## OM ÅRSMELDINGA

*Årsmeldinga er utarbeidd i tråd med § 48 Årsregnskapet og årsberetningen i Kommuneleva. Den viser resultat som er oppnådde i Hordaland fylkeskommune i løpet av året.*

Framsidedfoto: Hurtiglادestasjonen på Danmarks plass, foto Morten Wanvik

Ansvarleg: Fylkesrådmannen

Redaktør: Janne Karin Værnø

Redaksjon: Kommunikasjonsseksjonen i fylkeskommunen

Tekstgrunnlag: Avdelingane i fylkeskommunen

Design og produksjon: Bouvet Reklamebyrå

Trykk: Rolf Ottesen AS

Årsmeldinga er også tilgjengelig på våre nettsider: [www.hordaland.no](http://www.hordaland.no)

Mars 2015



# FORBETRINGSPROGRAMMET

## «FØREBUDD PÅ FRAMTIDA»

Gjennom strategisk arbeid med organisasjonen ynskjer fylkesrådmannen å effektivisere og framtidsrette fylkeskommunen, samstundes som ein er førebudd på å handtere moglege endringar i rammevilkåra.

I tidlegare budsjettvedtak har fylkesrådmannen fått i oppdrag å sikre at Hordaland fylkeskommune arbeider «målretta med utviklingstiltak for å kunne effektivisere drifta, auke service-nivået og betre tenesteproduksjonen overfor innbyggjarane i fylket». På bakgrunn av dette har fylkesrådmannen initiert prosjektet «Førebudd på framtida».

Programmet starta i 2014 og har også i 2015 hatt høgt aktivitetsnivå. Prosjektet er delt i tre programområde; strategisk utvikling, kjerneoppgåver og administrativ drift og utvikling.

### Strategisk utvikling

Fylkesrådmannen og toppleiargruppa har arbeidd med å utvikle ein overordna verksemdstrategi for Hordaland fylkeskommune gjennom 2015, med fagleg støtte frå Bl. Dette har skjedd i ei tid der mellom anna kommunereforma, oppgåvedeling mellom forvaltningsnivåa og økonomiske rametilhøve har vore i fokus. Mål og strategi skal gje tydeleg retning og grunnlag for prioritering av tiltak i den komande perioden. Dette gjeld både på overordna verksemdnivå og på avdelingsnivå. Planen skal gjelde i perioden 2016–2020. Strategiane skal og sikre at vi handterer dei ulike rollene som tenesteleverandør, samfunnsutviklar, utøvar av mynde samt demokratisk organ og politisk arena. Strategien vil bli vedteken i første kvartal 2016, og arbeidet med iverksetting vil så starte.

Hordaland fylkeskommune har også starta arbeidet med Regional planstrategi, som skal gjelde i fylkestingperioden 2016–2020. Det er eit mål å få til ei god kopling mellom den administrative verksemdstrategien og den regionale planstrategien. Eit suksesskriterium vil vere god forankring av planprosessen både internt i fylkeskommunen sine ulike avdelingar, i det nye fylkestinget og blant eksterne samarbeidspartnarar, ikkje minst kommunane.

### Kjerneoppgåver

Det er gjennomført ei kartlegging og vurdering av kjerneoppgåvene til den einskilte fagavdeling. Formålet har vore å skaffe grunnlag for å kunne prioritere, effektivisere og samordne dei oppgåvene fylkeskommunen skal utføre i framtida. Avdelingane ser samla eit potensial for forbedring, særleg knytt til arbeidsprosessar, samarbeid og organisering. Nokre av tiltaka er allereie lagt inn i planar og budsjett for 2016, andre vil bli prioriterte og vidareførte i samanheng med iverksetting av dei overordna strategiane. I tillegg har Samferdselsavdelinga gjennomført ein større analyse knytt til utvikling og organisering av kollektivområdet. Opplæringsavdelinga har vald å prioritere fråfallsproblematikken i den vidaregåande skulen, og planlegging av eit større prosjekt i samband med dette.

### Administrativ drift og utvikling

Det er og gjennomført ei kartelegging av oppgåvene knytt til drift og utvikling i økonomi- og organisasjonsavdelinga samt stabane i avdelingane. I dette arbeidet ligg også ei vurdering av vidare organisering av utviklingsarbeidet, samt oppgave- og ansvarsdelinga mellom staben og linja. Det er gjennomført ei rekke tiltak knytte til organisatoriske tilpassingar i løpet av 2015, mellom anna er økonomiavdelinga og organisasjonsavdelinga slått saman. Det er også gjennomført ei rekke aktivitetar knytte til opplæring, forbedring av IKT-verktøy, m.m. Mange av desse tiltaka femner den sentrale administrasjonen, andre heile organisasjonen. Tiltaka vil fortsette i 2016.

### Vidare framdrift

Generelt vil ein del av tiltaka som ikkje er avslutta i 2015, halde fram i 2016. I samband med strategiprosessen og oppgåvegjennomgangen har det kome fram ei rekke forbettrings- eller tiltakspunkt. Desse vil måtte prioriterast og planleggjast for den komande strategiperioden 2016–2020.

# STRAMMARE ØKONOMI KREV TYDELEGARE PRIORITERINGAR

Hordaland fylkeskommune har lagt bak seg eit godt arbeidsår som også denne gongen vart gjort opp med overskot i rekneskapan. Overskotet på 68,5 mill. kr kom i stor grad som resultat av betre skatteinngang og lågare pensjonskostnader enn budsjettet. Resultatet dekker dermed over den urovekkjande utviklinga i resultatata for dei ulike sektorane. Alle tenestesektorane viste i 2015 underskot samanlikna med budsjettet – samla heile 87 mill. kr. Utan den positive skatteinngangen og andre meir budsjettekniske tilhøve, ville resultatet vore langt dårlegare. Stram økonomistyring må difor framleis ha høg prioritet, samstundes som det målretta arbeidet med å betre driftsøkonomien og fylkeskommunen sine tenester held fram.

Det positive rekneskapsresultatet påverkar i liten grad den krevjande økonomiske situasjonen fylkeskommunen er oppe i. Vi har gjennom fleire år investert tungt i nye, moderne skulebygg, tannklinikkar og infrastruktur. Dette har resultert i ei lånegjeld som no er på vel 9,1 mrd. kr. og ein gjeldsgrad på 101,6 prosent. Denne utviklinga kan ikkje halde fram. Difor må vi no bremse investeringstakten. Høg og veksande lånegjeld kombinert med for svake driftsresultat gjennom fleire år, gjer at det må prioriterast tydelegare i aktivitetar og tenestetilbod i tida framover.

Til hjelp i arbeidet med prioritering, har vi i 2015 jobba med å utarbeide ein overordna administrativ verksemdstrategi for Hordaland fylkeskommune. I dette arbeidet har vi klargjort mål, strategiar og aktuelle tiltak for dei komande åra. Gjennom arbeidet med verksemdstrategien har organisasjonen fått eit felles utgangspunkt for dei krevjande prioriteringane som må gjerast framover.

Ei av målsetjingane til fylkeskommunen er å vere pådrivar for regional utvikling i Hordaland og sikre nyskaping, berekraft og gode levevilkår

for alle i fylket. For å lukkast med dette, må vi ha økonomisk handlekraft og med det gjennomføringsevne også i tida framover. På denne måten heng arbeidet med tydelegare prioritering gjennom verksemdstrategien nært saman med økonomistyringsarbeidet.

Etter kommune- og fylkestingsvalet hausten 2015 var nye folkevalde på plass. Ei sentral oppgåve for det nye fylkestinget er å utarbeide og vedta ein ny regional planstrategi i samarbeid med kommunar, statlege organ og aktuelle organisasjonar og institusjonar. Planstrategien skal peike på utfordringar knytte til m.a. utviklingstrekk og -moglegheiter som Hordaland står framfor dei komande åra, og utgjer eit viktig grunnlag for å skape ei heilskapleg og ønskt regional samfunnsutvikling.

Arbeidet er godt i gang og vil bli slutført hausten 2016. Også her vert det avgjerande å gjere tydelege prioriteringar for å sikre retning og gjennomføringsevne. Den administrative verksemdstrategien skal støtte opp om den regionale planstrategien. Slik vert trådane frå både politisk og administrativ side samla i ein felles visjon om å arbeide for å utvikle Hordaland vidare som eit attraktivt og nyskapande fylke!

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann



«Vi må bremse  
investerings-  
takten.»

# INNHALD

**11** ØKONOMI  
Hordaland fylkeskommunen fekk eit  
overskot i 2015, trass høgt forbruk.

**19** REGIONAL UTVIKLING  
Hordaland fylkeskommune har hatt ei sentral rolle med  
å legge til rette for omstilling i petroleumsnæringa.

**31** KLIMA  
Hordaland fylkeskommune jobbar systematisk for å nå  
målet om å bli eit lågutsleppsamfunn.

**39** FOLKEHELSE  
Hordaland fylkeskommune samordnar folkehelse-  
arbeidet i fylket. Folkehelsa er i positiv utvikling.

**43** SAMFERDSEL  
Passasjertalet auka med tre prosent i 2015 og det blei  
brukt 2,8 milliardar kroner på fylkesvegane.

**59** OPPLÆRING  
Hordaland fylkeskommune heldt fram arbeidet med å  
styrke samarbeidet mellom skule og arbeidsliv.

**69** **INTERNASJONALT**  
Berekraftig energi i Nordsjøregionen kom på dagsorden og ungdom fekk nyttig praksis og kunnskap om andre kulturar.

**73** **KULTUR**  
Hordaland fylkeskommune bidrar til at kultur er med på forming av hordalandssamfunnet.

**83** **TANNHELSE**  
Satsing på det førebyggjande og helsefremjande arbeidet i den offentlege tannhelsetenesta i Hordaland gjev gode resultat.

**89** **ORGANISASJON**  
Det pågår modernisering av administrasjonens arbeid, og varsling og etikk var sett på dagsorden i 2015.

**97** **POLITISK LEIING**  
Hordaland fylkeskommune fekk ny politisk leiing etter valet hausten 2015.

# HENDINGAR I 2015

## JANUAR

Fylkesordførarens nyttårsmøte med temaet korleis møte endringane innan olje- og gass-sektoren.

Den største hurtigladestasjonen for elbilar i verda opna på Danmarks plass.

Fylkesutvalet sa ja til å lage reguleringsplan for Bybane til Fyllingsdalen.

## FEBRUAR

110 sykkistar passerte markeringspunktet for den internasjonale Vintersykkeldagen i Lars Hillesgate i Bergen.

Bybanen vart tildelt Innovasjonsprisen for universell utforming i kategorien transport.

29 nye elevar på vekslingsmodellen har fått lærekontrakt og startar læretida i faga bygg og anlegg, barne- og ungdomsarbeidar og helse- og omsorgsarbeidar.

## MARS

Miljøprisen 2014 tildelt Maritim Clean Tech West for utviklinga av den første batteridrivne ferja i verda.

Handlingsplan for 114 tiltak innan kultur, idrett, friluftsliv, bibliotek og museum vedtatt av fylkestinget.

Hordaland fylkeskommune sette i verk reviderte retningslinjer som skal gjere det lettare å varsle om kritikkverdige forhold.

## APRIL

Offisiell opning av kompetansesenter tannhelsetenesta vest.

Elevar frå Normandie får utdanning på Voss, og elevar ved Voss gymnas får utdanning i Normandie.

Regjeringa tildeler 97 millionar kroner i spelemidlar som Hordaland fylkeskommune skal bruke til bygging av idrettsanlegg i fylket.

## MAI

Arbeidet med Bymiljøavtale startar. Målet er at veksten i persontransporten i Bergen blir tatt av kollektivtransport, sykkel og gange.

Bergen kommune og Bybanen utbygging tildelte Sweco Norge AS kontraktane for regulering og prosjektering for Bybane til Fyllingsdalen.

Nasjonal raskomite krevjer fortgang etter nytt ras på E16.

## JUNI

Planane om ferjefri reise mellom Bergen og Stavanger presenterast på Hordfastkonferansen.

Det første landstraumanlegget for skip opna i Bergen hamn. Hordaland fylkeskommune gav 1,5 millionar kroner i tilskot.

Det 7,5 kilometer lange veganlegget frå Gaupholm til Frøland i Samnanger opna for trafikk. Veganlegget inkluderer den nye 2,3 kilometer lange Tyssetunellen.



## JULI

Byggjестart for nye Voss gymnas.

Hordaland fylkeskommune stiller seg positiv til å gje vogntog løyve til å ta sjøvegen mellom Bergen og Stavanger på Fjord Line sine ruter.

## AUGUST

Solmålestasjon som skal gi betre grunnlag for dei som ønskjer å installere solceller eller solfangarar på Vestlandet opna på Flesland.

Fylkesutvalet sa ja til freding av Baroniet Rosendal og Forum kino i Bergen slik at bygningane har posisjon som nasjonale kulturminnevern.

Hordaland fylkeskommune og Bergen kommune signerte avtale om 724 millionar kroner til kollektiv- og sykkelsatsing i Bergen dei neste fire år.

## SEPTEMBER

Kontaktutval for E16 Arna–Voss og Vossebana vart konstituert.

Hordaland får seks nye friluftsområde.

Fylkestingsvalet gjennomført og Arbeiderpartiet blei største parti.

## OKTOBER

Den nye tannlegevakten i Bergen opna dørene i Solheimsviken.

Hordaland fylkeskommune fekk oppdrag av regjeringa å leie omstilling av leverandør-industrien på Sør- og Vestlandet.

Eit vikingsverd i svært godt stand frå ca. år 750 er funne på Haukeli og overlevert fylkeskommunen.

Den første av åtte nye lange bybanevogner er på plass i Bergen. Den er 42 meter lang, 10 meter lengre enn dei noverande og får plass til 280 passasjerar.

## NOVEMBER

Folkedalstunellen i Granvin opna med 2325 meter ny veg og tunnel langs fylkesveg 7 ved det rassutsette Haukenesberget.

Andre del av Knappetunnelen frå Sandeid til Liavatnet opna. Den er 4,2 kilometer lang. I tillegg er det bygt 2,1 kilometer gang, sykkelveggar og turveggar i området langs Liavatnet.

Laksevåg videregående skole feira 70 års jubileum.

## DESEMBER

Fylkestinget sa nei til reklame på bussar og Bybanen i Bergen.

Fylkestinget vedtok å leggje ned Fana gymnas ved skuleslutt sommaren 2016.

Den første kombinerte bybane- og sykkel tunnel i Noreg vart opna på Sandsli.

# HORDALAND

15 437 KM<sup>2</sup>  
areal

35,2 innbyggjarar per km<sup>2</sup>  
landareal. Sjette tettast  
busette fylket i landet.

2910 KM  
fylkesveg

17 732 ELEVAR  
i videregående skule

# ØKONOMI

---

Hordaland fylkeskommunen fekk eit overskot i 2015, trass høgt forbruk. Overskotet blei 68,5 millionar kroner. Investeringane var rekordhøge, i overkant av 4,2 milliardar kroner.

---



# OVERSKOT TRASS HØGT FORBRUK

Driftsrekneskapen for 2015 vart gjort opp med eit overskot på 68,5 mill. kr. Investeringane var rekordhøge, i overkant av 4,2 mrd. kr.

Det som først og fremst slo positivt ut i 2015 var ei kraftig nedjustering av pensjonskostnaden i Statens Pensjonskasse (SPK). I løpet av året har SPK lagt til grunn endra føresetnader for sine utrekningar (m.a. lågare framtidig regulering av pensjonen, ny uføremodell og levealdersjustering). Dette resulterte i at pensjonskostnaden som skal bokførast i 2015, vart 66 mill. kr. lågare enn budsjettert. Inklusive arbeidsgjevaravgift vart innsparinga om lag 75 mill. kr.

Gledeleg var det også at skatteinntektene enda opp litt i overkant av det budsjetterte. Gjennom året var det ei viss frykt for at nedgangstider i økonomien kunne føre til svikt i skatteinntektene.

På den andre sida gjekk drifta av alle tenesteområda med større og mindre overskridingar.

### Netto driftsresultat

Netto driftsresultat er eit av dei mest sentrale nøkkeltala i kommunale rekneskar. Netto driftsresultat viser kva ein har igjen etter at alle driftsutgifter, inklusive renter og avdrag er dekkja.

Tidlegare har det vore vanleg å rekna at kommunesektoren burde ha eit netto driftsresultat på 3 % av driftsinntektene for å ha ein sunn og robust økonomi. I 2014 rådde «Det tekniske beregningsutvalg for kommunal og fylkeskommunal økonomi» til at måltalet for


fylkeskommunane burde aukast til 4 %.

Netto driftsresultat for Hordaland fylkeskommune auka frå 52,3 mill. kr (0,7 %) i 2014 til 171,9 mill. kr (2,1 %) i 2015.


Førebelse tal for landet viser auke i netto driftsresultat frå 2,8 % til 4,3 %. Frå 2014 til 2015 har Hordaland hatt ei utvikling som er heilt parallell med landsgjennomsnittet. Men dei fleste åra som er viste i grafen, har Hordaland lege lågare enn gjennomsnittet.

Gjennomsnittet av fylkeskommunane har i 8 av dei 10 siste åra hatt netto driftsresultat over det tilrådde nivået

NETTO DRIFTSRESULTAT I % AV DRIFTSINNTJEKTENE



BRUTTO DRIFTSUTGIFTER FORDELT PÅ SEKTOR



på 4 % av driftsinntektene. Hordaland har berre 3 av åra vore over dette nivået.

### Driftsutgifter

Driftsutgiftene auka med 3,9 % frå 2014 til 2015, medan inntektene auka med 5,6 %. Løns- og prisveksten for kommunesektoren er rekna å utgjere 2,9 %. Ut frå dette har fylkeskommunen hatt ein realvekst i driftsutgiftene på 1 %.

Samferdsel hadde den klart sterkaste utgiftsveksten med 7,3 %. Det var først og fremst utgiftene til fylkesvegane som auka. Fylkestinget la inn 60 mill. kr ekstra til dekkelegging. I tillegg vart det ei monaleg overskriding av budsjetttramma.

### DRIFTSREKNESKAP


	Reknesk. 2014	Reknesk. 2015	Budsjett 2015
+ Skatt og rammetilskot	5 676,8	6 005,9	5 959,1
+ Andre driftsinntekter	2 197,3	2 309,4	2 024,0
- Sum driftsutgifter (eks. avskr.)	7 351,8	7 639,9	7 417,3
= <b>Brutto driftsresultat</b>	<b>522,3</b>	<b>675,4</b>	<b>565,8</b>
- Netto renteutgifter	167,1	173,5	213,7
- Avdrag	302,9	330,0	330,0
= <b>Netto driftsresultat</b>	<b>52,3</b>	<b>171,9</b>	<b>22,1</b>
- Avsetjing til disp. fond (netto)	-20,6	-86,7	-30,8
- Avsetjing til bundne fond (netto)	14,9	88,1	-49,1
- Driftsmidl. til investeringar	58,0	102,0	102,0
= <b>Rekneskapsm. meir-/mindreforbr.</b>	<b>0,0</b>	<b>68,5</b>	<b>0,0</b>

Tal i mill. kr.

### INVESTERINGAR

	Reknesk. 2014	Reknesk. 2015	Budsjett 2015
Kultur og idrett	0,7	0,7	0,2
Opplæring	605,7	689,2	740,6
Tannhelse	8,7	12,9	16,6
Samferdsel	3 042,8	3 445,3	3 339,5
Politiske organ og adm.	1,9	1,0	3,0
Fellesfunksjonar m.m.	57,1	68,1	59,5
<b>Sum inv. i eigedomar og utstyr</b>	<b>3 716,9</b>	<b>4 217,2</b>	<b>4 159,4</b>

Tal i mill. kr.



Opplæring og samferdsel er dei to store sektorane med 41,4 % og 38,4 % av fylkeskommunen sine driftsutgifter. Samferdsel sin del av driftsutgiftene auka frå 37,2 % i 2014.

#### Budsjettavvik

Skatteinntektene vart 17,3 mill. kr høgare enn budsjettet. Samanlikna med 2014 auka skatteinntektene med 4,8 % for Hordaland, medan gjennomsnittleg skattevekst for fylkeskommunane var 5,5 %. Sidan Hordaland hadde svakare vekst enn landsgjennomsnittet, kom ein noko betre ut enn budsjettet i inntektsutjamninga (eit element i rammetilskotet). Totalt vart skatt og rammetilskot 46,9 mill. kr høgare enn budsjettet.

Den største svikten i høve til budsjettet hadde samferdselssektoren med 43,2 mill. kr. Dette året var det særleg drift og vedlikehald av fylkesvegane som overskreid budsjettrama. Gjennom heile året vart det rapportert om svikt i inntektene for kollektivtrafikken. Men denne svikten vart nesten oppvegen av innsparingar på kostnadssida.

14 skular hadde underskot i rekne-

skapen. Ein annan utgiftspost som hadde stor overskriding var læringstilskot. Samla overskriding for opplæringssektoren vart 33,9 mill. kr.

Netto renteutgifter viste innsparing på 25,8 mill. kr. Lønsavsetjing og premieavvik (pensjonskostnad) viste innsparing på 80,4 mill. kr. Låge kraftprisar førte til svikt i konsesjonskraftinntektene på vel 17 mill. kr.

#### Investeringar

Investeringane nådde eit rekordhøgt nivå på over 4,2 milliardar kr i 2015. 3 445 mill. kr vart brukt til samferdselsføremål og 689 mill. kr innan opplæringssektoren.

Investeringar i vegar utgjorde 1 665 mill. kr og bybaneutbygging 1 632 mill. kr.

Dei største skuleprosjekta var nye Voss vgs. med eit forbruk på 232 mill. kr, tilbygg/rehabilitering ved Årstad vgs. med 157 mill. kr og nye Voss gymnas med 86 mill. kr.

Bompengar (2 119 mill. kr) og lån (1 252 mill. kr) var viktigaste finansieringskjeldene.



#### Lån, renter og avdrag

Som følgje av høge investeringar har fylkeskommunen si lånegjeld auka kraftig gjennom mange år. Ved siste årsskifte hadde gjelda passert 9 mrd. kr. Netto gjeldsgrad utgjorde ved årsskiftet 101,6 % av driftsinntektene. Riksrevisjonen har nytta 75 % som ei grense for når gjelda begynner å bli faretruande høg.

#### Renter og avdrag

Grafen nedanfor viser utviklinga i renter og avdrag. Tala for renteutgifter er etter frådrag av renteinntekter og rentekompensasjon. Fallande rentenivå har dempa veksten i renteutgiftene. Det er avdraga som har auka mest. I snitt har summen av renter og avdrag auka med vel 45 mill. kr årleg siste fireårsperioden. Dette er ei av dei største økonomiske utfordringane som fylkeskommunen står overfor. Ein svært stor del av inntektsveksten går med til å dekke aukande kapitalutgifter. Om rentenivået skulle begynne å stige, kan det bli nødvendig med reduksjonar i driftsutgiftene.

## LÅN





**2,1** PROSENT  
netto driftsresultat,  
mot 0,7% i 2014

## Disposisjonsfond

Riksrevisjonen har gjennomført ei undersøking av kommunane sine låneopptak og gjeldsbelastning. I deira vurdering vert det lagt vekt på tre nøkkeltal: netto gjeldsgrad, netto driftsresultat og disposisjonsfond. Disposisjonsfond er ein økonomisk buffer og gjev uttrykk for den økonomiske handlefridomen.

Hordaland fylkeskommune har ikkje lagt særleg vekt på å byggje opp store disposisjonsfond. Fokus har stort sett vore på at skular og tannhelsedistrikt skal få behalde innsparte midlar og setje desse av til disposisjonsfond.


Det er vanskeleg å setje noko mål for kor store disposisjonsfond det er fornuftig å ha. Riksrevisjonen viser til ein rapport frå Telemarksforskning, der det vert tilrådd at disposisjonsfond bør utgjere 5–10 % av driftsinntektene.

Ved utgangen av 2015 hadde Hordaland fylkeskommune disposisjonsfond på 234 mill. kr, dvs. 2,8 % av driftsinntektene. Året før var disposisjonsfonda 343,4 mill. kr (4,4 %).

## Lån, renter og avdrag

Netto gjeldsgrad er lik netto lånegjeld i prosent av driftsinntektene. Tala frå 2015 er førebelse tal som KS har henta inn. Hordaland fylkeskommune ligg aleine på topp i 2015, som einaste fylkeskommune som har passert 100 %. Gjennomsnittet for fylkeskommunane er knapt 60 %.

## NETTO GJELDSGRAD



Netto gjeldsgrad	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015
Hordaland fylkeskommune	52,1%	58,9%	65,0%	73,5%	81,7%	83,6%	95,9%	101,6%
Sør-Trøndelag fylkeskommune	65,3%	68,9%	61,3%	73,9%	80,0%	89,2%	99,6%	91,4%
Møre og Romsdal fylkeskommune	50,4%	53,0%	56,1%	65,8%	73,2%	74,1%	76,5%	80,0%
Rogaland fylkeskommune	53,4%	58,4%	56,0%	55,6%	58,9%	64,2%	80,6%	90,6%
Landet utan Oslo	40,1%	44,3%	44,3%	46,2%	50,8%	56,6%	62,4%	59,6%

# KOMMUNE - STAT - RAPPORTERING – KOSTRA

KOMMUNE-STAT-RAPPORTERING er eit nasjonalt informasjonssystem som gjev informasjon om kommunal og fylkeskommunal verksemd. Statistisk Sentralbyrå offentliggjorde 15. mars ureviderte tal for 2015. Reviderte tal vil bli lagde ut 15. juni.

I tabellen er vist nokre nøkkeltal, der Hordaland fylkeskommune vert samanlikna med Rogaland fylkeskommune og gjennomsnittet for fylkeskommunane (utanom Oslo).

Hordaland har lånegjeld som er ein god del høgare enn landsgjennomsnittet, og som kvart år har auka meir enn driftsinntektene. Ved utgangen av 2015 utgjorde netto lånegjeld 101,6 % av driftsinntektene. Avdraga har auka for kvart år, medan renteutgiftene har halde seg om lag uendra, som følgje av fallande rentenivå. Vel 6 % av inntektene går med til å dekke renter og avdrag.

Gjennomsnittet for fylkeskommunane er 3,3 %. Nokre av fylkeskommunane har utbytte og renteinntekter som overstig renteutgiftene.

Arbeidskapital er eit mål på likviditeten. Hordaland har hatt god likviditet dei siste åra.

Hordaland fylkeskommune ligg litt over landsgjennomsnittet når ein ser på brutto driftsutgifter og brutto drifts-inntekter per innbyggjar.

Om ein ser på fordelinga av brutto driftsutgifter mellom ulike sektorar, er det samferdsel som skil seg ut. I Hordaland går ein stadig aukande del av utgiftene til samferdsel. 39,2 % av brutto driftsutgifter gjekk i 2015 til samferdsel. Gjennomsnittleg brukte fylkeskommunane 30 % av driftsutgiftene til samferdselsføremål.

	Hordaland				Rogaland	Landet u/Oslo
	2012	2013	2014	2015	2015	2015
<b>Finansielle nøkkeltal i prosent av brutto driftsinntekter</b>						
Netto driftsresultat	3,3	6,6	0,7	2,1	4,9	4,6
Avdragsutgifter netto	3,3	3,5	3,8	4,0	2,9	3,1
Renteutgifter netto	2,0	2,0	2,1	2,1	2,2	0,2
Netto lånegjeld	81,7	83,6	95,9	101,6	90,1	64,1
Arbeidskapital ex. premieavvik	8,5	9,4	11,3	9,5	6,0	12,0
Disposisjonsfond	2,7	2,9	4,4	2,8	6,8	7,8

<b>Finansielle nøkkeltal i kroner pr. innbyggjar</b>						
Brutto driftsutgifter	14 104	14 657	15 343	15 930	12 646	15 408
Brutto driftsinntekter	14 679	15 729	15 399	16 099	13 140	15 866
Frie inntekter	10 454	10 802	11 102	11 628	10 667	12 238
Netto lånegjeld	11 987	13 155	14 762	16 356	11 839	10 163

<b>Fordeling av brutto driftsutgifter (prosent)</b>						
Adm og styring	4,1	3,9	3,1	3,4	4,0	4,2
Vidaregåande opplæring	43,2	42,5	42,0	41,4	52,8	45,9
Tannhelsetenesta	3,8	4,0	4,0	3,9	5,3	4,4
Fys. planl./kult.minne/natur/nærmiljø	2,6	2,1	2,4	1,9	1,8	2,3
Kultur	3,3	3,4	3,9	3,8	4,1	4,4
Samferdsel	37,2	37,4	38,3	39,2	25,9	30,0
Næring	2,8	2,5	2,4	1,6	1,2	3,1



Kultur og idrett	Hordaland				Rogaland	Landet u/Oslo
	2012	2013	2014	2015	2015	2015
Netto dr.utg. til kultursektoren i prosent av samla netto driftsutg.	2,5	2,7	3,2	3,1	2,4	2,7
Netto dr.utg. i alt til kultursektoren per innb. i kroner	256	285	357	354	245	328
Netto dr.utg. bibliotek pr.innbyg. i kroner	15	16	15	16	8	31
Netto dr.utg. museum pr. innbyg. i kroner	87	95	92	94	84	88
Netto dr.utg. kunstformidling og produksjon pr. innbyg. i kroner	67	77	80	85	123	124
Netto dr.utg. idrett pr. innbyg. i kroner	19	33	91	79	8	34
Netto dr.utg. andre kulturaktivitetar pr. innbyg. i kroner	67	65	78	82	22	52
Brutto dr.utg. kultursektoren pr. innbyg. i kroner	458	506	600	609	521	669

Videregående opplæring	Hordaland				Rogaland	Landet u/Oslo
	2012	2013	2014	2015	2015	2015
Brutto investeringsutg. til videregående opplæring, pr. innbyg., kroner	837	872	1 177	1 332	897	771
Netto dr.utg. til videregående opplæring, pr. innbyggjar 16–18 år, kroner	137 222	141 990	150 253	157 030	147 103	163 627
Prosent netto dr.utg. til videreg. opplæring av samla netto dr.utg.	53,1	52,6	51,7	50,7	57,9	53,1
Prosent av personar 16–18-år som er i vidareg. oppæring, bustadfylke	93,8	93,6	93,9	93,8	92,8	92,4
Prosent i vidareg. oppl. som er i opplæring i skule, bustadfylke	82,4	82,0	81,9	81,7	79,7	82,0
Prosent i vidareg. oppl. som er i opplæring i bedrift, bustadfylke	17,3	17,9	17,9	18,0	20,3	17,5
Prosent elevar og lærlingar som er i studieførebuande utdanningsprogram, bustadfylke	47,0	47,3	48,0	48,0	45,2	49,0
Prosent elevar og lærlingar som er i yrkesfaglege utdanningsprogram, bustadfylke	53,0	52,7	52,0	52,0	54,8	51,0
Prosent elevar som går på skule utanfor bustadfylke	3,4	2,8	2,9	2,9	2,8	4,4
Prosent lærlingar som har læreplass utanfor bustadfylke	11,0	10,7	10,3	9,2	3,1	13,0
Elevar pr. skule, fylkeskommunale skular (vgo)	400	398	419	403	675	536
Prosent beståtte fag- og sveineprøvar	88,6	88,2	91,4	90,9	92,7	92,5
Prosent elevar som har slutta i løpet av året – alle årstrinn	5,8	5,8	6,2	5,3	3,8	4,4
Ungdom 16–18 år, bustadfylke	19 825	19 664	19 556	19 196	18 960	177 633
Lærlingar, nye, siste år, bustadfylke	2 089	2 076	2 054	2 012	2 123	17 823
Elevar ved fylkeskommunale vidaregåande skular, skulefylke	18 384	18 298	18 010	17 732	16 887	165 177
Elevar ved private vidaregåande skular, skulefylke	2 442	2 667	2 839	2 921	1 770	11 865
Lærlingar, læreplassfylke	4 176	4 347	4 375	4 377	5 149	35 630

Samferdsel	Hordaland				Rogaland	Landet u/Oslo
	2012	2013	2014	2015	2015	2015
Nto. dr.utg. i kr pr. innb., samferdsel i alt	3 723	3 883	4 180	4 341	3 115	3 951
Prosent nto. dr.utg. for samferdsel i alt av samla nto. dr.utg.	36,2	37,0	37,6	37,7	30,4	33,1
Bto. inv.utg. i kr pr. innb., samferdsel i alt	4 204	5 038	5 950	6 671	1 229	2 146
Nto. dr.utg. i kr pr. innb., fylkesvegar	1 027	1 064	1 179	1 432	1 213	1 643
Bto. dr.utg. i kr pr. km fylkesveg	175 935	184 724	207 020	252 075	228 955	180 446
Nto. dr.utg. i kr pr. innb., bilruter	1 764	1 829	1 881	1 823	1 041	1 459
Nto. dr.utg. i kr pr. innb., fylkesvegferjer	598	606	581	592	362	..
Nto. dr.utg. i kr pr. innb., båtruter	176	192	254	259	322	..
Nto. dr.utg. i kr pr. innb., transport for funksjonshemma	91	98	94	93	176	72
Nto. dr.utg. i kr pr. innb., spørvegar og forstadsbaner	67	93	190	142	1	..

Tannhelsetenesta	Hordaland				Rogaland	Landet u/Oslo
	2012	2013	2014	2015	2015	2015
Netto dr.utg. tannhelse pr. innbyggjar i kroner	391	419	425	428	438	469
Netto dr.utg., tannhelsetenesta, i % av totale netto driftsutg.	3,8	4,0	3,8	3,7	4,4	3,9
Brutto investeringsutg. tannhelse, pr. innb. i kroner	43	56	17	25	0	21
Brutto driftsutg., tannhelse, pr. Innb. i kroner	530	581	610	614	438	619
Prioriterte personar, prosent under off. tilsyn i tannhelsetenesta	87,7	91,4	92,9	94,7	91,5	89,1
Prioriterte personar, prosent undersøkt/behandla	59,6	59,8	60,5	61,7	71,6	63,5
Barn og ungdom 3–18 år, prosent undersøkt/behandla	64,7	65,0	65,1	67,4	76,1	70,9
Ungdom 19–20 år, prosent undersøkt/behandla	44,0	44,0	45,2	40,9	70,0	45,9
Vaksne betalande klientell, prosent undersøkt/behandla	5,7	5,7	5,4	5,4	9,1	6,3
Heile befolkninga, prosent undersøkt/behandla	20,0	20,0	19,8	20,1	26,0	21,3
12-åringar, prosent undersøkt i løpet av året	64,9	63,0	63,8	62,9	82,1	76,3

# REGIONAL UTVIKLING

---

Hordaland fylkeskommune har hatt ei sentral rolle med å legge til rette for omstilling i petroleumsnæringa. Og det gode samarbeidet med kommunar om by- og tettstadsutvikling fortsette.

---



## UTFORDRINGANE I OLJENÆRINGA PREGA 2015

Arbeidsplassane i Hordaland er nært knytt til petroleumsnæringa, og næringa har opplevd store utfordringar dei siste to åra. Fylkeskommunen har hatt ei sentral rolle med å legge til rette for vekstkraft og omstilling.

Kommunal- og moderniseringsdepartementet ga hausten 2015 grønt lys for at fylkeskommunen skulle ta leinga i omstillingsarbeidet i dei seks fylka som er mest råka av nedgangen i petroleumsnæringa. Den statlege potten på 20 millionar kroner skal brukast på omstillingstiltak i nært samarbeid med næringslivet og andre regionale aktørar.

I tillegg blei fem millionar løyvd av fylkestinget til omstilling i Hordaland. Ved utgangen av året var omstillingsarbeidet kome godt i gang, både i Hordaland og i dei andre fylka i nettverket av dei seks fylka i samarbeidet. Dette arbeide vil fortsette i 2016.

### Godt samarbeid om by- og tettstadutvikling

Regionalavdelinga har eit svært godt samarbeid med ei rekkje kommunar i Hordaland om by- og tettstadutvikling. Store tilskot er formidla til stadanalyser, utviklingsstudium og til planlegging av fysiske prosjekt. Fleire kommunar er godt i gang med planlegging av ulike prosjekt. Mellom anna har Kvinnherad kommune starta bygginga av ny sjøfront framfor det planlagde Folgefonnsenteret i Rosendal.

Regionalavdelinga har i si verksemd ein klar ambisjon om å bidra til ønskt samfunnsutvikling og regional utvikling i heile fylket vårt. Kommunane og spesielt regionsentra i fylket har vore eit definert målområde for arbeidet vårt og bruk av verkemidlar i 2015.

### Søke nye partnerskap

For å nå måla våre er det viktig for fylkeskommunen å jobbe gjennom ulike partnerskap, i tett samspel med regionane sitt næringsliv, ulike kunnskapsmiljø og sentrale organisasjonar. Hordaland har gjennom sine leiande nærings- og forskingsmiljø klare fortrinn som vi har eit ansvar for å vidareutvikle. I 2015 har arbeidet med å styrke eksisterande, og å utvikle nye, partnerskap vore prioritert. Partnerskapsarbeidet bidreg til å gje strategisk retning til ønska samfunnsutvikling, og å sikre god samordning og koordinert effekt av offentleg innsats og verkemidlar.

Regionalavdelinga har i 2015 arbeidd med å klarare definere fylkeskommunen si samordningsrolle, og spesielt sett i samband med iverksetting av tiltak i vedtekte regionale planar. Behovet for partnerskapsbasert regional planlegging blir tydeleg når vi ser ei stadig meir fragmentert forvaltning, særleg regionale ledd av sektormyndigheitene. Den regionale

statsforvaltninga består i dag av om lag 35 etatar der alle, med unntak av NAV si fylkesforvaltning, har ei organisering som ikkje følgjer fylkesgrensene. I tillegg er det mange kommunar som tydeleg set ord på at ein del samfunnsproblem og -løysingar overskrid kommunegrensene. Særleg gjeld dette arealforvaltninga.

### Døme på viktige etablerte partnerskap:

- Regionalt næringsforum
- Klimarådet
- Regionalt FoU-forum
- Folkehelsenettverket
- Vassregionutvalet
- Mobiliseringsgruppa for Horisont 2020
- Regionalt planforum

### Vil utnytte regionale fortrinn

Eit viktig økonomisk instrument i samfunnsutvikling og partnerskapsarbeidet er dei regionale utviklingsmidlane. Saman med dei fylkeskommunale midlane har dei i 2015

### TILSKOT FRÅ PARTNARSKAP FOR PLANLEGGING OG TETTSTADSUTVIKLING

Kommune	Prosjekt	Tilsegn, sum
Odda	Samfunnsanalyse regionsenteret Odda – omlandet	49 200
Jondal	Landsbyborg/sjøfront i Jondal – skisseprosjekt	125 000
Radøy	Manger i sentrum – mulighetsstudie	150 000
Os	Deltaking i EUROPAN13 – internasjonal arkitekturkonkurranse	210 000

sett fylkeskommunen i stand til å stimulere økonomisk til nyskaping og næringsutvikling, både med bedriftsretta tiltak gjennom Innovasjon Norge, og direkte tilretteleggande tiltak ut mot partnerar og samarbeidsorganisasjonar.

Verkemidlar for regional FoU og innovasjon og Regionalt forskingsfond Vestlandet bidreg til å stille ressursar til rådvelde for auka bruk av forskning i regionen. Målet er auka verdiskaping og utnytting av regionale fortrinn.

Fylkeskommunale midlar bidreg ofte til at fleire partnerar kjem inn med midlar og deltek i det regionale nyskapsarbeidet og slik sikrar eit forpliktande spleiselag. I ein del samanhengar er det fylkeskommunale bidraget heilt avgjerande for at andre midlar blir stilt til rådvelde. Dette er ei rolle fylkeskommunen skal og

bør spele, og som vi i 2015 har brukt mykje ressursar og tid på, men som det ikkje er like lett å synleggjere.

**Gjev støtte til gründarar og nettverk**  
Næringshagar, inkubatorar, nettverk og møteplassar er tiltak fylkeskommunen er med å støtte økonomisk og på andre måtar. Etableringa av næringshagen i Hardanger er eit døme på korleis utviklingsmidlane finn vegen til lokal næringsutvikling. Saman med Bergen kommune og ei rekkje partnerar har fylkeskommunen vore ein pådrivar for at Bergen skulle få vere med i internasjonalt nettverk for kreative byar og i 2015 fekk Bergen status som UNESCO City of Gastronomy. Fylkeskommunen har bidrege i oppgraderinga av subseaklynga frå nasjonal til global; GCE Subsea og i prosessen fram til etablering av NCE Seafood Innovation Cluster.

Kvart år arrangerer fylkeskommunen saman med regionale aktørar og partnerar, ei rekkje møteplassar. Ein av dei største møteplassane er Kom-An-konferansen som samlar næringsansvarlege og dei som arbeider med entreprenørskap i kommunar og regionar til kunnskapsdeling og nettverk. I 2015 var tema for konferansen «korleis bygger vi gründerkultur i Hordaland?» Innleiarane greip temaet frå ulike synsvinklar alt frå Stortinget til næringslivet og sjølvstøtt gründerarane sjølv.

Fylkeskommunen har lagt ned mykje ressursar i å støtte og gi råd til kommunane i deira planoppgåver etter plan- og bygningslova. Dette skjer på fleire måtar: gjennom regionalt planforum, planfaglege nettverksamlingar, den årlege plankonferansen og i fråsegner til kommunale planar ved oppstart og høyring.

HNH budsjettet	Kommentarer	Løyvd (mill. kr.)
Bedriftsretta verkemiddel	Forvalta av Innovasjon Norge	28,0
Tilrettelegging for næringsutvikling	Midlar ein kan søke om til utviklingsprosjekt og øymerka midlar til samarbeidspartnerar og program	26,7
Regionale etablererfond	Forvalta av Regionråda/BRB	2,0
Omstilling og nyskaping	Midlar ein kan søke om	2,2
<b>Sum løyvingar over HNH-budsjettet</b>		<b>58,9</b>

Andre næringsutviklingsmidlar		
Landbruksmidlar	Forvalta av fylkeskommunen i samarbeid med aktørane i landbruket	1,2
Andre fylkeskommunale midlar til næringsføremål	Oppfinnarprisen, Næringsbarometeret, stipendiatstilling HiB	0,8
Næringsretta partnerskapsmidlar	Tilskot til samarbeidspartnerar	16,0
Unike regionale utviklingsprosjekt *	Midlar for 2015 og 2016	10,5
<b>Sum andre næringsutviklingsmidlar</b>		<b>28,5</b>
VRI Hordaland	Kompetansemekling og dialogkonferansar	1,7
<b>Totalt til nærings- og samfunnsutvikling</b>		<b>89,1</b>

\* I tillegg 4 millionar også i 2015 til Turistvegprosjektet «Fossar i Hardanger».



### Næringsretta utviklingstiltak

Handlingsprogram for næringsutvikling (HNN) er vår viktigaste reiskap for å styre tildelinga av midlar. Vi samarbeider tett med andre regionale aktørar og er alltid opptekne av å vere i dialog med næringsliv og kommunar. I 2015 løyvde fylkeskommunen totalt 89,1 mill. kr til prosjekt og tiltak innanfor nærings- og samfunnsutvikling.

### Kompetanseheving

Saman med eksterne partnarar og andre avdelingar i fylkeskommunen er det sett i gang fleire prosjekt som skal bidra til at viktige næringer i fylket får den kompetansen dei treng for å vekse. Gjennom samarbeid mellom industrien og Høgskulen Stord/Haugesund har ein klart å redusere bachelorstudiet til to år ved at delar av fagskulen blir godkjent som del av ingeniørutdanninga. Når fagskulen inngår som ein del av utdanningsløpet får ein fram fleire «praktiske» ingeniørar. I samband med dette har ein fått på plass eit forkurs i matematikk og fysikk for ingeniørstudentane.

Fylkeskommunen administrerer midlar frå landbruks- og matdepartementet som skal gå til kompetansehevende tiltak for næringsutøvarar i landbruket og styrke rekruttering til naturbruk i den vidaregåande skulen. Viktige satsingar innafor kompetanseheving i landbruket er

agronomutdanning for vaksne på Stend og gartnarutdanning for vaksne på Hjeltnes.

### Lokale inspirasjonskonferansar

Hordaland fylkeskommune arrangerte i 2015 fire inspirasjonskonferansar med fokus på å skape gode lokalsamfunn. Målet var å etablere ein læringsarena der leiinga og nærings- og planansvarlege i kommunane kan kome i dialog om samfunnsplan og samfunnsutvikling. 32 kommunar deltok i løpet av 2014/2015 og tilbakemeldingane på arbeidsforma var gode.

Det vart i 2015 tildelt til saman 10,5 mill. kr til unike regionale utviklingsprosjekt for 2015 og 2016. Støtta gjekk til prosjekt som medverkar til å skape gode, attraktive og konkurransedyktige samfunn, lokalt som regionalt. I tillegg er fire mill. kr. årleg i ti år frå 2012 disponert til turistvegprosjektet «Fossar i Hardanger» i regi av Statens Vegvesen. Åtte prosjekt fekk tilskot mellom anna Hangursbanen på Voss, Folgefonnsenteret i Kvinnherad og Nothengjo i Øygarden.

### Støtte til klimarettat næringsstiltak og etablerarar

For å bidra til å oppnå målsetjingane i klimaplanen for Hordaland vart det løyvd vel 1 mill. kr til tre klimarettat næringsprosjekt i 2015. Desse er

utgreiingar i høve elektrifisering av Osterøyferja, Greenstat sitt prosjekt for etablering av hydrogenstasjon ved Grønt Energipunkt på Danmarks plass i Bergen og klimarettat tiltak på Mongstad.

Gjennom regionråda og Business Region Bergen (BRB) har Hordaland fylkeskommune i 2015 vore med å starte eigne fond med lågterskelprofil for etablerarar. Dette er verkemiddel for etablerarar i tidleg fase, som har færre moglegheiter for økonomisk støtte gjennom dei etablerte ordningane. Samarbeidet og dialogen mellom fylkeskommunen og regionråda/BRB er strukturert og går føre seg jamleg gjennom året.

### Stor interesse for forskningsmidlar

Interessa for Regionalt forskningsfond Vestlandet har halde seg på det same høge nivået dei siste åra. I 2015 hadde fondet 121 søknadar innan prioriterte forskingstema som berekraftig matproduksjon, energi, offentlege utviklingsoppgåver og reiseliv. Også i år var interessa for ordninga størst i Hordaland, med 57 søknadar. 2015 tildelte fondet samla 59 millionar kroner. Midlane kjem frå Kunnskapsdepartementet.

Regionalt forskningsfond Vestlandet er eit verktøy for fylkeskommunane Hordaland, Rogaland og Sogn og Fjordane for å knyte forskning til viktige



**121** SØKNADAR  
om midlar til forskning

**89,1** MNOK tildelt prosjekt  
innanfor nærings- og  
samfunnsutvikling

innovasjonsprosessar som kan styrke næringsliv, offentlig sektor og forskingsmiljø i landsdelen. Sidan starten i 2010 har Regionalt forskingsfond Vestlandet tildelt 200 millionar kroner til forskning, hovudsakleg med bedrifter eller kommunale organisasjonar som prosjekteigar. Hordaland fylkeskommune er vertsfylke og formelt ansvarleg for ordninga ovanfor departementet.

I desember 2015 oppnemnde fylkestinga i Hordaland, Rogaland og Sogn og Fjordane nytt styre for fondet og vedtok ny bestilling med føringar for fondet sitt arbeid i perioden 2016–2019. Bestillinga gir hovudretninga for prioriteringane til styret for fondet i perioden, og skal danne grunnlag for fondet sine årlege handlingsplanar. Føringane er meir overordna og mindre tema- og sektorspesifikke enn i førre periode. Bestillinga slår fast at fondet skal vere ein sentral drivar for innovasjon ved å mobilisere til og finansiere forskingsprosjekt av god kvalitet innanfor regionalt prioriterte innsatsområde:

- Verdiskaping i næringsliv og offentlig sektor
- Evne til innovasjon og omstilling – no og i framtida
- Gode klima- og miljøløysingar

#### Regional forskingsstrategi Hordaland

Hovudmålet i forskingsstrategien er å

## Analysar gjev grunnlag for handling

Fylkeskommunen sine egne analysar er eit viktig kunnskapsgrunnlag. I 2015 blei det mellom anna sett på korleis olje- og gassklynga i Hordaland påverkar den lokale økonomien.

Analyser viser at olje- og gassklynga i 2012 stod for ein tredel av produksjonen av varer og tenester i fylket og kvar femte tilsette i fylket. I 2015 utarbeidde seksjon for forskning, internasjonalisering og analyse også ein ringverknadsanalyse for den marine næringsklynga, som viser at den direkte produksjonen i den marine klynga i Hordaland er på 16 milliardar kroner, medan sju milliardar er ringverknader av klynga. Til saman utgjer dette 5,5 prosent av den totale produksjonen i fylket.

Publikasjonen «Hordaland i tal» blei gitt ut to gongar i 2015. Hordaland fylkeskommune si befolknings- og bustadprognose blei utgitt for tredje gong i 2015. Hordaland er eit eksportfylke og statistikken viser eit klart samsvar mellom ordretilgangindeksen og nettoinnflyttinga til Hordaland, men med eit tidsetterlep på 1,5 år. Ordretilgangindeksen blei difor lagt inn som ein føresetnad i flytteprognosane som ligg til grunn for befolkningsprognosen for 2015–2035. Folketalet blei berekna til å auke med 165 000 fram mot 2035.

Hordaland fylkeskommune sin eigenutvikla risikoindeks for folkehelse blei oppdatert i 2015, og inneheld no også data om regionane i fylket og bydelane i Bergen, i tillegg til data på kommunenivå. Indeksen er basert på data om samvariasjon mellom uføregrad som eit mål på folkehelse og utdanningsnivå, gjennomsnittsalder, del eineførsørgjarar, del låginntektshushald, folkevekst og arbeidsplassdekning. Vi har funne at utdanningsnivået i kommunane tel 26 % i indeksen, mens snittalder, del eineførsørgjarar og del låginntektshushald òg betyr mykje (alle rundt 20 %). Arbeidsplassdekning og folkevekst tel minst (7–9 %).

Som eit ledd i arbeidet med ny Regional areal- og transportplan er det gjort fleire analysar av arealutviklinga i Bergensområdet. Ein analyse av utbyggingsmønsteret på 2000-talet i eit arealperspektiv gjer ein peikepinn på om bustadbygginga i regionsenterkommunane i Bergensregionen har ført til ei spreiding eller fortetting av bustadmassen. I tillegg er det gjennomført ein nærleiksanalyse for å vurdere om bustadene er bygd nært eit regionsenter. Det er òg gjort ein analyse som viser eit teoretisk fortettingspotensial for senter i bergensområdet.



stimulere til auka forskingsinnsats og meir innovasjon i privat og offentleg sektor. Den peikar på sentrale oppgåver og ansvarsområde for lokale og regionale styresmakter knytte til forskning og utvikling i Hordaland. Samstundes er strategien styringsdokument for Hordaland fylkeskommune sine eigne ansvarsområde innan forskingsfeltet. Forskingsstrategien legg vekt på forskinga si sentrale rolle i regional utvikling. Fylket står overfor store

endringar og utfordringar knytt til blant anna befolkningsutvikling, næringsutvikling, offentleg sektor og klima. Forskingsbasert kunnskap blir stadig viktigare for å møte utfordringane innan desse samfunnsområda. Samanlikna med andre fylke er forskingsaktiviteten innanfor universitets- og høgskulesektoren i Hordaland høg. I næringsliv og offentleg sektor er derimot forskingsaktivitet svakare enn venta, samanlikna med andre fylke.

Det har vore jobba med dei to strategiske hovudgrepa i strategien, som er å legge til rette for betre samarbeid mellom regionale aktørar og forskingsmiljø i fylket, og å stimulere til auka bruk av ordningar for finansiering av forskning.

For å styrke arbeidet med gjennomføringa av Regional forskingsstrategi Hordaland (2015–19), blei Regionalt FoU-forum etablert hausten 2015. Her deltek forskingsmiljø, næringsliv,



20

MNOK

omstillingsmidlar skal brukast til tiltak etter utfordringane i oljenæringa



verkemiddelapparatet og andre aktører i offentlig sektor i Hordaland.

*Forumet hadde tre møte i 2015, og arbeidet særleg med desse tema:*

- Innspel til ny bestilling til Regionalt forskingsfond
- Korleis mobilisere til bruk av EU sitt program Horisont 2020
- Innovasjon i offentlig sektor med vekt på kommunane sin bruk av forskning
- VRI-programmet og arbeidet med

mobilisering av forskning i bedrift og næringsklyngene som katalysator for forskning i bedrifter.

#### **Vil ha fleire søkjarar til europeiske midlar**

EU-programmet Horisont 2020, er verdas største forskings- og innovasjonsprogram. Det er eit nasjonalt mål å hente ut midlar frå dette programmet. Hordaland fylkeskommune har følgd dette opp i regionale strategiar.

Innovasjon Norge, Universitetet i Bergen, Forskningsrådet sin regionansvarlege i Hordaland og Hordaland fylkeskommune etablerte hausten 2015 ei regional mobiliserings- og koordineringsgruppe for Horisont 2020. Arbeidet blei leia av Hordaland fylkeskommune. Målet er å få fram fleire søknadar frå Hordaland med utgangspunkt i utfordringar i privat og offentlig sektor i regionen. Mobiliseringsaktivitetane skal vere eit tillegg til eksisterande aktivitetar i kvar av organisasjonane.

**10,5** MNOK  
tildelt unike utviklingsprosjekt  
i 2015 og 2016

**1** MNOK  
til klimarettat næringsstiltak

**18** LØYVE  
til jakt på kystsel blei gjevne  
i 2015, men ingen sel blei felt

**6486** HJORTAR  
blei felte i Hordaland i 2015

Hordaland fylkeskommune er også representert i eit nettverkssamarbeid med Rogaland, Horisont Vest, som blei etablert i 2015 og som er finansiert av Forskningsrådet. I nettverks-samarbeidet er ein særleg opptekne av mobilisering av bedrifter innan sterke næringsklynger i dei to fylka.

#### **Samarbeid mellom bedrifter og forskning**

Verkemiddel for Regional FoU og innovasjon (VRI Hordaland) er dei regionale utvikingsaktørane sitt felles verktøy for å styrke samarbeidet mellom bedrifter og forskingsmiljø. Dei viktigaste verktøya i VRI er kompetansemekling og dialogkonferansar. Over 100 bedrifter har vore involvert i ulike VRI-aktivitetar. Det er gjennomført seks dialogkonferansar mellom anna innafor tema som laks i lukka anlegg og e-helse. VRI har medverka i etableringa av NCE Seafood Innovation Cluster og GCE Subsea og bidrege i ti søknadar til forskingsretta verkemiddel. Det er òg sett i gang seks mindre forprosjekt der bedrift og forskingsmiljø samarbeider.

#### **Berekraftig naturforvaltning Energi:**

Hordaland fylkeskommune ved

fylkesutvalet gir fråsegner til energiutbyggingssaker som NVE sender på høyring. Grunnlag for fråsegnene er retningslinjene i Klimaplan for Hordaland og Fylkesdelplan for små vasskraftverk. Hordaland er eit stort energifylke og dei seinare åra har det komme mange søknader om småkraftverk på høyring.

Totalt var 21 småkraftsaker og fire nett- og linjesaker til politisk handsaming i 2015. Kraftsakene fordelte seg med tre i Kvinnherad og Etne, to i Ulvik, to i Kvam, seks i Masfjorden, ei i Lindås og sju i Vaksdal-Voss.

#### **Vassforvaltning:**

Hordaland fylkeskommune er vassregionstyresmakt i vassregion Hordaland og arbeidet skjer i medhald av EU sitt vassdirektiv og Vassforskrifta. I desember 2015 blei Forvaltningsplan for vatn 2016–2021 med tiltaksprogram vedtatt i Fylkestinget, etter to gongar på høyring. Det var særleg moglege konsekvensar av forvaltningsrevisjon av eldre kraftverk som vekte reaksjonar hjå kraftprodusentar, og planen blei noko endra på dette punktet. Planen er sendt til sentral godkjenning. Den er den første i sitt slag, og arbeidet skal gå føre seg

kontinuerleg. Alle vassførekomstar i vassregion Hordaland er omfatta av planen, frå høg fjellet til grunnlinja.

#### **Akvakultur:**

Hordaland er eit stort akvakulturfylke og gode lokalitetar er viktig. I medhald av tildelingsforskriftene i akvakulturlova handsamar fylkeskommunen søknadar om tildeling av, og endring i eksisterande løyve til akvakultur og all klarering av lokalitetar.

Sakshandsaminga omfattar kvalitets-sikring og høyring av søknadar. I alt 60 søknadar blei slutthandsama i 2015, 50 av desse gjaldt oppdrett av laks og aure i sjøvatn. I tillegg låg 23 søknadar til handsaming ved utgangen av året. Dei fleste søknadene gjeld endringar på eksisterande godkjente lokalitetar. Akvakulturforvaltninga har lågt konfliktnivå og godt samarbeid.

Hordaland fylkeskommune er fylkeskommunal representant i prosjektet SettSjøbein.

I 2015 kunne oppdrettarane søkje Hordaland fylkeskommune om fem prosent auke i produksjonen mot strengare miljøkrav. Kravet er at talet på lakselus må reduserast frå 0,5 til



Foto: Birte Markeseth Aasen

0,2 vaksne holus per fisk. Samstundes kan det ikkje gjennomførast meir enn to medikamentelle behandlingar mot lus. I Hordaland har 152 av 155 kommersielle akvakulturløyve søkt om fem prosent kapasitetsauke. Oppdrettarane har frist til 01.12.2016 med å betale og nytte seg av moglegheita til å auke produksjonen.

#### **Vilt, innlandsfisk og skjelsand:**

Fylkeskommunen har hovudansvar regionalt for forvaltninga av haustbare, ikkje truga artar av vilt- og innlandsfisk, i hovudsak tilrettelegging og koordinering. Det blir jobba mest med å betre forvaltninga av hjortebestanden. Prosjektet Hordahjort blei følgd opp med prosjektet Forvaltning av hjortebestand (2014–2017) der etablering av større og meir naturgitte bestandsplanområde er eit av måla. Fylkeskommunen gir løyve til utsetting av innlandsfisk og jakt på kystsel. Fylkeskommunen er i medhald av kontinentalsokkellova konsesjonsmynde for opptak av skjelsand. Det var åtte skjelsandkonsesjonar i fylket ved utgangen av året, og årleg opptak er på om lag 30 000 m<sup>3</sup>.

## Smelteverkstomta i Odda – ein ny bydel i emning

Etter at Odda smelteverk blei nedlagt i 2003 har det vore gjennomført eit omfattande analyse- og planarbeid for smelteverkstomta som ligg midt i Odda sentrum. I 2015 blei det meldt oppstart av områdereguleringsplan for området, og eit planforslag vil kome på høyring i 2016. Planarbeidet har som mål å finne gode utviklingsretningar som kan gi Odda sentrum ein ny giv.

Målet er at smelteverksområdet blir eit levande sentrumsområde med vekstmoglegheiter for turisme og næringsliv. På grunn av dei sterke verneinteressene som knyter seg til området har det under veps i prosessen vore tett kontakt med Hordaland fylkeskommune.

Det har alt skjedd mykje positiv utvikling på smelteverkstomta, og delar av området framstår i dag som ein viktig del av Odda sentrum og kulturtilboda der. Mange bygg er alt tekne i bruk, pussa opp og oppgraderte.

Industristaden Odda fekk også merksemd på årets plankonferanse, der journalist og forfattar Eva Røyrane hadde ein flott presentasjon av industristadene i Hordaland som arkitektoniske perler i planhistoria.

Odda er – ved sida av Norheimsund – regionsenter i Hardanger. Regionsentra skal tilby innhald og funksjonar som ein ikkje kan forvente å finne i alle kommunar. Areala på smelteverkstomta blir viktige brikker i å utvikle Odda som eit aktivt og attraktivt regionsenter, og dette har høg prioritet i kommunen.

## REGIONALE PLANAR I 2015

Regionalavdelinga har eit overordna ansvar for regional planlegging i fylkeskommunen. Dei fleste planane i regional planstrategi 2012–2016 er no vedteke og blir følgt opp med handlingsprogram og gjennomføring av tiltak i programmet. Gjennom plannettverk aukar kompetansen i kommunane.

I 2015 var det fem samlingar for kommunale planleggjarar og tilsette i regionale organ. Tema var utbyggingssavtalar, samferdsel – veg og arealplan, handel og Hordaland – oppfølging av regionalt regelverk, og statistikkjelder og analysar til kommunal planstrategi. I tillegg var det ein introduksjonsdag for nye planleggjarar i kommunane. Plannettverket er eit etablert tilbod som har fått stor oppslutnad og som bidreg til høgare plankompetanse i kommunane.

### Regionale planar vedteke i fylkestinget i 2015:

Regional plan for vassregion Hordaland 2016–2021 med tiltaksprogram og handlingsprogram. Vassregionplanen er sendt Klima- og miljødepartementet til godkjenning. Formålet med planen er reinare vatn og betre økologi i vassdrag, innsjøar og kystvatn i vassregion Hordaland. I tiltaksprogrammet er det vedtatt 1026 tiltak for kyst, innsjø, elv og grunnvatn i dei fem vassområda Vest, Nordhordland, Sunnhordland, Voss–Østerfjorden og Hardanger.


### Regionale planar under arbeid i 2015:

Regional areal- og transportplan for bergensområdet og Regional kystsonesplan for Sunnhordland og ytre Hardanger var på høyring i 2015. Dette er store og arbeidskrevjande planar som no er komne til sluttfasen og vil bli lagt fram for vedtak i fylkestinget første halvår 2016. Regional plan for kompetanse og

arbeidskraft var starta opp i 2014 og planprogrammet vart vedteke i 2015. Regional transportplan hadde planprogram på høyring i 2015.

Utviklingsplan for indre Hordaland var inne i regional planstrategi for 2012–2016. I 2015 vart det utarbeidd eit utfordringsnotat. Oppfølging vil bli vurdert i samband med arbeidet med ny regional planstrategi.

Haugalandsplanen er eit samarbeid mellom Rogaland fylkeskommune og Hordaland fylkeskommune. Det gjenstår enno nokre avklaringar før endeleg vedtak i planen.



### Handlingsprogram og tiltak:

I revidert plan- og bygningslov er det krav om at det skal utarbeidast eit handlingsprogram for gjennomføring av ein regional plan. Klimaplanen som var vedteke i 2014 fekk i 2015 nytt handlingsprogram for 2016, og det blei også vedteke handlingsprogram for regional plan for Nordfjella. Som oppfølging av handlingsprogrammet for Regional plan for

attraktive senter – senterstruktur, tenester og handel som var vedtatt i 2014 er det i 2015 arrangert desse møta mellom Hordaland fylkeskommune og regionsenterkommunane:

- Kvam kommune, idédugnad om vidaregåande skule og idrettsanlegg
- Kvinnherad kommune, om regionsentret Husnes
- Bergen kommune, om mogleg samarbeid om 8-13-skule i Arna
- Askøy kommune, om plansmie for sentrumsutvikling og vidaregåande skule m.m.

### Regionalt planforum – viktig arena for dialog

I regionalt planforum kan kommunane drøfte planarbeid med fylkeskommunen og statlege regionale etatar, noko som gjer dette forumet til ein viktig dialogarena. Det var 11 møte i regionalt planforum i 2015, medrekna årssamlinga for regionale organ. 16 planar var til drøfting. 11 kommunar møtte i planforum, nokre fleire gonger. I tillegg møtte Statens vegvesen i planforum med drøfting av planprogram for statleg plan E39 Stord–Os. Totalt har det vore færre planar til drøfting i 2015 enn i føregåande år, noko som har samanheng med at mange kommunar er i sluttfasen med større planar ved utgangen av ein valperiode og dermed har gjort unna drøftingar tidlegare. I 2014 var det til samanlikning 25 planar.

### Plankonferansen 2015

Framtidsretta planlegging med til-



# 460 PLANSAKER

på høyring i 2015

bakeblikk på planlovhistoria var hovudtema for plankonferansen i oktober 2015. Det høge deltakartallet vitnar om at plankonferansen er etablert som ein viktig møteplass for planfolk i kommunane, regionale instansar og plankonsulentar.

I programmet var det gitt plass både til fortid, notid og framtid innan planleggingsfaget. Oppdateringa om kva som er nytt på planfeltet handla i år om ulike prosjekt knytte til den nasjonale satsinga på meir effektiv planlegging, og om den pågåande evalueringa av planlova 2008. I år var det planstrategi, medverknad og digital planlegging som var tema for fagsesjonane.

## Kommunal planlegging

I 2015 var det gjeve høyringsfråsegner til 214 reguleringsforslag og 14 kommune(del)planforslag. Fråsegnene skal sjå til at regionale interesser, mål og forvaltningsansvar vert ivaretekne i kommunale plansaker. Utval for

kultur, idrett og regional utvikling handsamar alle kommuneplanar og kommunedelplanar med arealdel, i tillegg til reguleringsplanar der det er tilrådd motsegn. Totalt sett kom det 460 plansaker på høyring i 2015, medrekna oppstart og høyring.

I april arrangerte planseksjonen ein stor regional to-dagars tettstadskonferanse i Norheimsund: «Den attraktive staden; gode byrom, gaterom og prosessane bak». Det var stor deltaking frå dei fleste kommunane i fylket.

I oktober var planseksjonen medarrangør for landskonferansen «Stadutvikling og Attraktivitet», saman med «Forum for stedsutvikling». Konferansen som gjekk av stabelen i Norheimsund hadde deltakarar frå dei fleste fylke i landet. Sentrale tema var korleis realisere gode prosjekt, og fylkeskommunane si rolle i by- og tettstadsutvikling. Bak forumet står sju ulike departement og direktorat.

## KOMMUNALE PLANFORSLAG PÅ HØYRING\* SISTE FEM ÅR

Plantype	2011	2012	2013	2014	2015
Kommune(del)plan	14	15	5	10	14
Reguleringsplan	247	187	268	243	214

\* Forslag til 2. gongs høyring ikkje medrekna

## Ny regional planstrategi

Berekraftig utvikling står heilt sentralt når arbeidet med ny regional planstrategi startar opp. Arbeidet med den viktigaste reiskapen i regional planlegging for fylkestingsperioden 2015–2015 starta tidleg i fjor.

Regional planstrategi er ein lovpålagt strategi i og skal fremje heilskapleg regional utvikling og gjere planlegging forpliktande og målretta. Strategien skal utarbeidast for kvar fylkestingsperiode og vedtakast av fylkestinget seinast eitt år etter konstituering.

Førebuingar til regional planstrategi for Hordaland 2016–2020 tok til tidleg i 2015. Strategiarbeidet blir organisert med fylkesutvalet som styringsgruppe og samrådsgruppe samansett av fylkesordførar, opposisjonsleiar og utvalsleiarane, Fylkesmannen i Hordaland, Bergen kommune, byrådsleiar samt representant for kvart av regionråda i Hardanger, Sunnhordland, Nordhordland og Region Vest.

Regional planstrategi skal byggje på ein omtale av viktige regionale utviklingstrekk og utfordringar for fylket og vurdere langsiktige utviklingsmogelegheiter. Fylkesrådmannen inviterte eksterne fagpersonar til eit samrådsmøte i september 2015. Møtet peika på kva hovudutfordringar fylket står framfor. Det er utarbeidd eit samla oversiktsdokument for folkehelse og gjennomført ein analyse av sterke og svake sider ved fylket.

Fylkesrådmannen vil ta utgangspunkt i dei utfordringane som er peika ut, og den vidare prosessen vil avklare meir detaljert innhald i utfordringsdelen av planstrategien.

## Hordaland har ei av verdas største sjømatklynger

Sjømatklynga i Hordaland fekk i 2015 status som Norwegian Senter of Ekspertise (NCE). Dette er ei av dei største sjømatklyngene i verda.

Fylkeskommunen har i samarbeid med Business Region Bergen i fleire år støtta opp om Fiskeriforum Vest for å styrke og synleggjere Hordaland og Bergen som internasjonalt senter for norsk sjømat. I 2015 førte arbeidet

fram. NCE Seafood Innovation Cluster vert leia frå Bergen.

Dei leiande produsentane av atlantisk laks og fleire FoU-miljø m.a. UIB, Havforskningsinstituttet, HIB og NHH er deltakarar i klynga. Dei arbeider særleg med berekraft, innovasjon og kunnskap. NCE Seafood har mellom anna vore pådrivar for å få North Seafood Forum til Bergen, tatt initiativ

til eit nytt sivilingeniørstudium innan havbruk og arrangerte «Sustainable Growth Summit» i oktober 2015.

Ocean Talent Camp blei gjennomført for første gong i Bergen på Amalie Skram vidaregåande skole. Klyngene The Seafood Innovation Cluster, Maritime Forum, Marint Vekstforum, NCE Subsea and NCE CleanTech samarbeida om dette arrangementet.

## NØKKELTAL

Regionalt utviklingsarbeid gjekk i 2015 etter planen, med berre mindre netto avvik i høve til budsjett. Avviket på nærings- og lokalsamfunnsutvikling er knytt til eit meirforbruk på to EU-prosjekt. Prosjekta har gått over fleire år med HFK som leiande partner, og avslutninga av det siste (Craft International) avdekte eit meirforbruk. Mindre avvik på andre ansvarsområde er i hovudsak knytt til mindre forbruk i lønsutgifter.

Brutto driftsutgifter til regional utvikling var om lag sju prosent lågare i 2015 enn året før. Dette utgjør om lag 20 millionar kroner. Dette er i hovudsak knytt til bruttoutgifter til forskning og nærings- og lokalsamfunnsutvikling. Dette speglar til dels ein reduksjon i statlege overføringer frå 2014 til 2015 til næringsutvikling, men er også knytt til variasjon i utbetalingar til prosjekt som går over fleire år.

Ei overføring frå Kunnskapsdepartementet til eit større prosjekt i samband med utarbeiding av kunnskapsgrunnlag til regional kompetanseplan er hovudforklaringa til at brutto utgifter til regionalavdelinga drift har auka frå 2014 til 2015. Auken som har skjedd på dette ansvarsområdet

over tid er knytt til at stillingar som tidlegare låg til andre seksjonar har vore lagt til ein stab under fylkesdirektøren i ei periode der ein har sett på organiseringa. I budsjett 2016 vil ein sjå ein tilsvarende reduksjon i lønsutgifter her.

	2012	2013	2014	2015	Netto avvik 2015
Regionalavdelinga drift	9,5	11,1	13,6	17,7	0,0
Næring og lokalsamfunnsutvikling	187,9	149,9	172,9	160,5	-1,5
Regional planlegging	11,7	15,2	18,2	15,8	0,4
Klima og naturressursforvaltning	16,4	17,3	23,6	19,8	0,2
Forskning	35,8	35,0	52,8	40,7	0,0
Folkehelsearbeid	5,5	6,6	5,5	6,8	0,0
Internasjonalt samarbeid	7,3	6,0	6,8	7,1	0,4
Regionale utviklingsprosjekt	9,0	10,4	4,6	9,3	0,0
<b>Sum</b>	<b>283,1</b>	<b>251,5</b>	<b>298,1</b>	<b>277,6</b>	<b>-0,5</b>

Tal i millionar kroner. Løpande priser. Bruk og avsetjing til fond er inkludert i tala ovanfor. Utgifter dekte inn gjennom bidrag frå eksterne samarbeidspartnarar er også inkludert.

# KLIMA

---

Hordaland fylkeskommune jobbar systematisk for å nå målet om å bli eit lågutsleppsamfunn. I 2015 kom mellom anna verdas største hurtigladestasjon.

---



## PÅ VEG MOT LÅGUTSLEPPSSAMFUNNET

Hordaland har som overordna mål å bli eit lågutsleppssamfunn, og i 2015 fekk fylket mellom anna verdas største hurtigladestasjon, landstrøm for skipsfart og miljørestriksjonar for fossile bilar.

I 2015 gjennomførte fylkeskommunen 28 ulike tiltak for å redusere utsleppa. Mellom tiltaka er innkjøp av 18 el-bilar som erstattar fossilbilar i eiga verksemd, miljøresertifisering av dei fleste vidaregåande skulane, og arrangementet «Miljøpedagogisk dag» for miljøinteresserte og kantinepersonale ved dei vidaregåande skulane, med fokus på økologisk mat.

Klimaplan for 2014–2030 har mål og strategiar for klimavenleg energi-produksjon, bygningar, arealbruk og transport, næring og teknologi og tilpassing til klimaendringar. Planen dannar grunnlag for andre regionale planar i Hordaland og gjev retningslinjer for klimatiltak i kommunane. Systematisk miljøstyring er innført i heile fylkeskommunen og 2015 var første året med eige handlingsprogram.

### Verdas størst hurtigladestasjon

Arbeidet med å få eit knutepunkt for bildeling, samkøying, elbillading og kollektivtransport på Danmarks plass, det såkalla Mobilpunkt Danmarks plass, har starta. Verdas største hurtigladestasjon for elbilar opna på Danmarks plass i januar 2015. Ved utgangen av året hadde den like mange ladingar per døgn som ein middels stor bensinstasjon, og den dekkjer behovet til eit kraftig veksande tal elbilar. Hordaland hadde landets største prosentvise vekst i elbilar. Sju andre hurtigladestasjonar blei opna i fylket. Fylkeskommunen si delfinansiering utløyser opptil det doble beløpet frå kommunar og næringsliv.

### Landstrøm på Bergen hamn

Det første landstrømanlegg for sup-plybåtar opna på Skolten juni 2015, delfinansiert med 1,5 millionar kroner frå fylkeskommunen over klimaplanen i 2014. Elektrifisering av Bergen hamn er eit viktig tiltak for å redusere CO<sub>2</sub>-utslepp og betre luftkvaliteten i byen. Klimarekneskap for Hordaland syner at sjøtransport og ferjer er ei stor kjelde til klimagassutslepp.



*«Verdas største hurtig-ladestasjon for elbilar opna på Danmarks plass i januar 2015.»*

### Møteplassar for deling av klimakompetanse

Klimarådet er ein møteplass der politikarar i Hordaland kan utveksle idear og erfaringar med klimaarbeidet. Rådet hadde to møte i 2015, og tok opp klimagassrekneskap i landbruket og bruk av overskotsmassar. Rådet fekk orienteringar om mellom anna CO<sub>2</sub> Bio og bruk av CO<sub>2</sub>-gass til dyrking av algar på Mongstad, arbeidet med infrastruktur for elbilar og klimaplanen sitt handlingsprogram. Anbod og finansiering av meir klimavenlege ferjer stod høgt på dagsorden i 2015, og Klimarådet sendte brev til kommu-

nal- og moderniseringsminister Jan Tore Sanner og Hordalandsbenken om saka. I klimarådet deltek den politiske leiinga i Hordaland fylkeskommune og alle 33 kommunane i fylket.

Klimapartnerar Hordaland, eit samarbeid mellom offentlege og private verksemdar om å redusere klimagassutsleppa, hadde ved utgangen av 2015, 18 private og offentlege partnerar. Det er halde 11 kunnskapsmøte og arbeidsverkstader om klimakommunikasjon, grønne innkjøp, grøn forretningsutvikling, energi-effektive bygg og klimarekneskap. Styringsgruppa hadde fire møte, toppleiarane eitt. Prosjektet er finansiert av medlemskontingent og 3-årig medfinansiering av HNH-midlar. Norsk Klimastiftelse er prosjektlei- ar. Dei månadlege frukostmøta i Bergen Rådhus som Hordaland fylkeskom- mune har i samarbeid med Bergen kommune, Høgskolen i Bergen, Husbanken, Bergen Arkitektskole og Fylkesmannen er ei kompetansearena for dialog, inspirasjon og erfaringsut- bytte om energi-, klima- og miljøut- fordringar.

Tiltaket ungdom og klimaplan er del av EU-prosjektet Aktiv ungdom. Seks ungdomar frå ungdomens fylkesutval, Natur og ungdom og Changemaker deltok på ein arbeidsverkstad i Irland der dei lærte om globale klimaforhan- dlingar og vedtakssystem.

Tiltaket Energileiing og energisparing tilbyr kompetanseheving til bygnings- og driftsansvarlege i fire nordhord-





Foto: Helge Sunde

landskommunar. Gjennom erfaringsutveksling får dei praktisk kunnskap om korleis redusere energibruk og konvertere til fornybare energikjelder.

Landbruket si rolle i klimasamanheng var tema på eit seminar for fylkesutvalet. Sjølv om landbruket i Hordaland ikkje er så stort i volum, kan det gjere ein skilnad med meir kunnskapsbasert forvaltning av naturressursane,

#### **Grøn mobilitet**

Det er foreslått fleire tiltak for å få maksimal effekt av Sykkel-VM 2017. Fylkeskommunen har støtta sykkel-tellepunkt på Askøy og i Fjell. Data går direkte til Statens Vegvesen og gir grunnlag for betre tilrettelegging. Naturvernforbundet har fått støtte til promoteringsprosjektet «Prøvekjøre elsykel».

Interreg-prosjektet Care North blei avslutta i 2015 og sette samkøyring og grøn mobilitet på dagsorden.

#### **Globale modellar i lokalsamfunnet**

Posjektet Hordaklim starta i 2015. Globale klimamodellar blir nedskalert til utvalde lokalsamfunn slik at dei kan førebu seg betre på klimaendringane. I enkelte område er det sett ut nedbørsmålarar som gir meir detaljerte data. Osterøy, Bergen, Kvam, Voss og Kvinnherad er pilotkommunar. På ein arbeidsverkstad i Øystese i november tok ein opp korleis den nye kunnskapen kan overførast til kommunane.

Uni Research Klima er prosjektleiar, med Tryg forsikring, Fylkesmannen i Hordaland, Nasjonalt senter for klimaforskning, dei fem kommunane

og Hordaland fylkeskommune som samarbeidspartnarar. Hordaklim er finansiert med tilskot frå Regionalt forskingsfond, med støtte også frå klimaplanen, Tryg Almennyttige Stiftelse, Statens Vegvesen, Miljødirektoratet, Fylkesmannen, i tillegg til eigeninnsats frå Uni Research.

#### **Miljøprisen 2014**

Fylkeskommunen sin miljøpris for 2014 gjekk til Maritime Clean Tech West. I juryen si grunngeving heiter det: «For eit ferjefylke som Hordaland er det som denne næringsklyngja driv med veldig spanande. Dei har vore med på å drive fram verdas første batteridrevne ferje, og har også lansert hybridløysingar for skip. Maritime Clean Tech West bidrar stort til å avgrense framtidig klimagass-utslepp.»

## Miljørekneskap 2015


Miljørekneskap 2015 syner at Hordaland fylkeskommune innan eiga verksemd særleg bør arbeide meir med reiseverksemd og kjeldesortering. Fylkeskommunen har spart om lag 300 000 kroner på færre flyreiser og mindre innkjøp av papir, medan auken i utbetalt kilometergodtgjering har kosta 700 000 kroner.

### Endringar frå 2014 til 2015 er:

- 1,3 % reduksjon CO<sub>2</sub> utsleppa frå fossil oppvarming og transport (ned 40 tonn).
- 5 % reduksjon i klimagassutslepp frå bruk av fossil energi i oppvarming.
- 12 % reduksjon i klimagassutslepp frå bruk av fossil energi i oppvarming om ein korrigerer for låg temperatur i 2015.
- 4 % nedgang i temperaturkorrigert energiforbruk per kvadratmeter oppvarma areal.
- 9 % av bilparken i fylkeskommunen er elbilar.
- 2 % reduksjon i kilometer flyreiser.
- 4 % nedgang i papirforbruk, og del miljømerka papir har auka til 74 %. Det er dei vidaregåande skulane som har størst reduksjon i papirforbruket.
- 10% auke i kilometer køyrd per tilsett.
- 19 % reduksjon i talet på videokonferansar med HD-utstyret. (Kan vere kompensert ved auka bruk av videokonferanse på PC, men har ikkje tal på dette.)
- 3 % auke i total mengde avfall.
- Kjeldesorteringsprosenten har gått ned frå 36 % til 31 %.

Miljørekneskapet skal nyttast i årsrapportering frå miljøsertifiserte einingar til Miljøfyrtårnstiftelsen, og CO<sub>2</sub>-faktor for fjernvarme er difor sett til deira gjennomsnittsfaktor i Norge (0,176 kg CO<sub>2</sub> /kWh).

## KLIMAUTSLEPP I HORDALAND ETTER KJELDE



- Avløp og avløpsreinsing
- Avfallsdeponigass
- Jordbruk – husdyr og husdyrgjødsel
- Dieseldrevne motorreiskapar
- Vegtrafikk – tunge kjøretøy
- Vegtrafikk – lette kjøretøy
- Oppvarming i andre næringar og hushaldningar
- Energiforsyning
- Industri og bergverk – prosessutslepp
- Industri og bergverk – stasjonær forbrenning
- Olje- og gassanlegg – prosessutslepp, landanlegg
- Olje- og gassutvinning – stasjonær forbrenning, landanlegg

# KLIMAGASSUTSLEPP I HORDALAND 2015

Hordaland fylkeskommune nyttar systematisk miljøstyring og utslepp frå eiga verksemd gjekk ned med 3 % frå 2015.

## Status for utslepp

Statistisk sentralbyrå (SSB) publiserer fylkesfordelte tal for klimagassutslepp, og dei siste tala som er tilgjengelege er frå 2013. Om lag ⅓ av dei nasjonale utsleppa er fordelte. Av fylka har Hordaland dei største klimagassutsleppa, og i 2013 utgjorde dei 9,1 % av dei fylkesfordelte nasjonale utsleppa. Det totale utsleppet av klimagassar i Hordaland var 4.8 millionar tonn CO<sub>2</sub>. Utsleppa har auka kvart år sidan 2009, men auken har dei to siste åra vore under 2 % årleg. Om ein ser på klimagassutslepp fordelt på kvar innbyggjar i fylket har det auka frå 8,4 til 9,8 tonn sidan 2009, men med ein lita nedgang frå 2012 til 2013 på grunn av fleire innbyggjarar. Av dei totale utsleppa i 2013 kom 71 % frå kvotepliktig sektor. Resten av utsleppa kom frå vegtrafikken (16 %), jordbruk (5 %), avfallsdeponigass (3 %) og anna (5 %).


Den største auken i klimagassutslepp frå 2009 til 2013 har vore i kvotepliktig sektor. Sju industriverksemdar sto i 2013 for omlag ⅓ av det totale utsleppet; Statoil Mongstad raffineri (49 %), Tizir Titanium og Iron i Tyssedal (6 %), Sør-Norge aluminium på Husnes (3 %), Elkem Bjølvefossen i Ålvik (3 %), Statoil Stureteminalen (2 %), Gassco Kollsnes (2 %) og BIR Avfallsenergi i Rådalen (1 %). Den største auken i utsleppa i perioden har vore i energiforsyning,

relatert til Mongstad (mellomblå farge i grafen), men dei har no stabilisert seg. Nedgangen det siste året skuldast seks veker med driftsstans. Prosessutslepp frå industri og bergverk har sidan 2009 auka med 25 %, men var om lag uendra i 2013.

Ei positiv utvikling frå 2009 til 2013 er at utsleppa i sektorane innan olje- og gassutvinning, stasjonære utslepp frå industri og bergverk, jordbruk og avfallsdeponigass har gått ned. Samla reduksjon frå desse sektorane har vore 2,8 % i perioden. For lette køyretøy er det også ein nedgåande trend i utsleppa sidan 2010, medan det er ein aukande trend for tunge køyretøy i heile perioden. Andre sektorar som syner nedgåande trend for klimagassutsleppa er jordbruket.

Systematisk utbygging av infrastruktur for elbilar har medverka til at Hordaland var fremst i landet i 2015 med 31 % elbilar av nybilsalet. I tillegg utgjorde plug-in hybridbilar 6 % av nybilsalet. Det er særleg delen dieselbilar i nybilsalet som har gått ned på grunn av dette. Elbilane sin del av bilparken i fylket auka frå 2,8 % til 5 % i 2015, og fører til ein tilsvarende nedgang i utsleppa frå lette køyretøy. Totalt tal passeringar i bompengeringen i Bergen går ned medan delen elbilar aukar. I 2015 sto dei for nærare 7 % av passeringane. Systematisk innsats for å betre kollektivtilbodet gjev også resultat. Talet på reisande med kollektivtrafikk i fylket har gått opp kvart år sidan 2009 og auka med ytterlegare 3 % i 2015.

## KLIMAUTSLEPP I HORDALAND



## Utfordringar og moglegheiter

Sidan 1991 har klimagassutslepp frå Hordaland vakse med 24 %. Om Hordaland fylke skal oppfylle klimaplanen sitt mål om 22 % utsleppsreduksjon innan 2020 og 40 % innan 2030, må ein redusere klimagassutsleppa raskare (grå bane) enn dei 3,9 % årleg (raud bane) som klimaplanen opphavelig la opp til. Årsaka er at utsleppa har auka og at nedgangen startar på eit seinare tidspunkt. Med utsleppa frå 2013 som utgangspunkt, er det no naudsynt med 6,4 % nedgang per år for å nå målet i 2020.

For klimagassutsleppa utanom det fylkeskommunale handlingsrommet er ein avhengig av nasjonal politikk og EU si klimavoteordning og direktiv. Klimaråd Hordaland

har gjennom fleire brev til nasjonale styresmakter søkt å påverke den nasjonale politikken, og har fått gjennomslag for fleire av sine oppmodingar.

Av utslipp der fylkeskommunen har verkemidlar, er det særleg vegtrafikk som peikar seg ut. Her kan fylkeskommunen fremje god transport- og arealplanlegging og «grøn mobilitet», altså overgang frå privatbil til buss, bane, båt, sykkel og gange. Vidare løyvingar og utbygging av infrastruktur for nullutslepps-bilar vil fremje elbilisme og redusere utslippa frå lette køyretøy.

### Kollektivtransport og klima

Den største delen av CO<sub>2</sub>-utslippa innanfor Hordaland fylkeskommune sitt eige ansvarsområde kjem frå kollektivtrafikken. Den største endringa frå fjoråret er ein auke i utslipp frå snøggbåt på om lag 1700 tonn CO<sub>2</sub>. Den viktigaste enkeltårsaka til dette ligg i auka produksjon på sambandet Kleppestø–Strandkaien i Bergen. Her vart det i 2015 sett inn fleire avgangar og nytt tilbod laurdag. I tillegg fekk sambandet nytt anløp i Bergen ved Strandkaien, noko som gjev lengre seglingsdistanse enn tidlegare anløp på Nøstet. Auken i rutetilbod har gjeve god passasjervekst på sambandet i 2015.

Kollektivtrafikken er eit verkemiddel for å bidra til reduksjonar i klimagassutslippa frå privatbilar, som er


det største klimaproblemet på vegane i fylket. Dette gjeld også NOX-utslipp. Bussane står berre for om lag 7,1 % av utslippa frå vegtrafikken, men fraktar eit betydeleg tal passasjerar.

Fylkestinget vedtok i 2014 Kollektivstrategi for Hordaland, som peikar på at ei stor utfordring for kollektivtrafikken i åra framover vil vere finansiering av den nødvendige kapasitetsauken, spesielt i bergensområdet. Framkomst og fysisk tilrettelegging for buss i byområdet er også ei betydeleg utfordring for vidare vekst i kollektivtrafikken. Sjølv om kollektivtrafikken sitt viktigaste bidrag er å få fleire til å setje frå seg bilen, er det også eit mål å redusere utslippa – sjølv om kollektivtrafikken aukar. Overgang til biodrivstoff og elektrifisering av ferjer og bussar er døme på fornybar energi som på sikt kan føre til nye monalege kutt. Fylkestinget har i 2015 vedteke at ein skal arbeide for ei rask innfasing av utslippsfri motorteknologi for kollektivtransport, og at ein skal førebu nullutslepp i anbod i Bergen.


### Eiga verksemd

Hordaland fylkeskommune nyttar systematisk miljøstyring, og arbeidet gjev eit oversiktleg bilete av kvar ein oppnår resultat, og kvar ein må arbeide vidare. Miljørekneskap for alle einingane og andre miljørapportar for 2015 er publiserte på [www.hordaland.no/miljorapport](http://www.hordaland.no/miljorapport).

EIGNE CO<sub>2</sub>-UTSLEPP I 2015, TONN



CO<sub>2</sub>-UTSLEPP FRA VEGTRANSPORT I 2015, TONN






Utslepp frå dei vidaregåande skulane, den offentlege tannhelsetenesta og fylkeskommunal administrasjon gjekk ned frå 1 940 tonn i 2014 til 1 890 tonn i 2015, ein nedgang på 3 %. CO<sub>2</sub>-faktor for fjernvarme er basert på BKK Varme sin varedeklarasjon, 0,008 kg CO<sub>2</sub>/kWh. 2015 var 14 % kaldare enn 2014. Trass i dette gjekk klimagassutsleppa frå fossil oppvarming ned med 28 %, hovudsakeleg fordi Stend vgs har gått over frå oljefyring til flisfyring. Saman med ein lita nedgang i CO<sub>2</sub>-utslepp frå flyreiser er dette årsaka til at dei totale utsleppa frå eiga verksemd gjekk ned frå 2014 til 2015, sjølv om utslepp frå bruk av gass og fjernvarme, km-godtgjering og bruk av tenestebilar og -båtar gjekk opp.

Kalkulerte CO<sub>2</sub>-utslepp frå elektrisitet auka med 9 % frå 2014. Dette må sjåast i forhold til at 2015 var eit kaldt år. I tillegg auka arealet med 3,6 % med dei nye skulane Amalie Skram vgs og Hyssingen produksjonsskole, samstundes med at nedlagte skular ikkje var avhenda, men nytta av andre skular under rehabilitering. Temperatur- og arealkorrigert straumforbruk har difor gått ned. CO<sub>2</sub>-utslepp, inklusiv CO<sub>2</sub>-faktor på elektrisitet, auka med 7 % frå 2014 til 2015. Om fylkeskommunen kjøper sertifikat for garantert fornybar straum for all bruk av elektrisitet, noko som vil koste omlag 150 000 kroner, kan straumen ifølge GHG-protokollen reknast som utsleppfri.




Arkiv: Business Region Bergen

CO<sub>2</sub>-UTSLEPP FRÅ FOSSIL ENERGIBRUK, EIGA VERKSEMD UTANOM KOLLEKTIVTRANSPORT



CO<sub>2</sub>-UTSLEPP INKL. EL. MED CO<sub>2</sub>-FAKTOR FOR NORDISK MIKS, EIGA VERKSEMD UTANOM KOLLEKTIVTRANSPORT



## MÅLER SOLENERGI

Hordaland sin første målestasjon for solinnstråling opna på Flesland i juni, med støtte frå klimaplanen. Målestasjonen skal gi betre data for å utnytte solenergi i Bergen.

## GRØN INNOVASJON I SKULEN

Hausten 2015 starta Nordahl Grieg videregående skole eit nytt studie-tilbod kalla «Grøn innovasjon». Den grønne innovasjonslinja er eit pilotprosjekt og skal gje elevane innføring i berekraftig utvikling og fornying.

Målet med studietilbodet er å etablere eit prosjekt som skal gjere elevane kvalifiserte for ulike utfordringar i samfunnet og næringslivet i

framtida. 20 elevar følgjer studietilbodet skuleåret 2015–16. Prosjektet har grønne innovasjonar som overordna mål. Det vil seie at elevane skal tenkje nytt samstundes som dei skal ha det grønne perspektivet med i arbeidet med ulike tema. Skulen har alt fått mange eksterne partnerar som bidreg til å vidareutvikle prosjektet.

Skulen starta arbeidet med to store prosjekt hausten 2015. I det eine

«Framtidspiloten», arbeide elevane med tema som menneskerettar, klimaendringar og entreprenørskap gjennom presentasjonar, rollespel og gruppearbeid. Det er eit samarbeid med Raftostiftelsen, Impact Hub-Bergen og Bærekraftig liv på Landås.

Det andre prosjektet er «Rein kvar-dag». Her utviklar elevane idear og produkt som vil gje betre orden og reinhald til dømes på ein skule.




# FOLKEHELSE

---

Hordaland fylkeskommune samordnar folkehelsearbeidet i fylket. Folkehelsa er i ei positiv utvikling, og gode nærmiljø er noko av det som er helsefremjande.

---



## GODT NÆRMILJØ ER HELSEFREMJANDE

Folkehelsa i Hordaland er inne i ei positiv utvikling og fellesnemnaren for fleire av områda som påverkar folkehelsa, er ei god og helsefremjande nærmiljøutvikling.

Fylkeskommunen legg til rette for ei god lokalsamfunnsutvikling gjennom regional planlegging, gjennom konkrete tiltak for attraktive senter, næringsutvikling og trygge ferdselsårer. Lokalisering av offentlege tenester som vidaregåande skuler, tannhelseklinikkar og kollektivtransport er også del av dette biletet. Det same gjeld å sikre tilgang på gode friluftsområde og varierte kultur- og idrettstilbod.

### Samarbeid på tvers av sektorar

Ei god lokalsamfunnsutvikling fordrar samarbeid på tvers av sektorar. Det er kommunane som har dei sterkaste og viktigaste virkemidla i planlegginga. Her er fylkeskommunen viktig som formidlar av kunnskap, som rettleiar, samordnar og tilretteleggar av den regionale utviklinga.

Hordaland fylkeskommune gjev råd og rettleiing gjennom nettverkssamlingar for kontaktar innan folkehelse og planlegging. I 2015 vart det arrangert egne kurs i bruk av statistikk og oversiktsverktøy for kommunane.


I 2015 lanserte fylkeskommunen ei ny satsing på kommunal frivilligheitspolitikk. Gjennom ei tilskotsordning får kommunane støtte til å utarbeide oversikt over sine lokale frivillige organisasjonar. Dette arbeidet blir fylgt opp med mellom anna eit seminar i 2016.

### Vi blir påverka av omgjevnadane

Planlegging gir rammer for utviklinga av lokalsamfunn og for korleis det fysiske miljøet og landskapet blir for-

valta, fornya og forma. Planlegging bestemmer og i stor grad om ein kan unngå uheldig miljøpåverknad. Planlegginga må ta omsyn til lokalisering av potensielle støy- og utsleppskjelder, utforming av varierte vegsystem, sikring av vegetasjon og grøntområde, vern av kulturminne, kulturmiljø og naturområde.

Både areal- og samfunnsplanlegging påverkar bustadprisar og sosial samansetnad. Sidan barn, eldre og personar med nedsett funksjonsevne ofte har ein mindre aksjonsradius enn andre, bør service- og aktivitetstilbod leggest nær til bustadområde. Omsyn til universell utforming er derfor relevant for fleire delar av befolkninga og bør vere sentral i planlegginga. Fylkeskommunen har i 2015 styrkt sitt fokus på folkehelse i si planrettleiing overfor kommunane.



**«For å lukkast med satsing på folkehelse, må ein engasjere dei unge.»**

### Satsar på dei unge

For å lukkast med satsing på folkehelse, må ein engasjere dei unge. Pilotprosjektet «Helsefremjande skule» vart starta i 2014. I 2015 vart fire vidaregåande skular med: Knarvik vidaregåande skule, Fitjar

vidaregåande skule, Sandsli vidaregåande skule og Voss gymnas. Opplæringslova understrekar korleis det helsefremjande arbeidet skal vere ein del av skulekvardagen og konstaterer at alle elevar i skulen har rett til eit godt fysisk og psykososialt miljø som fremjar helse, trivsel og læring. «Helsefremjande skule» er forankra i regional plan for folkehelse. Ein helsefremjande skule er ein skule som på ein strukturert og systematisk måte utviklar og set i verk ein plan for helse, trivsel og læring for alle som høyrer til skulen. Pilotprosjektet skal rettast mot alle i skulesamfunnet og har tre fokusområde: Fysisk aktivitet, ernæring og psykisk helse.

Kvar av dei fire skulane har ein koordinator for prosjektet. Deltakinga starta med ein kick-off med faglege innspel frå mellom anna Høgskulen i Bergen og Nasjonalt senter for mat, helse og fysisk aktivitet. Prosjektgruppene på dei fire skulane er samansett av koordinator, elevrepresentant, lærar, rektor, helsesøster, PPT og representant for dei tillitsvalde. I arbeidet for å auke kunnskapen og å bevisstgjere deltakarane om samanhengen mellom helse og læring, pliktar skulane å involvere alle i skulen, føresette og andre i nærmiljøet. Pilotskulane har tett kontakt med fagavdelinga i fylkeskommunen.

### Skulemåltid

Hordaland fylkeskommune satsar på at elevane i vidaregåande skule skal få tilbod om skulemåltid. I dette prosjektet samarbeider fylkeskommunen òg med eksterne aktørar.



# 770

bilete med emneknaggen #fåhordaland kom inn til fotokonkurransen arrangert av Hordaland fylkeskommune

Med bakgrunn i Helsedirektoratet sine nye retningslinjer for skulemåltid, arrangerte Nasjonalt senter for mat, helse og fysisk aktivitet i samarbeid med fylkeskommunen ein seminar-dag med tittelen *Skulemåltidet – en ressurs for læring*.

Målgruppa for dagen var prosjekt-gruppene på dei fire skulane i pro-sjektet «Helsefremjande skule», pluss kantinetilsette, kantinedriftarar og leiarar i alle dei vidaregåande skulane i fylket. Dei faglege innspela kom frå mellom anna Helsedirektor-

atet, Universitetet i Bergen, Høg-skulen i Bergen og Nasjonalt senter for mat, helse og fysisk aktivitet. Deltakarane fekk høyre om erfaringar frå Telemark fylkeskommune og to av Hordaland fylkeskommune sine vidaregåande skular.



## FRILUFTSLIVETS ÅR 2015 ENGASJERTE INNBYGGJARANE

2015 var Friluftslivets år og Hordaland fylkeskommune deltok i den nasjonale markeringa. Det var først og fremst barn, unge og småbarnsfamiliar som skulle få auka interesse for friluftslivet.

Fylkestinget løyvde 400 000 kroner til sjølve markeringa. Siktemålet med Friluftslivets år 2015 var større deltaking, kunnskap om allmennsretten og auka kjennskap til positiv verknad for folkehelse. Fylkeskommunen, kommunane og organisasjonane har nytta året til å satse på friluftsliv, både gjennom aktivitet og i lokalt planarbeid.

**Naturen var tema på biblioteka**  
Åtte folkebibliotek meldte interesse for å huse ein foredragsturné med Samuel Massie. Ungguten frå Bergen berga seg frå skråplanet ved å oppleve meistring i naturen. Biblioteka fekk også tilbod om støtte til arrangement i samarbeid med turlag og andre frivillige organisasjonar. Ni folkebibliotek deltok, og alle tilskipingane gjekk føre seg heilt eller delvis utandørs.

**Kåra dei mest attraktive friluftsområda**  
Herdla på Askøy og Vardetangen og Årvika i Austrheim vann fylkeskom-

munen si kåring av dei mest attraktive friluftsområda i Hordaland, i hovudsak på grunn av god tilrettelegging for ungdom.

I 2015 har Hordaland kjøpt seks friluftsområde etter vedtak i kultur- og ressursutvalet. Løgstien og Lyreneset i Bergen, Valøya i Kvinnherad, Plassahelmen i Bømlo, Stanghelle i Vækdal og Langøy i Fitjar er nye friluftsområder, som blir forvalta av friluftslivets år i fylket.



Foto: Geir Kjetil Lien

### Ny folkehelse rapport gir viktig informasjon

For første gong har Hordaland fylkeskommune utarbeidd ein rapport om folkehelsa i fylket. Med dette dokumentet på plass, har Hordaland fylkeskommune tatt eit viktig steg på vegen til å få på plass eit systematisk folkehelsearbeid i fylket.

Gjennom «Folkehelsa i Hordaland 2015» får politikarar og administrasjon eit godt og oppdatert grunnlagsmateriale som kan nyttast til sakshandsaming, planlegging og tiltaksutvikling dei neste fire åra. Rapporten skal vere eit grunnlagsdokument for Regional planstrategi.

Rapporten viser fleire positive utviklingstrekk for fylket:

- Det er god tilgang på rekreasjonsareal og friluftsområde i fylket. Særskilt i indre strom og det store og samanhengande friluftsområde.
- Det er signifikant fleire i fylket som har fullført vidaregåande skule eller høgare utdanning, samanlikna med landet forøvrig.
- Det er færre barn som veks opp i hushald med låg inntekt, og som veks opp med einselege forsørgjarar, samanlikna med landet.
- Fylket har hatt ei positiv utvikling med færre hol i tennene til femåringar.

# SAMFERDSEL

---

Hordaland fylkeskommune legg til rette kollektivtrafikk for innbygarane, og passasjertalet auka med tre prosent i 2015. Det vart brukt 2,8 milliardar kroner på fylkesvegane. Og landets første kombinerte bybanetunnel og sykkeltunnell opna.

---







**18** PROSENT  
kollektivreiser skjer med  
Bybanen i Bergen

**54,3** MILLIONAR  
påstigande på buss,  
båt og bane i 2015

**80** PROSENT  
av alle kollektivreiser  
i fylket skjer med buss

## KLIMATILTAK STILLER KRAV TIL KOLLEKTIVTRAFIKKEN

Talet på reisande med kollektivtrafikken i Hordaland har auka markant dei siste åra, og i 2015 var det ein auke i passasjeretalet på rundt tre prosent. I fjor opplevde særleg snøggåttane og Bybanen stor pågang. Etter vedtaket om tidsdifferensierte bompengerstar, vedtok fylkestinget å auke busskapasiteten med 300 nye avgangar frå 1. februar for å imøtekome endå fleire kollektivreisande.

I januar 2015 vart det gjort vedtak i Bergen bystyre om innføring av tidsdifferensierte bompengerstar i bomringen i Bergen, og vedtaket vart følgt opp i fylkestinget i mars. Dette medførte ekstra merksemd rundt kollektivtilbodet i Bergen, og det blei stilt spørsmål om kollektivsystemet var dimensjonert for å ta i mot dei forventede nye reisande.

På fleire linjer i Bergen kunne ein vise til liten eller ingen ledig kapasitet på enkelte strekningar i den travlaste delen av rushperioden. På bakgrunn av ei samla vurdering vedtok fylkestinget å iverksetje rundt 300 nye avgangar innafor ei ramme på 35 millionar kroner frå 1. februar. Fylkestinget i desember auka ramma ytterlegare for å få på plass meir enn 400 nye avgangar i løpet av 2016.

### Fleire reiser kollektivt

Passasjerstatistikken for 2015 viser at talet på kollektivreisande i Hordaland framleis aukar, men at veksten flatar noko ut samanlikna med åra 2011 til 2013. Reisetilgangen for Bergen og bergensområdet viser ein vekst dei to siste åra på om lag tre prosent. Den prosentvise veksten er tilnærma lik i bergensområdet som i resten av Hordaland. Tidlegare analysar har vist at auken i kollektivreiser i snitt bør ligge på fire prosent årleg for å sikre ei utvikling tilsvarande nullvekstmålet for personbiltrafikken.

Nær ti millionar passasjerar reiste med Bybanen i 2015, seks prosent fleire enn året før. Sjølv om Bybanen har køyrd med så stor kapasitet som infrastruktur og talet på vogner har tillate, har det har tidvis vore kapasitetsproblem, spesielt når ein har hatt driftsproblem med innstilte avgangar. Dei nye bybanevognene som kjem i løpet av 2016 vil vere lengre og dermed ha større kapasitet. Vognene ein har i dag skal også forlengast. Den første nye lange vogna vart levert i oktober i 2015, og kan takast i bruk når nytt depot på Kokstad står klart. I 2015 har ein også tilpassa haldeplassane til dei lange vognene.

### God effekt av snøggåttiltak

Snøggåttane i fylket opplevde ein auke i passasjeretalet på omlag 16 prosent frå 2014 til 2015. Totalt står snøggåttane for omlag to prosent av dei reisande med kollektivtrafikk i fylket.

Frå 1. januar 2015 fekk båtsambandet Askøy–Bergen fleire avgangar ettermiddagar og laurdagar. Anløpet i Bergen vart flytta frå Nøstet til Strandkai terminalen for å få eit større passasjergrunnlag og vere betre knytt til andre kollektivtilbod for reiser vidare. Desse tiltaka har gitt god effekt og ein vekst på 34 prosent, og ein har 114 000 fleire passasjerar enn i 2014. På dei mest populære avgangane har ein opplevd at passasjerar

vert ståande igjen på kaien på grunn av full båt. Ein vurderer no moglegheitene for å utvide kapasiteten.

«175 000 reisande med kollektivtrafikken på ein gjennomsnittleg kvardag.»

Snøggåttaruta mellom Bergen sentrum og Frekhaug/Knarvik har hatt ei jamn vekst dei to åra den har vore i drift. Veksten i 2015 er på heile 20 prosent, og talet på reisande er no over 100 000 i året. Snøggått sambanda i Sunnhordland og Austevoll viser ein svak nedgang på om lag ein prosent siste året.

### Mål om nullvekst i personbiltransporten

Hordaland fylkeskommune og Bergen kommune inngikk i 2015 ein ny fireårig avtale med Samferdselsdepartementet om tildeling av midlar frå «Belønningsordningen for bedre kollektivtransport og mindre bilbruk i byområdene». For perioden 2015 til 2018 vil avtalen samla sett gje 724 millionar kroner til tiltak som skal bidra til målsettinga om nullvekst i personbiltransporten i Bergen

**10 600** ELBILAR  
registrerte i Hordaland  
i september 2015

**3,13** MILLIONAR  
elbilpasseringar i bomringen i 2015,  
mot 1,57 millionar i 2014

kommune i perioden 2015 til 2018. Fylkeskommunen og Bergen kommune fekk i 2015 tildelt 184 millionar kroner gjennom ordninga. Avtalen for 2015–2018 vart inngått seint på året 2015 og ein stor del av midlane vert difor overført for bruk i 2016.

*Fordeling av midlane i 2015:*

- 40 mill. kr til planmidlar
- 90 mill. kr til utvikling og styrking av kollektivtilbodet
- 20 mill. kr til terminalar og knutepunkt langs stamlinene
- 25 mill. kr til framkomsttiltak for buss langs stamlinene
- 5 mill. kr til sykkeltiltak
- 2 mill. kr til gangtiltak
- 2 mill. kr til miljøtiltak

**Fleire elbilar gir trafikkvekst**

Samla biltrafikk, målt i teljepunkt ved bomringen i Bergen, er litt høgare i 2015 enn i 2014. Årsdøgntrafikk for lette køyretøy har ein auke på 0,35 prosent. 132 358 lette kjøretøy passerte bomringen i Bergen i 2015, mot 131 897 i 2014. Tungtrafikken utgjer ein like stor del i 2015, som i 2014, med 8,3% av passeringane. Ei forklaring på trafikkveksten er auka bruk av elbil. Det er ei nasjonal målsetting at 200 000 selte bilar innan 2020 skal vere elbilar. For å

bidra til å nå dette målet har Hordaland fylkeskommune tatt initiativ til etablering av ladestruktur for elbilar og hybridbilar i heile fylket. Veksten har vore omfattande, og dette gir og utslag i bomringen.

Tal frå BT Signal AS og Bergen Bompengeselskap AS, syner at veksten i elbilpasseringar er langt større enn trafikkveksten generelt. Elbilar utgjorde omlag seks prosent av passeringane i bompengeringen i 2015, i 2014 var talet tre prosent.

**Betre trafikkinformasjonen til dei reisande**

Skyss arbeider kontinuerleg med å forbetre og fornye trafikantinformasjonen. Særleg har auka bruk av digitale kanalar og betre informasjon når avvik oppstår vore prioritert i 2015. Frå hausten 2014 har Skyss nytta eit årsverk til å overvake trafikkbiletet og syte for at publikum får oppdatert informasjon ved avvik. Etablering av rutinar, opplæring og forbetring av verktøy for avviksinformasjon har vore viktig i 2015.

Digitale skjermar med relevant reiseinformasjon og avgangstider er eit viktig verkemiddel ute i trafikken. I 2015 har Skyss arbeidd spesielt med å forbetre trafikantinformasjon på

sentrale terminalar og haldeplassar i Bergensområdet. Det er plassert ut sanntidsskilt og informasjonssøyler, utvikla terminalkart og lagt til rette for skjermbasert avgangsinformasjon. I tillegg er haldeplassar på fleire sentrale strekningar oppgraderte. Bybanen, hurtigbåtar og nokre bussar har fått informasjonsskjermar. Bergen sentrum har vore hovudprioritet i 2015. 76 busshaldeplasser i Bergen har skjermar for visning av sanntids-

**«Det var registrert  
247 000 brukare av  
billettappen og blei  
selt 4,3 millionar  
mobilbilletter i 2015.»**

informasjon. I oktober 2015 blei det også installert eit nytt sanntidssystem på Bybanen, og informasjonstavlene på bybanestoppa viser no sanntidsinformasjon.

Skyss har over tid opplevd redusert etterspurnad etter rutehefte i papirformat. Reisande nyttar i aukande grad digitale kanalar som skyss.no og mobil-app, noko som gjev meir



**52** haldeplassar er rusta opp i 2015

**1,75** millionar besøkande på skyss.no

opdatert og nøyaktig informasjon. Frå sommaren 2015 blei det derfor vedteke å redusere opplaget, og å fjerne rutehefta frå bussane i Bergen og omegn. Ein omfattande informasjonskampanje blei gjennomført i forkant av tiltaket. Meir enn halvparten av sidevisingane på nettsida skyss.no gjaldt ruteinformasjon. Bruken av reiseplanleggjaren på skyss.no har auka, medan annan ruteinformasjon har gått tilbake.

#### Suksessen med mobilbillett held fram

Kundane har fått ei rekkje nye kjøpsmoglegheiter for billetter dei siste åra, og særleg mobilen som salskanal har hatt ein markant vekst. I 2015 blei det gjennomført ei oppgradering av mobil-appen. I tillegg er nokre nye billettypar lagt til, appen er gjort tilgjengeleg også for utanlandske telefonabonnentar og har fått eit reinare og meir moderne utsjåande.

Bruken av mobilbillett har vakse jamt i 2015. Ny månadsrekord blei sett i november med sal av i overkant av 400 000 billetter. Enkeltbilletter for vaksne står framleis for majoriteten av selde billetter med nærare 80 prosent av salet. Tala vise at store delar av potensielle brukarar i Sone Bergen har lasta ned mobil-appen. Sal om bord er framleis den største salskanalen målt i omsetning, men prosentandelen går stadig ned. Målt i talet på selde billetter har mobilsal gått forbi sal om bord og er no den største salskanalen. Mange kundar kjøper framleis periodebillett om bord, noko som forklarar kvifor omsettinga er høg sjølv om det blir seld fleire billetter via mobil.

I heile 2015 er det arbeidd vidare med forenklingar i takst- og sonesystemet

i Hordaland. Hausten 2015 blei det sett ned ei politisk arbeidsgruppe, som har gjennomført fleire arbeidsmøte saman med administrasjonen.

#### Rustar opp haldeplassane

Dei siste åra er det satsa stort på generell opprusting og universell utforming av haldeplassar og ende-haldeplassar langs stamlinjene. Oppgraderinga inkluderer fysisk tilrettelegging for sanntidsinformasjon for dei reisande. Det har vore stor aktivitet og eit stort tal haldeplassar er opprusta og bygd om dei siste åra. Satsinga held fram komande år. Føremålet med satsinga er både å auke kvaliteten for dei reisande, å redusere reisetida og gjere kollektivnettet meir effektivt driftsmessig. Innføring av sanntidsinformasjon i kollektivtrafikken i Hordaland tek Hordaland fylkeskommune ansvar for. Fysisk tilrettelegging på haldeplassane vert finansiert over bergensprogrammet.

#### Endring i prisar

I den årlege prisjusteringa 1. februar auka minstetaksten for einskildebillett vaksen frå 31 til 35 kroner, medan pris for barne- og honnørbillett gjekk opp frå 16 til 18 kroner. Pris for einskildebillett kjøpt om bord i buss i sone Bergen auka til 50 for vaksne og 25 kroner for barn/honnør. 30-dagers ungdomsbillett for heile Hordaland vart 40 kroner dyrare, og kosta 350 kroner i 2015. Billetter for båt auka i gjennomsnitt med 3 prosent, og tur/retur-rabatten vart fjerna for nokre strekningar. Kombinasjonsbilletter for buss/tog gjekk i gjennomsnitt opp med seks prosent. Billettinntektene er ein vesentleg del av Skyss sine inntekter, og dekker omlag 40 prosent av kostnadane med drift av kollektivtrafikken.



Foto: Fred Jonny



Foto: Morten Wanvik

### Transportordninga for funksjonshemma

For året 2015 vart det utført 261 700 TT-turar med drosje som blei betalt ved bruk av TT-korta, noko som er ein svak nedgang frå året 2014. Fylkeskommunen betalte ut 38,3 millionar kroner til TT-køyring. I tillegg betalar TT-brukarane ein eigenandel på 15 %. TT-ordninga (tilrettelagt transport) hadde 13 708 godkjente brukarar i Hordaland pr. 31. desember 2015. 7 598 av desse er busette i Bergen kommune, medan 6 110 er busette i fylket elles.

*«Det blei investert for 2 276,4 millionar kroner i fylkesvegane i fjor, i tillegg til investeringar i Bybanen.»*

Personar med varig tilrettelagt arbeid i verna verksemdar kan etter søknad få innvilga arbeidskøyring. Ved utgangen av 2015 var det 195 personar som hadde tilrettelagt skyss. Det vart nytta 12,4 millionar kroner til denne ordninga i 2015.

### Overkapasitet på drosjer i Bergen

I Bergen køyreområde er det totalt 750 drosjeløyve, og ein sentral kan ha maksimalt 60 % av det totale løyvetalet. Det er overkapasitet i drosjemarknaden i Bergen køyreområde. Fylkesutvalet vedtok derfor i februar at 20 reserveløyve skal vere inaktive etterkvart som dei blir ledige. Ved utgangen av året var det 11 ledige reserveløyve.

I 2015 blei det gitt 54 drosjeløyve i Hordaland, medan 49 drosjeløyve blei levert inn. Ved utgangen av 2015 var det totalt 1 036 drosjeløyve i Horda-

land, fordelt på 641 løyvehavarar. Av desse var 266 reservedrosjeløyve. Ved utgangen av 2015 var det 53 selskapsvognløyve og 47 handikap-løyve i Hordaland. Tre selskapsvognløyve blei levert inn, medan det blei gitt tre nye.

### Trafikksikre kommunar

Talet på trafikkdrepne og skadde i trafikken er på vegg nedover. I Hordaland er det flest møte- og utforkøyringsulukker og ulukker med mjuke trafikantar som dominerer. Eit viktig haldningsskapande arbeid er konseptet Trafikksikker kommune. Fylkeskommunen ved Fylkestrafikksikringsutvalet (FTU) inngjekk intensjonsavtalar med kommunane Austrheim, Lindås og Vaksdal med målsetjing om at kommunane kan bli godkjende som trafikksikre kommunar.

Sju personar blei drepne i trafikken i Hordaland i 2015, noko som er det lågaste talet Hordaland har hatt. Til samanlikning mista 11 personar livet i trafikken i 2014, 16 personar i 2013 og i 2012 var det 15 omkomne.

«Trygt heim»-ordninga heldt fram i 2015, å gje ungdom i distrikta eit kollektivtransporttilbod heim frå nattlege arrangement. Bakgrunnen for ordninga er at ungdom er overrepresenterte i trafikkulukkestatistikkane.

### Store beløp til vedlikehald og investeringar på fylkesvegane

Fylkesvegnettet i Hordaland er på om lag 2 900 km. Til drift og vedlikehald av fylkesvegnettet blei det i 2015 brukt totalt 611,8 millionar kroner. Gjennom faste kontraktar med entreprenørane som har ansvar for å sjå til at vegnettet er operativt, blei det utbetalt om lag 395 millionar. Til andre driftsoppgåver, til dømes lys og straum på vegnettet, blei det nytta 73,7millionar kroner. På vedlikehaldssida blei det nytta omlag 12,3






millionar til vegoppmerking. 98 millionar kroner blei nytta til legging av 195,5 km nytt dekke. Det blei nytta 24 millionar til vedlikehald av dei om lag 1 000 bruene på fylkesvegnettet. Til anna vedlikehald som grøfter, drenering, kantar, murar, tunellar, skilt m.m. blei det nytta vel 11,8 millionar kroner.

Det blei investert for omlag 2 276,4 millionar kroner over fylkesvegbudsjettet i fjor, i tillegg til investeringar i Bybanen. Av investeringane blei 491,6 millionar dekte av bompengar. Dei største prosjekta var Bømløpakken (307,4 millionar), Ringveg Vest i Bergen, byggetrinn 2 som vart opna i 2015 (219,4 milllionar), Tyssetunellen i Samnanger som opna i 2015 (153,6 millionar), Askøypakken (49,4 millionar.), Kvammapakken (42,3 millionar) og Stord Vestside 17,7 millionar.

#### FORBRUK DRIFT OG VEDLIKEHALD 2015



- Grøfter, kantar, murar, tunellar og skilt
- Dekkelegging
- Bru/kai
- Vegoppmerking
- Andre driftsoppgåver
- Faste kontaktar



I 2015 brukte ein for heile Hordaland 53 millionar kroner til tiltak for auka trafikktryggleik. Til kollektivtiltak blei det nytta 173,6 millionar kroner og til gang- og sykkelveg i alt 55 millionar. Til standardheving med vedlikehaldskarakter blei det nytta vel 101,9 millionar. Til rassikring gjekk det med 216,3 millionar. Folkedalstunellen på Fv 7 i Granvin opna i 2015. Elles var det stor aktivitet på Lussandberget som også er eit viktig rassikringsprosjekt.

**Nei til kollektivreklame i Bergen**  
Hordaland fylkesting sa i 2015 nei til reklame på bussar og Bybanen i Bergen. Dei vedtok at inngått avtale vert avslutta. Like eins vert sak om reklamefinansierte leskur og bysyklar stoppa.

Fylkesutvalet godkjente i august avtale med JCDecaux om reklame på rullande kollektivmateriell og gav fylkesrådmannen fullmakt til å sign-

era avtalen. JCDecaux har varsla krav om kompensasjon på 463 285 kroner i samband med at avtalen ikkje vert inngått.

## Asfalt for 100 millionar

I 2015 brukte Hordaland fylkeskommune 100 millionar kroner til fast dekke på fylkesvegane. Den opphavlege ramma var 40 millionar, men fylkestinget auka den med 60 millionar kroner. Dermed fekk 128 fleire kilometer fylkesveg fast dekke enn først rekna med. Totalt vart det lagt fast dekke på 191 km fylkesveg i 2015. Dette utgjør 6,5 prosent av dei totale fylkesvegane i Hordaland. Om løyvingane held fram i same takt, vil alle fylkesvegar i fylket ha fått nytt, fast dekke i løpet av 15 år.



## DRIFTSUTGIFTER

Dei store investeringane i 2015 var Bybanen frå Lagunen til Flesland og ei rekkje fylkesvegprosjekt. Totalt vart det brukt 1,586 milliardar kroner til byggesteg tre av Bybanen og 2,276 milliardar til fylkesvegar. Brutto driftsutgifter utgjorde 2,934 milliardar kroner. Av dette gjekk 1,3 milliardar kroner til drift av bussrutene i fylket. I høve til budsjettet brukte samferdselssektoren 43 millionar kroner meir enn budsjettet.

### BRUTTO DRIFTSUTGIFTER SAMFERDSEL

	Reknesk. 2012	Reknesk. 2013	Reknesk. 2014	Reknesk. 2015	Avvik netto bud. 2015
Fylkesvegferjer	303,5	311,7	303,6	309,7	7,5
Spesialskyss for grunnskulen	48,4	48,6	45,5	106,8	-1,4
Skuleskyss vidaregåande skule	80,4	76,4	80,2	78,7	0,1
Transport for funksjonshemma	47,9	53,0	51,0	50,9	1,2
Bilruter	1232,9	1256,0	1300,2	1296,3	-20,1
Båtruter	94,9	103,8	174,7	178,3	7,9
Skyss	103,6	129,2	134,5	129,3	17,2
Bybanen	101,1	122,5	139,6	151,8	-16,6
Diverse transporttiltak	11,3	12,7	16,2	20,4	4,5
Fylkesvegvedlikehald	411,6	452,4	488,7	611,8	-43,5
<b>Sum brutto driftsutgifter</b>	<b>2435,6</b>	<b>2566,3</b>	<b>2734,2</b>	<b>2934,0</b>	<b>-43,2</b>

Tal i millionar kroner. Løpande prisar.



Foto: Stanley Hauge

## NYE FERJER SKAL BLI KLIMAVENLEGE

Det er vedteke ein «miljømodell» med krav om lågutslepp for nye ferjer, og at nullutsleppsteknologi blir førebudd der dette kan forsvarast teknologisk og økonomisk.

I 2015 blei det arbeidd med å førebu anbuds konkurransar for å inngå nye ferjekontraktar, då alle avtalar går ut i løpet av perioden 2017–2019. Skyss vil legge føringar knytt til utslepp av klimagassar for kvar rutepakke, medan operatørane definerer kva løysingar som må til for å oppnå desse effektane. Oppstart av nye kontraktar vil skje 1. januar 2020, med unntak av sambanda Krokeide–Hufthamar og Husavik–Sandvikvåg som skal starte opp 1. januar 2018.

Alle ferjesamband har i 2015 hatt ein høg regularitet, Meir enn 99 % av dei planlagde avgangane blei gjennomførte, med unntak av sambandet Leirvåg–Sløvåg, der talet er 98,8 %. Det er ein aukande andel elbilar på dei fleste ferjesambanda, og sambandet Krokeide–Hufthamar har den høgste andelen med 9,56 % elbilar.

Samla sett hadde fylkesvegsambanda i 2015 ein auke i personbileiningar på i underkant av 50 000 samanlikna med 2014. Sambandet Jondal–Tørvikbygd har den klart største veksten med nærare 40 000 fleire personbileiningar (pbe) enn i fjor og ein prosentvis vekst på om lag 14 prosent. Masfjordnes–Duesund har den nest største prosentvise veksten med om lag 11 prosent. Den prosentvise nedgangen er størst på sambanda Hatvik–Venjanaset, Kvanndal–Utne–Kinsarvik og Klokkekarvik–Hjellestad. Sambandet Kvanndal–Utne–Kinsarvik blei frå oktober 2015 delt i sambanda Kvanndal–Utne og Utne–Kinsarvik.

## REISANDE MED KOLLEKTIVTRAFIKKEN

Auken i kollektivtrafikken i Hordaland heldt fram i 2015. I bergensområdet var det tre prosent fleire påstigingar i 2015 enn i 2014, mens veksten i busstrafikken i Hordaland elles var på om lag tre prosent. Talet på bussreisande har auka med to prosent, mens Bybanen har fått seks prosent fleire reisande. Snøggbåt har hatt den største prosentvise auken med 16 prosent vekst.

Driftsart	2015	2014	Prosentvis endring same periode 2014
Buss	43 352	42 502	2 %
Bybanen	9 987	9 406	6 %
Båt	926	799	16 %
<b>Totalt</b>	<b>54 265</b>	<b>52 707</b>	<b>3 %</b>

Tal påstigande buss, bane, båt *	Endring			
	2013	2014	2015	2014–2015
Bergensområdet	44 560 000	46 000 000	47 363 000	3 %
Hordaland totalt	50 859 000	52 707 000	54 265 000	3 %

\* Snøggbåten Askøy–Bergen inngår i tal påstigande passasjerar for bergensområdet. Tal påstigande for Hordaland er inklusiv snøggbåtrutene Sunnhordland, Nordhordland og Austevoll. Dette er båtruter med bruttokontrakt, og er henta frå Skyss sin passasjerstatistikk.

## Fleire reiser med tog

NSB Regiontog på Bergensbanen hadde 1 136 000 reisende i 2015. Dette er 5,2 % fleire enn i 2014. 74 % av toga på Bergensbanen i 2015 var i rute.

Med NSB Lokaltog Bergen–Voss–Myrdal og Bergen–Arna reiste det 1 692 000 passasjerar i 2015. Det er ein nedgang på 1,2 % frå 2014. For strekninga Bergen–Arna var 97 % av toga i rute, og for strekninga Bergen–Voss–Myrdal var 86 % av toga i rute.

Arbeidet med dobbeltspor mellom Arna og Bergen gjennom Ulrikken starta i 2015.

## Satsar vidare på trolleybussane

Fylkestinget i Hordaland vedtok i 2015 å redde trolleybussane, og brukte 19 millionar kroner til kjøp av infrastruktur knytt til drifta av trolleybussnettet i Bergen.

Trolleybussane har lange tradisjonar i Bergen, like sidan 1950 og er dei einaste av sitt slag i landet. I dag er det berre linje 2 frå Bergen sentrum til Birkelundstoppen igjen. Fylkesutvalet har vedteke at ved nytt anbod bør alle bussane på linje 2 vere elektriske og at det blir kjøpt inn nok nye trolleybussar. Det er og politisk ønskje om å utvide trolleybusslinja, både mot Sædalen, Nesttun og mot Laksevåg.

Fylkeskommunen kjøpte infrastrukturen av Tide AS som framleis skal drifte trolleybussane ut inneverande anbudsperiode fram til 2018, 2019 eller 2020, avhengig av opsjon i eksisterande kontrakt. Bybanen AS har overteke drifta og vedlikehaldet av infrastrukturen. Dei seks trolleybussane var dei siste «gule» bussane i Bergen. Mot slutten av 2015 fekk dei same farge og design som dei andre bussane til Skyss.

## RAMMER TIL KOLLEKTIVDRIFT

Den største delen av Skyss sine kostnader er knytt til busdrift. Kostnader knytt til buss utgjør 57 prosent av totalkostnadane, og inkluderer ordinær skuleskyss. Ordinær skuleskyss er skyss av skuleelevar utført med rutegående buss.

Dei totale brutto kostnadane til kollektivdrifta var i 2015 på 2,293 milliardar kroner. Dette er ein auke i kostnader på 6,43 prosent sett i høve 2014. Over halvparten av auken er knytt til individuelt tilrettelagt skuleskyss, eit ansvarsområde som frå 2015 i si heilheilt vart overført frå samferdselsavdelinga i fylkeskommunen til Skyss. Individuelt tilrettelagt skuleskyss er skyss av skuleelevar som i hovudsak vert utført med drosjetransport. I 2013 var alle kostnader knytt til skuleskyss med i rekneskapsposten for buss.

Ut over endringane knytte til skuleskyss skuldast kostnadsauken frå 2014 til 2015 i stor grad kontraktsmessige forhold og justeringar.

Overgang frå netto- til bruttokontraktar på fleire båtsamband er årsaka til auken i bruttokostnader til båt frå 2013 til 2014. Bruttokontrakt inneber at operatøren får eit avtalt beløp, medan oppdragsgjevaren har ansvar for passasjerinntektene. Nettokontrakt inneber at operatøren har ansvar for passasjerinntektene i tillegg til det avtalte beløpet operatøren får for å drifte tenesta oppdragsgjevar kjøper. I 2015 er alle kontraktar for buss og bane bruttokontraktar. For båt har ein både netto- og bruttoavtalar. Ferjekontraktane er nettokontraktar, men ein førebur no å lyse desse ut som bruttokontraktar.

Administrasjonskostnader omfattar i hovudsak lønskostnader, medan generell drift i hovudsak omfattar

kostnader bundne opp i faste aktivitetar, som til dømes drift av kundesenteret og drift- og vedlikehald av IKT-system. Gjennom stram økonomistyring er kostnader knytte til administrasjon og drift vorte redusert frå 2014 til 2015. Dette trass i for høgt ambisjonsnivå, høg aktivitet og omfattande utviklingsoppgåver.

Skyss sine inntektskjelder er i hovudsak billettinntekter, refusjon frå kommunar for ordinær skuleskyss og belønningmidlar frå staten. I tillegg til desse inntektene vert kollektivdrifta finansiert med fylkeskommunale midlar.

Billettinntektene for buss og bybane har auka noko frå 2014 til 2015. Dette kan sjåast i samanheng med auka passasjertal frå 2014 til 2015 og auka billettakstar frå 1. februar 2015.

Årsaka til at billettinntektene for båt auka markant frå 2013 til 2014 var at Skyss gjekk over til å nytte bruttokontraktar for fleire samband, der Skyss får passasjerinntektene.

Skyss sine inntekter dekker om lag 40 prosent av Skyss sine kostnader. Om lag 60 prosent av kostnadane vert dekkja med budsjettmidlar frå Hordaland fylkeskommune. I 2015 utgjorde Hordaland fylkeskommune sin finansiering 1 387 millionar kroner. Budsjettet for 2015 var på 1 381 millionar kroner.

**Kollektivtransport i distrikta**  
Etter vedtak i regjeringa, blei Tilskots-





Foto: Rune Sævig

ordninga for kollektivtransport i distrikta (KID-ordninga) utfasa i 2015. Dei siste prosjekta som fekk glede av midlane var «ungdomsruter i Fjell», «servicebussen i Sund», «samordna transport i Austrheim» og «prosjekt bestillingstransport på Voss». Dei førstnemnde prosjekta blir drifta i kommunal regi, og det siste – som no er avslutta – i fylkeskommunal regi. Etter retningslinjene for KID-ordninga er det gjeve statleg stønad til oppstart av prosjekt som etter tilskotsperioden kan halde fram i lokal regi. Dei nemnde prosjekta i kommunal regi held no fram.

#### Strategi for innfartsparkering

Hordaland fylkeskommune har vedteke ein strategi for innfartsparkering fram mot 2030, og Bergen kommune sa seg samd i hovedprinsippa. Innfartsparkering er parkering ved ein stasjon eller haldeplass der ein reiser kollektivt vidare. Strategien har delt merksemd på Bergen og omlandskommunane. I Bergen blir arbeidet med innfartsparkering koordinert med vidare utbygging av Bybanen (Birke-landsskiftet og Åsane). I påvente av endeleg trase for Bybanen blir det også arbeid med mellombelse løysingar for innfartsparkering i Åsane. Her er det aktuelt med både leigde plassar og plassar i offentleg eige.

#### REKNESKAP BRUTTO DRIFTSKOSTNADER

	2015	2014	2013
Buss	1 296 383 000	1 242 498 000	1 258 255 000
Bybane	223 054 000	232 699 000	192 961 000
Båt	178 280 000	174 715 000	103 768 000
Ferje	309 733 000	303 635 000	311 714 000
Skuleskyss særskilt tilrettelagt	156 446 000	57 746 000	0
Administrasjonen og drift	129 302 000	134 514 000	129 183 000
<b>Total brutto kostnader</b>	<b>2 293 198 000</b>	<b>2 145 807 000</b>	<b>1 995 851 000</b>

#### REKNESKAP INNTEKTER

	2015	2014	2013
Billettinntekter buss	526 554 000	499 260	472 084 000
Billettinntekter bane	129 783 000	116 942 000	130 582 000
Billettinntekter båt	44 670 000	42 446 000	5 205 000
Skuleskyss ordinær refusjon kommunar	128 129 000	113 000 000	108 358 000
Belønningsmidlar	31 000 000	31 000 000	27 000 000
Andre inntekter	45 735 000	45 601 000	37 061 000
<b>Totale inntekter</b>	<b>905 871 000</b>	<b>848 852 000</b>	<b>780 285 000</b>

Fylkeskommunen si finansiering	2015	2014	2013
Rekneskap	1 387 327 000	1 296 955 000	1 215 566 000
Budsjett	1 381 960 000	1 257 688 000	1 194 725 000

## Unikt tilbud til sykklistane

I 2015 opna den første kombinerte bybanetunnel og gang- og sykkel tunnel i landet på strekninga Lagunen–flyplassen.

Dyrhovdtunnelen er 120 meter lang og er ein del av den 4,2 kilometer lange gang- og sykkelvegen mellom Sandsli haldeplass og Ytrebygdsvegen. Gang- og sykkelvegen er tre meter brei, mens fortaua er to meter breie. Den kombinert bybane- og sykkel-tunnel er ein del av byggjesteget 3 for Bybanen mellom Lagunen og Flesland.

I Fabrikkgaten opna sykkelveg med fortau i desember. Dette er eit viktig tverrsamband aust–vest for sykkel i Bergensdalen, som koblar hovedruta fra sør mot Høgskulen på Kronstad og Haukeland sjukehus. Tiltaket inneheld ny sykkelveg med fortau på 400 meter i Fabrikkgaten mellom Kanalveien og Inndalsveien. Haldeplass for buss oppgradert som ein del av tiltaket.

Langs Liavatnet og som det av Ringveg vest byggetrinn 2 er det bygd totalt 2,1 km med fortau og gang- og sykkelveg. Tiltaket utgjør ein del av hovudsykkelruta frå Bergen sentrum mot Bergen vest, Askøy og Sotra. Sykkelfeltet i Lyderhornsveien på strekninga Nygård–Lyngbø er eit viktig del av tilbudet på Laksevågruta mellom Bergen sentrum, Laksevåg og Bergen vest. Det har også vore gjennomført skilting og merking av ei rekke sykkelruter i sentrale strøk.

I 2015 opna sykkel teljarar med grafisk visning på gamle Nygårdsbro og i Sandviken. Teljarane er sett opp for å kartlegge sykkeltrafikken i retning sentrum. Tavlene gir informasjon til forbipasserande om tal syklende i løpet av dagen og totalt tal syklende hittil i år. Tal syklende på gamle Nygårdsbro viser at det var i gjennomsnitt 1343 syklistar kvart døgn i 2015. Sandviken har færre syklistar. Der var gjennomsnitt pr. døgn i 2015 539 syklistar.

For å auke tilbudet om sikker sykkelparkering i Bergen sentrum opna i juni 2015 sykkel parkeringshus i sentrum: Det er etablert to nye sykkel parkeringshus, eit på Nøstet og eit ved Bergen rådhus. Kvart av sykkelhusa har plass til 48 sykklar i 2 etasjar og utgjør ei vesentleg auke i tilbudet.

I tillegg til vidareutvikling av innfartsparkeringstilbodet blir det også arbeidd med ei mogleg betalingsløysing for innfartsparkering. Innfartsparkering for sykkel skal etablerast på alle store kollektivknutepunkt i bergensområdet.

### Betre framkomst i Fyllingsdalen

Reguleringsplan for kollektivfelt Fyllingsdalen, Fyllingsdalsveien, Allestadveien – Skarphaugen blei prosjektert og arbeidet starta opp i august 2015. Tiltaket er ein del av eit større prosjekt for samanhengande kollektivfelt gjennom Fyllingsdalen.

### Skuleskyss

Lovpålagt skuleskyss utgjør ein betydeleg del av kollektivtilbodet, særleg i distrikta. Nedlegging og samanslåing av grunnskular fører ofte til lengre reiseavstandar og fleire elevar med rett på skyss. Fritt skuleval og delt omsorg er også faktorar som gir innverknad på behov for skuleskyss.

Det auka behovet for skuleskyss er ressurskrevjande. Når ein treng fleire nye avgangar til same tid, til dømes til skulestart om morgonen, blir det behov for både fleire bussar og fleire sjåførar. Desse vil ikkje nyttast meir enn i ei svært kort tidsrom, noko som gjev dårleg utnytting av ressursane. Betre samordning av start- og sluttider på skulane kan difor gje store innsparingar på transportsida.

### Fakta om skuleskyss:

- 16 672 elevar i grunnskulen hadde rett på skuleskyss i fjor, mot 15 947 i 2014.
- 1 886 elevar i grunnskulen hadde tilrettelagt skyss med drosje eller privat skyssløysing.
- 3 246 elevar i vidaregåande skule hadde rett på skuleskyss, mot 3 011 til 3 246 i 2014.
- 605 elevar i videregående skule hadde tilrettelagt skyss med drosje eller privat skyssløysing.
- 106,8 millionar kroner kosta skuleskyss i grunnskulen i 2015.
- 78,7 millionar kroner var kostnaden for skuleskyss til elevar i den vidaregåande skulen i 2015.





**10** MILLIONAR  
passasjerar reiste med  
Bybanen i 2015

**42** METER  
lang er dei nye  
bybanevognene

## Rekordauke på Stord lufthamn

Med 25 prosent fleire passasjerar, er Stord lufthamn den lufthamna i Noreg som kan vise til den største prosentvise passasjerauken i 2015. Planlegging for utviding av terminalbygget har starta.

47 817 passasjerar reiste i 2015 over Stord lufthamn. Samanlikna med 2014 utgjer dette ein auke på 9 568 passasjerar eller 25 %.

38 509 personar nytta seg av Osloruta medan resten nytta seg

av Kværner Stord (Widerøe) sine charterfly til Molde. Osloruta hadde ein auke på 4 247 passasjerar eller 12,4 % samanlikna med 2014. JET-PAK har i 2015 sendt 7 849 kilo med frakt over lufthamna.

Også talet på lettingar og landingar, såkalla flyrørslar aukar. I 2015 registrerte lufttrafikkenesta 8 544 flyrørslar i luftrommet sitt. Dette er ein auke på 430 flyrørslar eller 5,3 % samanlikna med 2014.

Stord lufthamn spelar ei viktig rolle når det gjeld beredskap og avlastar Bergen lufthavn, Flesland med treningsflyging for fly og helikopter.

Lufthamnselskapet utvida i 2015 parkeringsplassen for bilar med 50 nye plassar. Ein har vidare starta planarbeidet for ei utviding av terminalbygget. Utfordringa i 2016 er å sikre ein god frekvens på Osloruta, og å jobbe for ein auke i chartertrafikken.

## Auke i bompengereinkommene

I 2015 blei innkrevinga av bompengar for Osterøybrua avslutta. Samla for alle bompengeprojekta i Hordaland blei det i 2015 krevd inn 1 240,2 millionar kroner. Samanlikna med dei totale inntektene i 2014 er det ein auke i inntektene i 2015 med 2,3 %. Auken i inntektene for Askøybrua på 432,2 %, kjem av at innkrevinga starta 1. november 2014. Hardangerbrua hadde ein auke i tal køyretøy på 6,7 %, og ein auke i inntekter på 12,2 %.

Jondalstunnelen kan vise til ein ny auke i tal passeringar i 2015 på 15,8 % og auke i inntekta på 15,6 %. Inntektene frå ferjesambandet Gjermundshamn–Årsnes auka med 8 % frå 2014, og talet på køyretøy auka med med 5,5 %. Bompengeringen i Bergen har registrert ein nedgang på 679 629 køyretøypasseringar i 2015, som er ein nedgang på 1,3 %. Inntektene hadde ein nedgang på 3,9 % i inntektene.

	Bompengar mill. kr.			Køyretøy		
	2014	2015	Endring i %	2014	2015	Endring i %
Bompengeringen i Bergen	765,0	735,2	-3,9	52 200 536	51 520 907	-1,3
Osterøybrua <sup>1</sup>	53,3	23,2	-56,5	1 180 750	522 280	-55,8
E 134 Åkrafjordvegen	23,4	23,5	0,4	623 152	630 773	1,2
Følgefonntunnelen	16,5	17,1	0,1	356 862	400 155	12,1
E39 /fylkesvegvar Stord/Fitjar	25,2	22,3	-11,5	974 126	973 235	-0,1
Halsnøysambandet	21,0	22,3	6,2	315 469	343 863	9,0
Hardangerbrua	90,0	101,0	12,2	591 838	631 576	6,7
Austervollsbrua	17,3	18,4	6,4	337 705	343 380	1,7
Jondalstunnelen	12,8	14,8	15,6	155 267	179 873	15,8
Voss og omland Bomp.	86,5	85,5	-1,2	2 455 027	2 560 525	4,3
Kvam Bompengeselskap	30,2	30,1	-0,33	950 307	988 523	4,0
Gjermundshamn–Årsnes	5,0	5,4	8,0	227 668	240 089	5,5
Bømlo Vegselskap AS <sup>2</sup>	48,9	50,4	3,1	1 252 678	1 355 697	8,2
Askøypakken <sup>3</sup>	17,1	91,0	432,2	1 379 739	8 072 125	485,0
<b>Sum</b>	<b>1212,2</b>	<b>1240,2</b>	<b>2,3</b>	<b>63 001 124</b>	<b>68 763 001</b>	<b>9,1</b>

<sup>1</sup> Innkreving på Osterøybrua vart avslutta 15. juni 2015

<sup>2</sup> Tala frå Bømlo Vegselskap har og med seg tala for ferjesambandet Langevåg–Buavåg

<sup>3</sup> Innkreving for Askøypakken starta 1. november 2014

Kjelder: Bompengeprojekta sine rekneskapsførarar



## Fleire utenlandsreiser frå Flesland

Kald sommar på Vestlandet gav fleire reiser til utlandet, medan utfordringar i oljenæringa gav nedgang innanriks. Flesland var i 2015 også prega av byggearbeid knytt til ny terminal.

Seks millionar flypassasjerar reiste til og frå Bergen lufthavn, Flesland, i 2015. Samanlikna med 2014 er dette ein nedgang på 3,2 %. Talet på innanlandspassasjerar var omlag 3,5 millionar, ein nedgang på 3,5 % frå 2014. Talet på utlandspassasjerar auka med 2,2 % til 2,2 millionar.

Nedgangen i flytrafikken innanlands er tett knytt til olje- og oljerelaterte næring i regionen. Låg oljepris, innsparingar og oppseiingar har konsekvensar for reiseverksemda til og frå Bergen lufthavn, Flesland.

Utlandstrafikken auka, særleg etter den kalde og våte sommaren på Vestlandet. Det var auke til ein rekkje storbyar i Europa, og charterselskapa melde i haust om svært fulle fly til varmare strøk.

Talet på offshore-passasjerar med

helikopter i 2015 var 207 667, ein nedgang på 15,7 % frå 2014.

Nedgangen i offshore-trafikken gir og nedgang i flytrafikken til og frå Bergen, fordi mange oljearbeidarar bur i andre fylke. 2015 har vore prega av byggearbeidet, som er i rute og på budsjett. Bygget var tett før jul, den store glassfasaden er montert, Bybanestasjonen i underetasjen er nesten klar og fleire løysingar for energisparing er på plass. 17. august 2017 står den nye flyterminalen på Bergen lufthavn, Flesland klar.

## AUKAR KAPASITETEN PÅ KOLLEKTIVTRAFIKKEN

Lengre bussar og lengre bybane aukar kapasiteten for kollektivtransporten i Bergen. Både Bybanen og maksibussane bidreg til mindre utslipp av miljøgassar i Bergen.

21. oktober 2015 kom den første lange bybanevogna. Den er 42 meter, 10 meter lengre enn dei noverande vognene. I tillegg har Skyss to maksibussar som er 24 meter lange, dobbelt så lange som ein vanleg buss.

Totalt skal det kome åtte nye lange bybanevogner til Bergen. Og dei eksisterande 20 bybanevognene som er 32 meter lange, skal alle byggast om slik at dei også blir 42 meter. Dei lange bybanevognene aukar kapasiteten med 60 passasjerar frå 220 til 280. Dei lange maksibussane har plass til 105 passasjerar, dobbelt så mange som i ein vanleg buss.

Både Bybanen og maksibussane bidreg til mindre utslipp av miljøgassar i Bergen. Maksibussane er eit prøveprosjekt som skal evaluerast. Dei går på biogass og har svært lågt utslipp. Målingar syner at utslappa av nitrogendioksid (NO<sub>2</sub>) er nær null. Utsleppa av CO<sub>2</sub> og andre gassar er og svært låge. Utsleppa av nitrogenoksid er så lågt at det tilsvarar utslippet frå éin bensindriven personbil. Ein vanleg dieselbuss har 350 gonger større utslipp. Årsaka til dei låge utslappa er at maksibussane blir drivne av ein elektrisk motor, der straumen kjem frå batteri som blir lada av ein biogassmotor og av bremseenergi.



Foto: Bjarte Brask Eriksen

Førebels trafikkerer to maksibussar linje 9 Bergen sentrum–Høgskulen på Kronstad. Bussane kan og trafikkere linje 2 Bergen sentrum–Birkelundstoppen. Det er og politisk ønskje om å bruke bussane mellom Åsane og Bergen sentrum, men bussane er så lange at dei treng dispensasjon frå Vegdirektoratet på kvar enkelt strekning. Førebels er det gjeve dispensasjon for linje 9 og linje 2.

## PLANLEGG INFRASTRUKTUR FOR FRAMTIDA

Ferjefritt mellom Os og Stord, opprusting av strekninga Arna–Voss og utvikling av Bergensbanen er store og viktige tema som det har vore mykje merksemd rundt i 2015. Hordaland fylkeskommune har ei sentral rolle i utvikling og prioritering av overordna transportinfrastruktur i Hordaland.

I 2015 har rolla som regional utviklingsaktør i særleg grad omfatta arbeid knytt til E 39 Hordfast, E 16 Voss–Bergen/Vossebanen, Rv555 Sotrasambandet og Bergensbanen.

### Ferjefri E39 mellom Os og Stord?

I 2015 har ein særleg arbeidd med statleg plan for E 39 mellom Os og Stord, Hordfast. Samstundes har det blitt gjennomført «Moglegheitsstudie for fylkesvegsamband knytt til E 39 Bergen–Rogaland» med sikte på å utgreie konsekvensane for tilstøytande fylkesvegnett og for regional utvikling i området.

Fylkeskommunen har ansvaret for Kontaktutval for E 39 Hordfast, der formålet i hovudsak er å koordinere regionale og kommunale interesser i det statlege planarbeidet, vurdere rammer for lokal delfinansiering gjennom bompengeneinnkreving, og sikre framdrift og prioritering i Nasjonal transportplan. Kontaktutvalet blir leia av fylkesordføraren og er sett saman av representantar frå gjeldande kommunar og frå næringsliv- og arbeidsliv. Kontaktutvalet arrangerte i mai 2015 ein eigen Hordfastkonferanse i Bergen.

### Sikker og rask veg frå Bergen til Voss

Med grunnlag i gjennomført konseptvalutgreiing (KVU) vedtok regjeringa på slutten av 2015 at K5-konseptet skal leggjast til grunn for vidare planlegging og framtidig utbygging av vegstrekninga E 16 Arna–Voss

og Vossebanen. Dette gjeld i første omgang på strekninga Arna–Voss. K5 omfattar firefelts veg mellom Arna og Romslo, og ny tofelts veg vidare mot Voss, i tillegg til dobbeltspora jernbane på heile strekninga. Den vidare planlegginga skal gå føre seg innanfor rammene av statleg plan.

Fylkeskommunen har etablert eit politisk kontaktutval for E 16 Arna–Voss/Vossebanen som skal sikre framdrift i det vidare planarbeidet og prioritering i Nasjonal transportplan. Spørsmålet om lokal delfinansiering gjennom bompengeneinnkreving blir også eit tema i kontaktutvalet. Kontaktutvalet er sett saman av politisk leiing i kommunane Bergen, Vaksdal og Voss, i tillegg til representantar frå Statens vegvesen og representantar frå næringsliv- og arbeidstakarliv.

### Løftar fram nye Bergensbanen

Etter tinging frå Samferdselsdepartementet vart det i 2015 utarbeidd ei

oppdatert vurdering av vidare arbeid med Ringeriksbanen, der den vart sett i samband med utbygging av E 16 på same strekning. Jernbaneloverket fekk klarsignal til å starte planlegginga av ei felles utbygging av E 16 og Ringeriksbanen, med mål om byggjearbeid i 2019. Forum nye Bergensbanen har vore ein viktig aktør og bidragsytar i arbeidet med Ringeriksbanen. Hordaland fylkeskommune har leia arbeidet i Forum nye Bergensbanen i 2015, der oppfølging av Jernbaneloverket sitt vidare planarbeid og å sikre prioritering av Ringeriksbanen i Nasjonal transportplan vert viktige tema framover.

### Finansiering Sotrasambandet

Reguleringsplan for Rv555 Sotrasambandet vart lagt ut på høyring siste halvdel av 2015 med forslag til vegløyseing og kostnadsoverslag. Fylkeskommunen har ansvaret for eit politisk kontaktutval for finansiering av Rv555 Sotrasambandet. Kontaktutvalet vert leia av fylkesordføraren.



Illustrasjon: Statens vegvesen



# OPPLÆRING

---

Hordaland fylkeskommune heldt fram arbeidet med å styrke samarbeidet mellom skule og arbeidsliv. Det vart sett inn tiltak for å auke gjennomføring i vidaregåande skule.

---



## TETTARE SAMARBEID MELLOM SKULE OG NÆRINGS LIV

I 2015 heldt Hordaland fylkeskommune fram det viktige arbeidet med å styrke samarbeidet mellom skule og arbeidsliv for å sikre næringslivet rett kompetanse for framtida.

Norsk næringsliv er avhengig av god rekruttering av høgt kvalifiserte fagarbeidarar. Opplæringa i skulen skal kvalifisere elevane til å gå ut i lære, men overgangen frå Vg2 til lære på yrkesfaglege utdanningsprogram er kritisk fordi mange i denne overgangen fell ut av vidaregåande opplæring. Tilgangen til læreplassar påverkar overgangen i stor grad, og varierar frå fylke til fylke. I Hordaland er talet på lærekontraktar 2130, som er omtrent det same som i 2014 då det blei godkjent 2107 kontraktar.

Auka læringsutbytte og fullføring er hovudmålet for den vidaregåande opplæringa i Hordaland fylkeskommune. All pedagogisk verksemd ved skulane skal bygge opp under hovud-

målet. Frå klasserom og verkstad til kontor og andre arenaer skal vi følgje opp kva elevane skal lære, vite kva dei har lært og kva ein gjer når dei ikkje lærer det som er forventa til ulike tidspunkt.

### Tiltak for auka gjennomføring

Når ein vurderer kor mange av elevane som fullfører og består vidaregåande opplæring, måler ein frå dei startar i vidaregåande skule (Vg1) og fem år fram. For elevane som starta på Vg1 i ein offentleg vidaregåande skule i 2009, var det 69,5 % som hadde fullført og bestått innan fem år. Dette er ein oppgang på 0,6 prosentpoeng frå året før. Nasjonalt er talet 70,3 %. Mange av elevane som ikkje har fullført og bestått, har ikkje slutta,

men manglar eitt eller fleire fag eller er framleis i opplæring.

Det er tett samanheng mellom kva resultat elevane har med seg frå ungdomsskulen og sjansen for å gjennomføre vidaregåande opplæring. Det er ofte i overgangane mellom trinna i vidaregåande opplæring at mange fell frå. Innsatsen for å kartlegge, identifisere og følgje opp elevar som står i fare for å avslutte opplæringa, er derfor sentral for å auke gjennomføringa.

I alt arbeidet Hordaland fylkeskommune gjer med auka gjennomføring er det to pilarar som er viktige. Den eine er korleis vi kan førebyggje at elevar sluttar, og den andre er korleis vi kan tilbakeføre dei elevane som trass alle forsøk har slutta i vidaregåande opplæring.

Tiltaka som blir sette inn for å nå måla om auka gjennomføring, er mange. Nokre tiltak er tilbod om kompetanseheving retta mot lærarar og skuleleiarar. Andre er retta direkte mot yrkesfaglege elevar og deira utdanningsløp. Fylkeskommunen har også ansvar for å ha oversikt over all ungdom mellom 16 og 21 år som ikkje er i vidaregåande opplæring eller i arbeid, og skal sørge for at desse ungdommane får tilbod om opplæring og hjelp til utprøving i arbeidslivet.

### Fleksible modellar


For å sikre at elevar i yrkesfaglege utdanningsprogram får ei relevant opplæring, har både lærarar og skule-



Foto: Marten Warvik

leiarar i 2015 vore kursa for å få betre kunnskap og auka medvit om yrkesretting av fag som matematikk, norsk, engelsk og naturfag.

Fag- og yrkesopplæringa har blitt meir fleksibel, og det er fleire måtar å fullføre fag- og sveinebrev på enn hovudmodellen som er to år i skule og to år i lære. Forsøksordninga med vekslingsmodellen blei vidareført i 2015. Elevane startar læretida i løpet av første året i vidaregåande skule (Vg1), og tar teorien som modular i løpet av læretida.



**«Auka læringsutbytte og fullføring er hovudmålet for den vidaregåande opplæringa i Hordaland.»**

Sommarskolen blei arrangert for niande gong i 2015, og er eit samarbeid mellom fylkeskommunen og Røde Kors. Tilbodet samla 131 deltakarar i Bergen, Askøy, Stord og Knarvik. Ei av målgruppene var elevar på yrkesfag som ikkje hadde bestått i matematikk, og desse elevane kunne ta ny eksamen siste dag av sommarskolen. Deltakarane fekk også tilbod om norskundervisning.

#### **Robust skulestruktur**

Det viktigaste verktøyet i arbeidet

med skulestrukturen er skulebruksplanen. Den gjev viktige føringar for framtidige investeringar og legg til grunn prinsipp om regional skulestruktur og robuste fagmiljø. Desse skal vere i stand til å møte endringar i utdanningstilbodet på kort og lang sikt. Planen legg langsiktige føringar på korleis det vidaregåande opplæringstilbodet skal innrettast framover, og den representerar Hordaland fylkeskommune si prioritering på større investeringar i skulebygg dei komande åra.

Det overordna målet for skulebruksplanen er å gi eit økonomisk berekraftig tilbod som er tilpassa til kor elevane bur og til næringslivet og samfunnet sitt behov for kompetanse. Investeringsnivået har vore høgt i dei siste åra, og framover vil investerings- takten bli noko lågare enn i 2015. Ein arbeider målretta med å samle fagtilbod og utnytte eksisterande bygningsmasse. I dette arbeidet ligg også ei vurdering av kva skular og skulebygg som er minst tenleg å behalde i framtida.

På grunn av overkapasitet innan studiespesialiserande utdanningsprogram i Bergen vedtok fylkestinget i desember 2015 å legge ned Fana gymnas frå skuleåret 2016–17.

#### **Nye studieførebuande program**

Det er vedteke ny tilbodsstruktur for dei nye studieførebuande programma innan Medier- og kommunikasjon (MK) og Kunst, design og arkitektur (KDA) i Hordaland. MK er endra frå eit

## **Mobbeombod for elevar og lærlingar**

Gjennom tilsetjinga av mobbeombod styrkte Hordaland fylkeskommune i 2015 det systematiske arbeidet med læringsmiljøet. Mari-Kristine Morberg er mobbeombod for elevar i den vidaregåande skulen og for lærlingar i Hordaland. Ho er det fjerde mobbeombodet i landet etter Buskerud, Nordland og Østfold.

Mobbeombodet skal blant anna ivareta retten til eit trygt og godt læringsmiljø for elevar og lærlingar, formidle kunnskap og informasjon om elevane sine rettar til eit godt psykososialt miljø. I tillegg skal ombodet vere ein dørøpnar for hjelpe- tenester, og rettleie elevar, lærlingar og føresette i prosedyrar og saksgang. Mobbeombodet er også i kontakt med skulane og elevråda og støttar dei i det førebyggjande arbeidet mot mobbing. Mobbeombodet mottok 14 saker i 2015, men har ikkje myndigheit til å pålegge skular eventuelle tiltak.

Mobbeombodet er på Facebook under [www.facebook.com/ombodet](http://www.facebook.com/ombodet)

## **Nye nettsider for 46 vidaregåande skular**

I 2015 fekk alle dei vidaregåande skulane i fylket nye nettsider. Dei er moderne, brukarorienterte og heilt i tråd med dagens krav om universell utforming og responsivitet. Det vil seie at sidene skal tilpasse seg mobil og nettbrett. Sidene gjer det enkelt for alle å finne fram til dei ulike studietilboda for kvar skule, samt dei viktigaste verktøya for elevane.





yrkesfagleg program til eit studie-  
førebuande programområde. Studie-  
programmet KDA erstattar studie-  
spesialiserande med formgjeving, og  
er ei satsing på estetiske fag i skulen.  
Begge fagområda representerer rela-  
tivt smale fag med små fagmiljø og få  
elevar. I den nye tilbodsstrukturen blir  
tilbodet samla på færre skular, og  
dei nye faga blir innførte frå skuleåret  
2016–17. Samstundes blir yrkesfagleg  
Medier- og kommunikasjon og studie-  
spesialiserande med formgjeving  
fasa ut.

#### **Størst på vaksenopplæring**

Hordaland er det største vaksen-  
opplæringsfylket i landet med  
3049 kursplassar. Fram til og med  
2015 hadde fylket ni vaksen-  
opplæringsssenter. Fylkestinget  
vedtok ei endring til fem større  
senter som blir etablerte på Bergen  
katedralskole, Sotra vidaregåande  
skule, Stord vidaregåande skule,  
Voss vidaregåande skule og Åsane  
vidaregåande skule. Større vaksen-  
opplæringsssenter styrker fagmiljøa  
og sikrar betre kvalitet og utvikling  
av tilboda.

På bakgrunn av fylkestingsvedtaket  
blei gamle Bergen handelsgymna-  
sium totalrenovert i 2015, og  
vaksenopplæringsssenteret ved  
Bergen katedralskole har nyleg  
flytta inn i dei nye og flotte lokala.

#### **Aksjon Lærebedrift Hordaland**

Mange elevar på yrkesfaglege utdan-  
ningsprogram får ikkje læreplass, og  
på bakgrunn av dette har NHO Horda-  
land, LO Hordaland og Hordaland  
fylkeskommune gått saman om pro-  
sjektet Aksjon Lærebedrift Hordaland.  
Samarbeidsprosjektet skal bidra til å  
auke talet på læreplassar i fylket, og  
det er gjennomført mange tiltak for å  
få fleire bedrifter til å ta inn lærlingar  
og motivere fleire ungdommar til å  
velje yrkesfag. Det mest omfattande

tiltaket i 2015 var Læreplasskonfer-  
ansen som samla 637 elevar og 37  
lærarar i Grieghallen. Formålet med  
konferansen var å styrke elevane  
sin innsats for sjølve å skaffe seg  
læreplass, og elevane møtte fore-  
dragshaldarar og representantar for  
mange bedrifter som kunne motivere  
og rettlege dei. Responson frå elevane  
var større enn arrangørane hadde  
sett føre seg på førehand, og det vart  
raskt avgjort at konferansen skulle  
arrangerast årleg.

#### **Arena for kvalitet**

I november 2015 arrangerte fylkes-  
kommunen i samarbeid med Ut-  
danningsdirektoratet konferansen  
«Arena for kvalitet i fagopplæringa». Kon-  
feransen samla over 600 delta-  
karar frå heile landet. Kunnskaps-  
minister Torbjørn Røe Isaksen var til  
stades på konferansen og snakka om  
nytta av samarbeidet mellom skule  
og arbeidsliv og verdien det har for ei  
bedrift å ta imot lærlingar og inngå  
lærekontraktar. Konferansen er den  
største samlinga for alle dei som er  
ansvarlege for fagopplæringa i Norge,  
og deltakarane fekk oppleve utdeling  
av sveinebrev til eit knippe lærlingar.

#### **Hospitering**

Gjennom hospiteringsordninga har  
lærarar og rådgjevarar høve til å  
hospitere i bedrifter eller ved ein  
annan skule. På same måte kan fag-  
lege leiurar i bedrifter hospitere ved  
ulike skular. Målet med hospiter-  
inga er oppdatering eller utviding  
av fagkunnskapen hos deltakarane.  
Ordninga er eit tiltak for å styrke sam-  
arbeidet mellom skule og arbeids-  
liv, og gjev moglegheit til å utvikle  
gode nettverk og dele kunnskap og  
kompetanse. Dette kan igjen føre til  
at elevane opplever undervisinga og  
opplæringa meir relevant. I 2015 var  
53 deltakarar frå skular og bedrifter  
med i hospiteringsordninga. Året før  
var det 47 deltakarar i ordninga.

### Fag på nett


Hordaland fylkeskommune utvida tilbodet om nettundervisning for elevar i vidaregåande opplæring frå to til sju fag frå hausten 2015. Nettundervisninga har som formål å styrke fagtilbodet i distrikta, og slik styrke skulane sin posisjon som lokale læringsarenaer. Tilbod om undervisning på nett er særleg retta mot programfag med få søkjarar.

Om lag 70 elevar har nytta seg av tilbodet skuleåret 2015–16. Faga det blir undervist i er fordjuping i fransk, spansk, tysk, kinesisk, matematikk og geofag. Minoritetsspråklege elevar som treng særskilt norskopplæring har i tillegg kunne delta på nettkurs i norsk.

### Karriererettleiing

I ei tid prega av store krav til omstilling i arbeidslivet, har Hordaland fylkeskommune fokus på karriererettleiing som verkemiddel. Fylkeskommunen arbeider for å styrke rådgjevinga i skulen for å imøtekome det framtidige kompetansebehovet i arbeidslivet.

I 2015 blei det oppretta eit eige tilbod om individuell karriererettleiing i Leirvik på Stord for innbyggjarane i Sunnhordland. Det blei dessutan



arbeidd aktivt med å styrke karriererettleiinga i grunn- og vidaregåande skule. Sentralt i dette arbeidet var kurs for lærarar og rettleiarar med hovudfokus på arbeidsliv og kompetansebehov i regionen.

Nytt av året var at Hordaland fylkeskommune starta eit omfattande samarbeid med NAV Hordaland om overføring av kompetanse i karriererettleiing til NAV-tilsette.

Karriererettleiingsarbeidet omfatta også å informere om utdanningstilbod i fylket. Fylkeskommunen administrerer her ei fylkesdekkande utprøving av utdanningsprogram i vidaregåande skule for 4500 elevar i ungdomsskulen. Elevar i 9. og 10. klasse kan velje eit utdanningsprogram innanfor vidaregåande opplæring som dei ønskjer å hospitere i. Elevane får deretter vere ein til to dagar på det utdanningsprogrammet dei sjølv har

valt ut. Dette gjer at ungdomsskuleelevar får kunnskap om vidaregåande opplæring i god tid før dei begynner i første klasse på vidaregåande skule, og dei kan lettare gjere meir gjennomtenkte val.

Fylkeskommunen ved pedagogisk psykologisk teneste arrangerer årlege møte med rådgjevarar i grunnskulen og PPT-grunnskule. Desse møta er viktige for å betre overgangen frå grunnskule til vidaregåande skule, og for å leggje opplæringa betre til rette for elevar med særlege behov.

Fylkeskommunen samarbeider elles med Universitetet i Bergen og høyskular for å styrke informasjonen om utdanninga i grunn- og vidaregåande skule. Når ungdom tar sine val for utdanning og yrke, er foreldra viktige medspelarar. Fylkeskommunen har i 2015 halde kurs for både foreldre, lærarar og rådgjevarar ved fleire ungdomsskular.

Hordaland fylkeskommune satsar også på å styrke det faglege nettverket på karriererettleiingsfeltet. I 2015 starta fylkeskommunen med regionale samlingar for rådgjevarar i den vidaregåande skulen. Målet er ein tettare dialog med skulane for å betre rådgjevingarbeidet i heile fylket.

## BRUTTO DRIFTSUTGIFTER UNDERVISNING

	Reknesk. 2012	Reknesk. 2013	Reknesk. 2014	Reknesk. 2015	Avvik netto bud. 2015
Vidaregåande skuler	2 394,6	2 482,2	2 550,7	2 585,2	-11,5
Lærling opplæring	252,6	285,1	306,2	340,7	-20,6
Spesialundervisning	90,8	102,8	88,9	94,1	8,2
Opplæring av vaksne m.m.	125,0	121,4	130,2	141,7	-9,9
<b>Sum brutto driftsutgifter</b>	<b>2 863,0</b>	<b>2 991,8</b>	<b>3 076,0</b>	<b>3 161,7</b>	<b>-33,8</b>

Tal i mill. kr. Løpende priser.





## NYTT LIV I ÆRVERDIG BYGNING

Sommaren for to år sidan gjekk dei siste elevane ut av Bergen handelsgymnasium. I januar 2016 blei den 112 år gamle bygningen tatt i bruk som Senter for voksenopplæring i regi av Bergen katedralskole. I mellomtida er den pussa opp og modernisert for 59 millionar kroner.

Skulen blei i si tid oppretta av handelsforeningen i Bergen for at framtidige kjøpmenn skulle få utdanning i faget. Skulen opna i 1904.

Oppussinga av den gamle skulebygningen er gjort av eigedomsavdelinga til Hordaland fylkeskommune. Skulen er tilbakeført til slik den ein gong var. Eføyen er vekke, og dei gamle fargane er på plass.

Eigedomsdirektør Jostein Fjærestad i Hordaland fylkeskommune er godt nøgd med oppussingarbeidet og slik bygget no står fram.

– Vi har klart å puste nytt liv i ein tradisjonsrik bygning. Vi har funne tilbake til den opphavlege fasaden og dei opphavlege fargane, sa Fjærestad.

Bygningen er blitt universell. Nye inngangar, ny flott port designa av Hans Pulles og heis med store glassflater. 35 tilsette har arbeidsplass i den nye Bergen katedralskole – senter for voksenopplæring.

Rektor Bjørn Kristian Jæger ved Bergen katedralskole seier at det nye voksenopplæringscenteret allereie er fullt utnytta.

– I 2015 hadde vi 3000 førespurnader og 1800 søknader. 560 har fått plass hos oss, seier Jæger.

## Rettleier sunnhordlendingar om karriereeval

– Vi har no gjennomført om lag 250 rettleiingssamtaler og ser eit tydeleg behov for tenestene våre i regionen, seier Marie Isdahl. Ho jobbar som karriererettleiar i Karriere Sunnhordland, eit individuelt karriererettleiingstilbod for alle sunnhordlendingar.

Frå nyttår 2015 starta Marie Isdahl og Birgit Olsen Bratseth som karriererettleiarar i Leirvik på Stord. Sjølv om dei individuelle karriererettleiingssamtalane starta alt i februar, handla den første tida mykje om å profilere det nye tilbodet i regionen.

– Vi besøkte alle NAV-kontora i dei åtte kommunane i regionen, samt vaksenopplæringskontora. Vi var i alle lokalavisene og stilte til radiointervju, seier Isdahl. Ho fortel at dei også heldt kurs og føredrag på vidaregåande skular om val av yrke og utdanning.

Etter kvart som tilbodet har blitt kjent er det stadig fleire som bestiller individuell karriererettleiing. Dei har fått mange positive tilbakemeldingar frå brukarane.

– Når familie og venner er rådgjevarar, vil det også vere følelsar involvert. Ein karriererettleiar er ein nøytral og profesjonell person som ein kan tenkje høgt saman med. Dette er ein fordel for den som skal bli rettleia, seier Isdahl.

Eit viktig mål for Karriere Sunnhordland er å utvikle ungdommar sin valkompetanse. Dette inneber å gjere dei betre kjente med seg sjølv, slik at dei kan verte meir bevisste på eigne val av utdanning og yrke.

– Å sjå at folk får ny kunnskap om seg sjølv i rettleiingssamtalane er ei svært god oppleving. Dette er med på å gjere vegen lettare når dei skal ta viktige val for framtida.

# 9537 PRIVATISTAR i 2015

## FAKTA OM OPPLÆRING I HORDALAND

### Fullført opplæring etter fem år

Prosentdelen som fullfører og består innan fem år etter at dei for første gong starta vidaregåande opplæring, har lege fast på mellom 67 og 70 prosent i mange år, både i Hordaland og nasjonalt. Tala for perioden 2009-2014, som er dei sist tilgjengelege tala, viste at Hordaland hadde ein oppgang på 0,6 prosentpoeng frå året før medan det nasjonalt var ein oppgang på 0,3 prosentpoeng. Det er store forskjellar mellom utdanningsprogramma når det gjeld grad av fullføring i løpet av fem år. Dei største forskjellane ligg mellom studieførebuande og yrkesfaglege utdanningsprogram.

### Vaksenopplæring

Hordaland fylkeskommune har ansvaret for å leggje til rette for at vaksne, som tidlegare ikkje har fullført vidaregåande utdanning, får tilbud om relevant opplæring slik at dei kan oppnå studiekompetanse eller fagbrev. Av dei 3049 kursplassane i 2015 var om lag 40 prosent innanfor studiespesialiserande fag og fellesfag

og 60 prosent innanfor yrkesfag. Helse- og oppvekstfag var klart det største utdanningsprogrammet, og vi ser at vaksne utgjør den viktigaste gruppa for rekruttering til desse faga.

### Privatistar

Hordaland fylkeskommune arrangerer skriftleg og munnleg privatisteksamen i heile fylket. Etter mange år med stor auke i talet på privatistar var det både i 2014 og i 2015 nedgang i talet på privatistar og talet på eksamenar. I 2015 vart det gjennomført 18 661 enkelteksamenar fordelt på 9537 privatistar. Det vart gjennomført eksamen i 509 ulike fag.

### Fagskulane

Hordaland fylkeskommune har tre fagskular med tilbod innan helsefag, maritime fag og tekniske fag. Fagskulane i Hordaland har auka jamleg dei siste åra men i 2015 var det ein nedgang på om lag 6 % frå året før. Vi ser dette i samanheng med situasjonen i olje- og gasssektoren. I 2015 vart det handsama ein NOU om fagskulane, og hausten 2016 er

det varsla ei stortingsmelding om fagskulane med sentrale tema som eigarskap, finansiering og kvalitet i utdanninga.

### Fagopplæring

Hordaland er eit av dei største fagopplæringsfylka i landet. Dei siste åra har tal på nye kontraktar auka, og vi har ikkje hatt så mange i lære nokon gong. Dette ser vi igjen på avlagde fagprøver som er det høgaste talet fagopplæringa har hatt, med over 3000 avlagde prøver.

Fag- og yrkesopplæringa er fleksibel og det er høve til å teikne lærekontrakt enten etter to år i vidaregåande skule, etter eit år i skule, eller direkte etter grunnskulen. Det er lærebedriftene som avgjer kven dei vil skrive kontrakt med. Ei endring i opplæringslova i 2014 gir elevar som gjennomfører fag- og yrkesutdanning med fag eller sveinebrev rett til eitt år påbygg for å få generell studiekompetanse. Dette kan vere med på å gjere det meir attraktivt å velje yrkesretta utdanning.

### GJENNOMFØRINGSTAL

2009-kull i offentlege skular	Prosent
Hordaland	69,5%
Nasjonalt	70,3%

2009-kull i offentlege skular, Hordaland	Prosent
Studieførebuande	79,1%
Yrkesfag	60,5%



**1161** STUDENTAR  
starta opp på Fagskulane  
i Hordaland i 2015

**3073** AVLAGDE FAGPRØVER  
fordelt på ulike opplæringsløp i 2015

**2130** GODKJENTE  
lærekontraktar/opplærings-  
kontraktar i 2015





Foto: Frode Andersen

## ELEVAR MED «eMOTIONS»

I februar sto elevar ved danselinja og musikklinja ved Langhaugen vidaregåande skule på scena i Grieghallen med førestillinga «eMotions». Tema var dei store skifta ein går gjennom i ungdomsåra: Frå usikkerheit til skråsikkerheit, frå jublande kjærleik til kjærleikssorg, frå høgt oppe til langt nede, og alle skråbakkane i mellom. Dei store variasjonane vart spegla både i dansenummera og i ulik musikk, frå barokken med strykeorkester til islandske Bjørk og elektronika. 160 elevar og rundt 20 lærarar var involverte i produksjon og gjennomføring.

Elevane ved danselinja og musikklinja ved Langhaugen gjennomfører kvart tredje år ei større framføring i profesjonelle rammer, som gir elevane verdifull sceneerfaring på vegen vidare som utøvarar av kunstfag.

## Den tredje vegen til fagbrev

Ved Aurdalslien bufelleskap har kvardagen blitt litt betre for alle som følgje av eit felles kompetanseløft. Fire medarbeidarar har tatt fagbrev som helsefagarbeidar det siste året, og to nye er i gang med utdanninga som del av prosjektet VOPA, som legg opp til ei kombinasjon av jobb og skule.

– Det er viktig at dei som jobbar her, har fagutdanning, seier dagleg leiar ved Aurdalslien, Thor Erik Nilsen. Han var ikkje sein om å be medarbeidarane sette seg på skulebenken då han blei kjent med prosjektet.

– Vi ønskjer tilsette med fagutdanning i bufelleskapet, difor krev vi at alle ufaglærte tek utdanning. Det er viktig at personalgruppa får eit samla løft, seier Nilsen.

Svein Kåre Takle hoppa på tilbodet i lag med tre kollegaer. Han er full av lovord om den tredje veg til fagbrev, og har gått på skule ein dag i veka samtidig som han har jobba.

– Vi lærer teori på skulen som vi kan bruke i arbeidet vårt alt neste dag. Det er ein god måte å lære på. Helsefagarbeidaren er stolt av utdanninga si.

– Eg tenkjer mykje på at eg har meir mynde og kan ta fleire avgjersler, men veit òg at eg må vite kva eg gjer og kvifor. Eg er meir medviten at eg går inn i heimen til folk og trur nok at eg snakkar på ein annan måte med bebuarane no enn før. Du lærar å velje kampane dine og forstår betre kva det er mogleg å endre på og ikkje.

Therese-Karin Markussen har fagansvaret i bufelleskapet. Vernepleiaren er full av lovord om kollegaene sine.

– Eg kan delegere fleire oppgåver og kjenner meg meir trygg på at ting blir gjort på riktig måte. Dessutan får eg mykje fleire og betre spørsmål om korleis ting skal gjerast og kvifor. Då bli eg òg skjerpa. Vi spelar kvarandre gode!

Ho fortel om ein kvardag der det er lettare å delegere ansvar for til dømes medisintdeling og som primærkontakt for brukarane, og betre faglege diskusjonar.

– Vi snakkar betre saman, og det er lettare å prøve ut nye tiltak. Det er kjempepositivt!

# INTERNASJONALT

---

Hordaland fylkeskommune har brei internasjonal kontakt. Berekraftig energi i Nordsjøregionen kom på dagsorden og ungdom fekk nyttig praksis og kunnskap om andre kulturar.

---





## UTSTRAKT SAMARBEID MED REGIONER KRING NORDSJØEN

Hordaland fylkeskommune har brei internasjonal kontakt. I 2015 har fylkeskommunen hatt samarbeid over store delar av verda mellom anna innan opplæring, kultur og berekraftig utvikling. Nordsjøregionen har vore eit aktuelt tema gjennom året.

Størst aktivitet har Hordaland med dei seks regionane vi samarbeider med i Europa: Nedre-Normandie, Cardiff i Wales, Kaunas i Litauen, Edinburgh, Orknøyane og Thüringen i Tyskland.

### **Sekretariat for Nordsjøkommisjonen**

Tom-Christer Nilsen, som var fylkesordfører fram til oktober 2015, er president i Nordsjøkommisjonen. Det er ein politisk organisasjon med 31 medlemmer frå regionar rundt Nordsjøen. Organisasjonen skal fremje samarbeid mellom regionane og arbeide for gode livsvilkår for innbyggjarane. Nordsjøkommisjonen jobbar på den eine sida med strategi- og politikutforming gjennom lobbyverksemd i Brussel og i medlemslanda, og på den andre sida med erfaringsutveksling og prosjektutvikling blant medlemmane.

Hordaland fylkeskommune har ansvaret for sekretariatsfunksjonen og 2015 har vore eit år med høg aktivitet. Nordsjøkommisjonen har mellom anna jobba for å få støtte til berekraftig energitilførsel til resten av Europa – «North Sea Grid» – det vil seie infrastruktur for transport av straum over landsgrenser, i dette tilfellet under sjøen. Nye prosjekt skal kunne ta omsyn til berekraftig straumproduksjon frå vind, bølgje og sol.

Nordsjøkommisjonen har organisert fleire arbeidsmøte som har sett på prioriterte tema i Nordsjøregionen.

Under regionmønstringa «Open Days» i Brussel var tema berekraftig transport. Målet var å vise koplingar mellom EU-prosjekt og politiske og strategiske prioriteringar i desse medlemsregionane. Dei tematiske arbeidsgruppene i Nordsjøkommisjonen har organisert fleire kontaktmøte for medlemmer der dei har diskutert og delt gode døme med kvarandre.


Nordsjøkonferansen og årskonferansen til Nordsjøkommisjonen vart skipa til i regionen Drenthe med byen Assen som vertskap.

### **Nasjonalt kontaktpunkt**

Vestlandsrådet har på oppdrag frå kommunal- og moderniseringsdepartementet utpeika Hordaland fylkeskommune som nasjonalt kontaktpunkt for Interreg Nordsjø-programmet VB for programperioden 2014–2020. Nasjonalt kontaktpunkt gir råd og rettleiing til prosjektsøkjjarar i Norge og har spesialkompetanse innafor programområdet. I 2015 kom den første utlysinga for prosjektsøknader. Tolv samarbeidsprosjekt blei godkjende innan tema som kapasitetsbygging for fleire arbeidsplassar, øko-innovasjon, klimaendringar og berekraftig transport. Desse fekk til saman tildelt 27 millionar euro.

EU-programmet, Horisont 2020, er verdas største forskings- og innovasjonsprogram. Det er eit nasjonalt mål å hente ut midlar frå dette programmet. Hordaland fylkeskommune har

følgd opp dette i regionale strategiar. Innovasjon Norge, Universitetet i Bergen, Forskringsrådet sin regionansvarleg i Hordaland og Hordaland fylkeskommune etablerte hausten 2015 ei regional mobiliserings- og koordineringsgruppe for Horisont 2020. Arbeidet blir leia av Hordaland fylkeskommune. Målet er å få fram fleire søknader frå Hordaland med utgangspunkt i utfordringar i privat og offentlig sektor i regionen.



*«Nye prosjekt skal kunne ta omsyn til berekraftig straumproduksjon frå vind, bølgje og sol.»*

Hordaland fylkeskommune er også representert i eit nettverkssamarbeid med Rogaland, Horisont Vest, som blei etablert i 2015, og som er finansiert av Forskringsrådet. Dette dreier seg særleg om mobilisering av bedrifter innan sterke næringsklynger i fylka.

### **Engasjert ungdom**

Gjennom internasjonalt samarbeid og utveksling får ungdom i Hordaland kunnskap om andre kulturar og andre måtar å tenke og løyse utfordringar



Foto: Szymon

på. Tala viser at 88 prosent av skulane gjennomførte internasjonale aktivitetar i 2015. Kortare studieturar, gjennomføring av Operasjon Dagsverk og elev- og lærarutveksling er dei mest vanlege aktivitetane. Mange skular har dessutan bistands- og solidaritetsprosjekt i land som Moldova, Tanzania og Uganda. Totalt melder skulane om samarbeid med 33 land i Europa og fem land utanfor Europa.

Leonardo da Vinci-programmet og Erasmus+, som er EU sitt nye program for utdanning, opplæring, ungdom og idrett, ga til saman 109


elev- og lærlingar arbeidspraksis i fleire land i 2015. Høve til praksisopphald i utlandet gjev ungdommane ei verdifull internasjonal erfaring. Eit av prosjekta var innan handverkstradisjonar og smedfag i samarbeid med Odda vidaregåande skule.

Gjennom Erasmus+ Aktiv Ungdom-programmet har fylkeskommunen teke initiativ til seminaret «Shared Responsibility», der sektorovergripande prosjekt blei diskutert for å fremje at fleire elev- og lærlingar fullfører skulen. Tretti deltakarar frå skulesektoren, frivillig og offentleg sektor frå dei tre

landa Norge, Danmark og Nederland var samla i Hordaland. Askøy kommune har alt følgd opp seminaret med eit nytt samarbeidsprosjekt med ein partner frå Nederland.

Hordaland fylkeskommune har koordinert åtte mobilitetsprosjekt med 52 deltakarar ved hjelp av midlar frå Erasmus+ i 2015. Det er stort behov for å få kunnskap om og innsikt i faglege disiplin- og verksemdetring i framtida. Prosjekta har difor lagt stor vekt på å auke kompetanse og nettverk på tvers og styrke verdiskaping og innovasjon.

Volontørtjeneste er eit viktig prosjekt Hordaland fylkeskommune har engasjert seg i. 15 ungdommar har i 2015 reist på korttids volontørprosjekt i Europa gjennom Erasmus+ og Europeisk Volontørtjeneste (EVS). Dette er i samarbeid med OT/PPT-tjeneste og kommunar. Gjennom volontørtjenesta får ungdom utvikle språk- og kulturkompetanse og får arbeidspraksis. Målet er å gje auka kjensle av meistring og sjølvvinnings, og gjere dei meir sjølvstendige på vegen vidare.



**«Tala viser at 88 prosent av skulene gjennomførte internasjonale aktivitetar.»**

Hausten 2015 tok 71 elevar frå Hordaland heile eller delar av andre året i vidaregåande opplæring i utlandet i regi av fylkeskommunen. Alle elevar i Hordaland har tilbod om å ta vg2 ved skular i utlandet som vi har samarbeidsavtalar med. Denne opplæringa inngår som ein del av det ordinære utdanningsløpet til elevane. Tilboda finst i Frankrike, Storbritannia, Tyskland, USA og Ungarn.

Skulebiblioteka har i 2015 hatt eit skandinavisk samarbeid. Ei gruppe skulebibliotekarar, lærarar og tilsette ved fylkesadministrasjonen vitja skulebibliotek på danske og svenske vidaregåande skular med yrkesfag. Dette er skular som legg vekt på aktiv bruk av biblioteka, som ein integrert del av læringsarbeidet.

### **Kultur kryssar grenser**

Med bakgrunn i fylkeskommunen sin samarbeidsavtale med Nedre-Normandie, var nysirkusgruppa El Nucleo på turne i Hordaland med framsyninga «Quien Soy?».

I november deltok fleire kunstnarar frå Hordaland på den nordiske festivalen «Les Boreales» i Caen i Normandie. Hausten 2015 inngjekk Nedre-Normandie, kunstskulen Esam Caen/Cherbourg, Hordaland fylkeskommune og Kunst- og designhøgskolen i Bergen ein avtale om utvekslingsprogram for nyutdanna kunstnarar.

I 2015 blei «Master Class Hardanger» både eit internasjonalt undervisnings-tilbod og ein skule for unge hardingfeletalent frå distriktet. Det er ei veksande internasjonalt interesse for hardingfele. «Japan Hardanger Club» har til dømes dei siste åra sendt japanske utøvarar til Hardanger for å lære av felemeistrane Knut Hamre og Frank Rolland.

I samarbeid med musea på Bryggen og Byantikvaren i Bergen, arrangerte fylkeskommunen «Nordic World Heritage Conference 2015» – som dette året hadde 20-årsjubileum. 127 personar deltok på arrangement på Bryggens museum og vitja verdsarvområdet Nærøyfjorden, Stalheim på Voss og Odda-Tyssedal industrier.

I mai blei sykkelrittet Tour des Fjords arrangert for andre gong i Hordaland. Kommunane Bergen, Kvam, Jondal og Stord var involvert i gjennomføringa av det internasjonale rittet. Fylkeskommunen bidrog med 500 000 kroner.

Bergen Swim Festival vart i mai 2015

for første gong gjennomført i ADO-arena med ei brei internasjonal deltaking. Hordaland fylkeskommune løyvde 50 000 kroner til arrangementet.

### **Juletradisjon**

I samband med vinterfestivalen i Edinburgh i slutten av november, reiste fylkesvaraordførar Pål Kårbø til den skotske hovudstaden. Den kjende skotske songaren Susan Boyle tente julegrana, som Hordaland kvart år gir i gåve til Edinburgh som takk for hjelpa Norge fekk frå Skottland under den andre verdskrigen. Hordalandsmusikarane Trio Vibrizzo spela på juletretenninga og på adventskonsernten i St Giles Cathedral. I tillegg var det faglege samlingar der Hordaland og Edinburgh diskuterte framtidig samarbeid innan skuleutveksling, kulturarv, oppdrettsnæringa og energieffektivisering i bygningar.

På den tradisjonsrike juletretenninga på Orknøyane i desember deltok Beate Husa som er leiar av utval for kultur, idrett og regional utvikling. Hordalandsmusikarane Gjermund Fredheim, Harald Kvasnes og Edvard Mjanger underheldt. I tillegg til å spele på den offisielle julekonserten med Mayfield Singers i St. Magnus Cathedral, spela dei skulekonsertar på dei sju barneskulane på øyane.

### **Gastronomibyen Bergen**

Ei ekstra fjør i hatten for Hordaland kom like før jul då UNESCO tildelte bergensregionen status som gastronomiby. Arbeidet med søknaden har pågått sidan 2011, etter at fylkesutvalet oppmoda Bergen kommune om å stå for den offisielle søknaden. Bak søknaden ligg det mykje arbeid ved regionalavdelinga og næringsseksjonen i Hordaland fylkeskommune.



# KULTUR

---

Hordaland fylkeskommune bidrar til at kultur er med på forming av hordalandssamfunnet. I 2015 har eit vikingsverd og kulturminne i Hordaland fått merksemd verda rundt.

---



**4** MILLIONAR  
tildelt lokale kulturbygg

**130** UTØVARAR  
engasjerte til Den  
kulturelle skolesekken

## KULTUR FORMAR HORDALAND

Kultur er ein føresetnad for god samfunnsutvikling i Hordaland. I 2015 har arbeidet med museum og kulturminnevern, arkiv, kunstproduksjon og kulturformidling, bibliotek, fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv vore viktige bidrag i forminga av hordalandssamfunnet.

**Økonomisk støtte til kultursatsingar**  
Støtte til allmenne kulturføremål og kulturtiltak for barn og unge er dei ordningane som famnar breiast og har flest søkjarar. Det vart fordelt mange tilskot til aktørar innan kunst, kultur og kulturhistorie, dei fleste i storleiken 10 000–30 000 kroner. Desse to ordningane hadde i overkant av 1,5 millionar kroner til fordeling.

Kultur- og ressursutvalet fordelte i fjor 6,2 millionar kroner gjennom Kulturelt utviklingsprogram (KUP) til i alt 20 prosjekt. Ordninga gjer det mogleg for kulturlivet å realisere større satsingar. Prosjekta varer frå eit til tre år, og dei er innan dei fire programområda som er vedtekte for KUP; kunsten i samfunnet, samarbeid, nyskapande formidling og kompetanse. Det er stor fagleg og kunstnarleg breidde i prosjekta som får tildelingane, og dei fleste felt innan det frivillige og profesjonelle kulturlivet er representerte.

Til lokale kulturbygg vart det søkt om 11 millionar kroner, med 4 millionar kroner til fordeling. Til kulturbygg med regionale funksjonar vart det søkt om 88 millionar kroner og gjeve tilskot på 9 millionar.

Fylkeskommunen fordelte 112 milllionar kroner av spelemidlar til anlegg for idrett og fysisk aktivitet. Til saman var det 335 godkjente søknadar frå alle kommunane i Hordaland. Samla godkjent søknadssum var 357 millionar kroner. Fylkeskommunalt investeringstilskot til idrettsanlegg vart gjeve til AdO arena i Bergen med 834 000 kroner, Bergen Tennisklubb med 833 000 kroner og Ravnanger Idrettspark friidrettsanlegg, Askøy, med 833 000 kroner.

### I møte med dei unge

Elevar i grunnskular og vidaregåande opplæring fekk oppleve kunst- og kultur gjennom Hordaland fylkes-

kommune sitt samarbeid med Rikskonsertane, og gjennom prosjektet Den kulturelle skolesekken, som er finansiert av spelemidlar. Slik fekk skuleelevar i heile fylket møte regionale, nasjonale og internasjonale utøvarar innan eit mangfald av kunstnarlege og kulturelle uttrykk.

Ved bruk av spelemidlar til Den kulturelle skolesekken vart det gjennomført om lag 50 turnear for elevar i alle kommunane i Hordaland, og om lag 130 utøvarar var engasjerte. For skuleåret 2015–2016 vart Hordaland fylkeskommune tildelt nær 17,5 millionar til dette. Av midlane vart i overkant av 4,9 millionar kroner vidarefordelte til Bergen kommune, og i overkant av 3,4 millionar til dei resterande kommunane og regionane. Hordaland fylkeskommune sin del av midlane gjekk til turnear til grunnskular utanfor Bergen og vidaregåande skular i heile fylket.



Skulekonsertordninga er statleg finansiert, og Hordaland fylkeskommune har produksjons- og gjennomføringsansvar for 75 prosent av skulekonsertane til grunnskulane i fylket. I 2015 vart det gjennomført 32 turnear, og 90 utøvarar var engasjerte. Om lag 4,7 millionar kroner vart overført frå Rikskonsertane. Konsertane inneheldt ulike sjangrar, som klassisk, jazz, hip hop, viser, pop, rock og musikk frå andre verdsdelar.


Fylkesmusikarane Reidun Horvei (kveding) og Frank Henrik Rolland (hardingfele) har i 2015 hatt fleire produksjonssamarbeid, konsertar, kurs og verkstadar. Mellom anna har dei vore med på «Folketonar i venteid» og «Master Class Hardanger».

#### Ungdommens kulturmonstring (UKM)

Gjennom 30 år har UKM utvikla seg til ei viktig satsing på barne- og ungdomskultur. Hordaland fylkeskommune har ansvar for UKM lokalt og gjennomføring av den årlege fylkesmonstringa. I 2015 innførte Hordaland fylkeskommune fleire nye satsingar. Teknisk arrangør vart musikkorganisasjonen AKKS Bergen, og ein endra arena frå Grieghallen til USF Verftet. Deltakarane fekk høve til å delta på verkstadar innan kategoriane dans, musikk, unge arrangørar, unge konferansierar, festivalfotografering og kunst. UKM skal vere ein møteplass, og ungdomsmedverknad har vore høgt prioritert. På lokalplan engasjerte UKM 776 unge rundt om i heile Hordaland. På fylkesmonstringa deltok 322 ungdomar fordelt på 135 innslag. Under UKM-festivalen i Trondheim i juni deltok om lag 500 ungdomar frå heile landet, der 30 representerte Hordaland.

#### Kulturminnekompetanse i kommunane

I samarbeid med kommunane og Riksantikvaren er det etablert eit treårig prosjekt i 2013–16 for utvikling



50

turnear til elevar i alle kommunane i Hordaland ved bruk av spelemidlar til Den kulturelle skolesekken

9

MILLIONAR  
tildelt kulturbygg med regionale funksjonar

700

KULTURMINNE  
frå krigsåra lagt inn i database i 2015





**23** FUNN  
frå steinalderen

**17** MILLIONAR  
kroner til reparasjon og  
sikring av Bryggen i 2015

**160** FREDA ANLEGG  
med om lag 500 bygningar blir  
forvalta av fylkeskommunen





Foto: Morten Wanvik

av lokal kulturminnekompetanse. Alle kommunar i Hordaland, med unntak av Bergen, har starta arbeidet med kulturminneplan. Prosjektet involverer frivillige, og det har som mål å styrkje innbyggjarane sin eigarskap til kulturminna.

Sekretariatet for registrering av faste kulturminne i Noreg (SEFRAK) er ei landsdekkjande registrering av fotografi og omtale gjort i perioden 1975–1995, over bygningar og andre kulturminne oppførte før 1900-talet. I 2015 vart dokumentasjon frå over 45 000 SEFRAK-objekt skanna og gjort tilgjengelege over internett for kommunane i Hordaland.

Basert på tidlegare registreringar som er gjort av tyske militære anlegg i fylket, har Hordaland fylkeskommune lagt inn nær 700 kulturminne frå krigsåra i databasen Askeladden. Hausten 2015 var satsinga Samlingsplan for musea i Hordaland 2015–2020 ferdig. Målet er at musea har gode magasin ein innsamlingspolitikk som sikrar fjern og nær historie.

#### Funn frå steinalderen

Det vart utført arkeologisk registrering i 56 plansaker, og det vart gjort funn av automatisk freda kulturminne i 23 av desse. Bu- og aktivitetsplassar frå steinalder utgjer storparten av funna med 23 lokalitetar, tre lokalitetar er datert til bronsealder, 11 til jernalder og 10 til mellomalder.

Mange vil nok hugse all merksemda i internasjonal presse omkring sverdet som vart funne på Haukeli av ein turgåar. Andre liknande funn var spenner frå vikingtid og eit bronsebeslag frå jernalder, med eit svastika-symbol i midten og eit menneske- eller gudeansikt i kvar ende.

I samarbeid med kommunar og andre er det gjort arbeid med fleire skjøtselsplanar, mellom anna å gjere ferdig plan for Hæreidsmoen i

Eidfjord, der arbeid med skjøtsel har teke til. På Munketreppene i Ullensvang er det starta restaurering av steinarbeid. På Vindenes i Fjell har fylkeskommunen i samarbeid med Universitetsmuseet i Bergen restaurert ei gravrøys. I tillegg er det starta fleire større prosjekt, som skjøtsel av steinalderbuplassar i Fosnstraumen i Austrheim og Radøy og gravrøysar i Hystadmarka på Stord. Samarbeidet mellom fylkeskommunen og Universitetet i Bergen med hospiteringsordning for masterstudentar i arkeologi vart vidareført i 2015. Fem studentar tok del i prosjektet gjennom felt-sesongen.

#### Fredingssaker og istandsetjing

Hordaland fylkeskommune er forvaltingsmyndigheit for over 160 freda anlegg med i alt rundt 550 bygningar. Fire fredingsforslag er sende på offentlig høyring – Forum kino, Sandviksbodene 3 A og 78 B i Bergen og Stødletterassen i Etne. Fylkeskommunen har overteke forvaltingsansvaret for fleire freda anlegg som har gått over frå statleg til privat eige: Tollbodallmenningen 2 A, Strømgaten 1 og Kalfarveien 31, alle i Bergen. I 2015 var budsjettet for

«Målet er at musea har gode magasin og ein innsamlingspolitikk som sikrar fjern og nær historie.»

Prosjekt Bryggen om lag 17 millionar kroner, inklusive ubrukte midlar på om lag fem millionar frå året før og 14 bygningar fekk tilskot. Om lag 16 millionar vart fordelte som tilskot til istandsetjing, sikring og fellesoppgåver. Dei pågåande istandsetjings-tiltaka omfatta i alt ti bygningar.

**463** KRAV  
om innsyn i offentlig journal

**4500** HYLLEMETER  
arkivmateriale levert  
fylkesarkivet i 2015

Hordaland fylkeskommune forvaltar både statlege og fylkeskommunale midlar innan kulturminnefeltet.

I 2015 var det løyvd midlar til 63 andre bygningar, tekniske kulturminne og tiltak i kulturlandskapet. 20 fartøy i Hordaland fekk midlar til fartøyvern. Hordaland er det fylket i landet med flest verneverdige og freda fartøy. Høge driftskostnader og krav til sikkerheit og navigasjon gjer at ein arbeider for å få til auka tilskot

til desse fartøya, slik at dei kan halde seg i drift. Eit døme på eit fartøy i aktiv bruk er ferja Skånevik, som vart freda i 2005. Skånevik har vore leigd inn og gått i trafikk i Nærøyfjorden. Fylkeskommunale løyvingar har gjort det mogeleg å arrangere fire kurs i tradisjonell byggjetechnik og verktøybruk.

#### Større arkivfagleg miljø

Fylkesarkivet var i 2015 gjennom ei omorganisering, og frå mai vart

dokumentsenteret slått saman med fylkesarkivet. Det nye fylkesarkivet vart organisatorisk knytt til Kultur- og idrettsavdelinga, og det skal ha ansvar for dokumentsenter/moderne arkiv, depot og lokal- og regionalhistorisk arbeid. Dokumentsenteret har ansvaret for arkivdanning og systemutvikling, i tillegg til integrasjon mellom sak- og arkivsystemet og dei mange fagsystema i fylkeskommunen. Sentret driv postmottaket, skannar og journalfører alle arkiv-

#### REKNESKAP

	Reknesk. 2012	Reknesk. 2013	Reknesk. 2014	Reknesk. 2015	Avvik netto bud. 2015
Arkiv	6,0	5,6	5,5	9,6	0,7
Bibliotek	9,5	11,1	10,6	11,1	-0,2
Kulturvern, musé	92,7	108,0	105,3	85,7	-3,3
Kunst, kunstformidling	54,6	61,7	64,9	63,1	0,8
Idrett	9,8	11,4	10,6	14,7	0,1
Barne- og ungdomsarbeid	3,6	3,5	3,7	4,0	0,0
Vaksenopplæring	0,7	0,7	0,7	0,7	0,0
Spelemidlar	71,9	81,3	124,6	123,6	0,0
Andre kulturføremål	27,5	28,9	33,8	38,5	-0,7
Friluftsliv	10,0	11,2	14,3	12,8	-0,1
<b>Sum brutto driftsutgifter</b>	<b>286,3</b>	<b>323,4</b>	<b>374,0</b>	<b>363,8</b>	<b>-2,7</b>

Tal i mill. kr. Løpande prisar.



Foto: Øyvind Heggstad

verdige dokument og kvalitetssikring av registrerte opplysningar. Dei publiserer den offentlege journalen og handsamar spørsmål knytt til innsyn og generell publikumshandtering. I 2015 vart ePhorte, som er nytt sak- og arkivsystem i fylkeskommunen, sett i fast drift. Dokumentsenteret har handsama 463 krav om innsyn via offentlig journal, og det vart oppretta 12093 nye saker og 78861 journalpostar i systemet.

Ansvar for depot inneber at fylkesarkivet tek imot og lagrar eldre saker frå sentraladministrasjon og institusjonar i fylkeskommunen og har ansvar for overordna, felles retningslinjer for avlevering av arkivmateriale. Til saman har fylkesarkivet teke imot 4500–4750 hyllemeter arkivmateriale.

I 2015 hadde fylkesarkivet 17 avleveringar. Totalt arkivtilfang var på 136 hyllemeter. 13 av avleveringane var frå skular, totalt 126 hyllemeter. Skulene har vore prioriterte når det gjeld ordning og registrering av arkiv, då fleire skular har store organisatoriske endringar. Arkiva vert registrerte i ASTA, og i 2015 vart det publisert 39 arkivkatalogar i Arkivportalen. Fylkesarkivet har i samarbeid med Statsarkivet i Bergen henta inn det historiske arkivet til Valen sjukehus (Helse Fonna).

Ei arbeidsgruppe for arkiv i Visma Flyt Skole (VFS) har kome med forslag

## «ORD I SPREKE SPOR»

*«Eg aldri kan gløyma mitt heimstadland, med fjell og med heimar og brusande strand, med fjord og med holmar og hav i kring og fuglesongen i austavind.*

*Og opp i frå strand går ein gamal sti, vel forma og laga i gamal tid, der halvvegs ein kipestein, svart og grå, han står som eit minne mot himmel blå.»*

*Frå songen «Mitt heimstadland» av Johannes Kleppevik*

Ei friluftsscene forma som ein gitar, er noko av det første ein ser i turløypa «Ord i spreke spor» i Sund kommune. Gitaren er ein hyllest til songskrivaren og visesongaren Johannes Kleppevik som kom frå dette området i Sund.

Tur- og kulturløypa på seks kilometer går mellom Stranda skule og Storevarden. I løypa står infotavler om natur og historie og postar ein kan finne ved hjelp av GPS. Ein kan også bryne seg på ein quiz, og det er planar om ein app til å laste ned på mobilen.

«Ord i spreke spor» kom til i eit samarbeid mellom Hordaland fylkeskommune, turlaget og Sund kommune. Løyvingane kom frå fylkeskommunen, Nasjonalbiblioteket og andre offentlege og private støtteordningar. I Sund var det eit godt samarbeid mellom bibliotek, turlag, skule og frivillige, både dei som utforma gitaren og dei som rydda stien og bar utstyret på plass. Biblioteksjefen i Sund, Bente Fosse, har vore ei koordinerande drivkraft i arbeidet med å få det heile til.


Turløypa har blitt ei løype for alle. Om beina er trøytt, finst det rasteplassar der ein kan setje seg på ei fiskekasse av tre, lik den som Kleppevik hadde med seg på turné. Under kassa ligg bøker som høver for området. Biblioteket har hatt fleire temakvelder med etterfølgjande turar, til dømes for å lære om sanking av sopp og nyttevekstar. Ikkje minst er «Ord i spreke spor» til glede for turlaget i kommunen og dei einskilde turgåarane. Skule og barnehage nyttar løypa ivrig, og det er laga ein klatrevegg i terrenget. Ein lavvo til fri bruk er også planlagt.

Resultatet står der klart til å oppleve.

*Tek du deg ein tur?*



til metodikk for å ta vare på og gjere tilgjengeleg data i gamle fagsystem og arkivløyningar for VFS. Det vart utført om lag 1300 ekspedisjonar. Størst etterspurnad er det



etter persondokumentasjon og lokalhistoriske emne. Særleg ønskjer folk opplysningar frå arkiv frå opplæringsavdelinga, men folk etterspør også personopplysningar i arkiv etter OT/PPT, barnevernsinstitusjonar og lønsavdelinga.

#### **Stor interesse for lokalhistorie**

Det kom mange spørsmål om lokalhistorie der fylkeskommunen kunne bidra, og i 2015 var ein mellom anna engasjert i to store bokprosjekt; Hardanger, ei regionhistorie av Svein Ivar Angell med fleire og Freden av Egil Ulateig.

Fylkeskommunen er koordinator for privatarkivarbeidet i Hordaland. Fylkesarkivet har halde møte om ordning og registrering for veteranlaget Wichmann Wärtsilä og gjeve rettleiing for innsamling og registrering av foto ved Osterøy museum. Det vart registrert

11 000 foto i Distriktsantikvaren sitt arkiv for Vestlandet i 2015. Fylkesarkivet tok inn arkiv etter «Høvig selvbyggerorganisasjon».

#### **Moderne bibliotekformidling**

Nasjonalbiblioteket løyvde 600 000 kr til andre året av prosjektet «Sterk, spenstig og klar». Målet er at innbyggjarane i Hordaland skal oppleve fornya biblioteklokale og meir aktiv formidling i dei fysiske og digitale bibliotekromma. I prosjektet utviklar ein såkalla modellbibliotek, som er folkebibliotek med gode møteplassar, funksjonalitet og gode partnerskap. Ein arbeider også for å auke talet på besøk og arrangement, og fornye biblioteka sine nettsider. Det første modellbiblioteket i fylket vart opna i Sund kommune i november. Andre modellbibliotek er hovudbiblioteka i Lindås, Meland, Granvin og Langevåg filial i Bømlo.

Biblioteknettstadene vart utvikla vidare med ny mal og høve til å integrere nasjonale bibliotektenester. Biblioteka i Os, Vaksdal og Voss lanserte nye nettstader, og det vart sett i gang arbeid med nettsidene til Sunnhordlandsbiblioteka og biblioteket i Samnanger.

#### **E-bok i skulane**

Alle biblioteka i dei vidaregåande skulane og kommunane i Hordaland utanom Bergen, har hatt ei felles teknisk løysing for utlån av e-bøker og ei felles samling av e-bøker/e-lydbøker. E-lån Hordaland har 7415 lisensar for e-bøker og 169 lisensar

for e-lydbøker. Det vart lånt ut 10339 e-bøker/e-lydbøker i 2015.

I 2015 hadde bokbåten «Epos» 42 driftsdagar i Hordaland, med 50 stoppestadar fordelt på 21 kommunar. Stoppa blir vitja to gonger i løpet av året. Dei fleste stoppa ligg slik at det er lett for skulane å kome dit. I tillegg til direkte utlån har kvart stopp ein kontaktperson som tek i land 200–400 bøker til vidareutlån før neste vitjing. Kontaktpersonen er ansvarleg for å annonsere vitjinga, og å samle inn bøker før båten kjem.

Utlånet i 2015 var på 10 898 bøker. Det er ikkje ein reell nedgang frå tidlegare år, men det skuldast at vidareutlånet på land ikkje lenger tel med. 3 977 personar vitja båten. Det var i overkant av 90 ordinære kulturprogram med totalt 3 400 tilskodarar. I tillegg var det to konsertar med kulturskule, bokprat for vaksne med Monika Norland Yndestad og konsert med Odd Nordstoga.

I samband med 150-årsjubileet for fødselsåret til Hans E. Kinck vart det laga bannerutstilling til folkebibliotek og to turnear på ungdomsskular og vidaregåande skular. Fylkesbiblioteket arrangerte 25 faglege møte, seminar og konferansar, med til saman 670 deltakarar.

Arbeid med ny strategisk plan for skulebibliotek i vidaregåande opplæring i Hordaland er sett i gang. Visjonen er at skulebiblioteket skal ha eit trygt og stimulerande lærings-

**10339** E-BØKER  
lånt ut i folkebiblioteka og dei vidaregåande skulane i 2015

**42** driftsdagar og  
50 stoppestedar  
for bokbåten Epos

**21** KOMMUNAR  
fekk besøk av bokbåten








Foto: ADO arena

miljø, og at det vert eit sosialt rom, ein kulturarena og integrert med-spelar for å nå skulen sine overordna mål.

### Fremjar aktiv kvardag

Regional kulturplan gjev visjonar, mål og føringar for utviklinga av innsats-områda fysisk aktivitet, idrett, friluftsliv og anlegg. Fylkestinget i mars vedtok 24 tiltak innan desse fagområda i handlingsprogram 2015–2018.

Styre, hovudkomité og ulike arbeidsgrupper er etablerte til planlegginga av Sykkel VM 2017. I august vart det signert ein avtale mellom Hordaland fylkeskommune og Bergen 2017 AS,

og det vart løyvd 500 000 kr til ulike sykkeltiltak, mellom anna til «Alle barn sykler» og «Mobile sykkelstativ». Fylkeskommunen koordinerer samordningsmøte med deltakarar frå kommunane Bergen, Øygarden, Askøy, Fjell, Sund og Statens Vegvesen, i tillegg til ulike frivillige organisasjonar og andre interesserte som arbeider for å fremje kvardags-sykling. Den årlege dialogkonferansen vart gjennomført over tre dagar i København. 50 deltakarar fekk høyre om København sine erfaringar med planarbeid, systematisk innhenting av kunnskap knytt til aktivitet og anlegg, integrering, universell utforming, bynært friluftsliv og fysisk aktivitet

i skulen. I tillegg var det synfaring på mange ulike typar anlegg.

I fleire delar av fylket er det samarbeid med kommunar, idretts- og friluftslivorganisasjonar, Røde Kors, utdanningsinstitusjonar, Helse Bergen og psykisk helsevern om ulike aktivitetsarrangement for menneske i psykiatri, med nedsett funksjonsevne, og fleirkulturelle. Ut over spelemidlar på 112 millionar kroner til idrett og fysisk aktivitet og fylkeskommunalt investeringstilskot til idrettsanlegg på 2.5 millionar kroner, er det fordelt i underkant av 10,8 millionar kroner frå ni ulike tilskotsordningar til kommunar og organisasjonar.

## Vikingsverdet som gjekk verda rundt

Hausten 2015 fann ein turgåar på den gamle ferdselsvegen mellom aust og vest på Haukeli eit vikingsverd som skulle bli ei stor nyheit i heile verda. Om lag 100 media mellom anna i Storbritannia, USA, Frankrike, Tyskland og Tyrkia har fortalt historia.

Jernsverdet som er 77 cm langt og einegga, er godt teke vare på. Sverdet er tidfesta til år 750. Desse var vanlege på Vestlandet på denne tida, men det finst svært få av dei i dag.

Kort tid etter at ein artikkel om funnet blei publisert på hordaland.no, ringte CNN og ville lage ei sak for nettutgåva.

– Dette er første gongen eg er blitt intervju av CNN, fortel Per Morten Ekerhovd, som på nettsida til den internasjonale TV-kanalen fortel historia om vikingsverdet som er overlevert fylkeskommunen. Ekerhovd er no fylkesdirektør for kultur og idrett, men var då fylkeskonservator.



Faksimile frå CNN.com

Sidan gjekk nyheita verda rundt.


Blant dei andre som fortalde om sverdfunnet var Huffington post, Fox, Daily Mail og Archaeology.org. Nærare 100 andre massemedium i mellom anna Storbritannia, USA, Frankrike, Tyskland og Tyrkia siterte saka på nett.

# TANNHELSE

---

Satsing på det førebyggjande og helsefremjande arbeidet i den offentlege tannhelsetenesta i Hordaland gjev gode resultat.

---



## FØREBYGGJANDE TANNHELSEARBEID GJEV RESULTAT

Tannhelsa blir stadig betre. Satsing på det førebyggjande og helsefremjande arbeidet i den offentlege tannhelsetenesta i Hordaland gjev gode resultat.

Tannhelsa til barn og unge blir stadig betre. Tala sett i eit 15-årsperspektiv syner markant betring. Blant 5-åringane var det 82 prosent med feilfrie tenner i 2015. Og det er særleg blant dei yngste at tannhelsa blir betre.

### Fleire pasientar ved kompetansesenteret

Tannhelsetenesta sitt kompetansesenter avdeling Hordaland (TKV/H) er no i full drift med alle 7 spesialitetar tilsett. Leiar for kompetansesenteret har ansvar for den nye forskingsavdelinga og den administrative delen av kompetansesenteret med hjelp av administrasjonsrådgjevar og leiande tannhelsesekretær. Kompetansesenteret har søkt om å få ein landsdekkande funksjon på fagområdet odontofobi etter at søknaden vart tilrådd av fylkesutvalet.

Drifta av spesialistklinikken på Tannhelsetenesta sitt kompetansesenter avdeling Hordaland syner at tal tilvisingar aukar. Det er registrert 1670 i 2015. Tilvisingane kjem frå fleire verksemder: offentlege tannklinikkar står for største delen, men òg private tannlegar, Universitetet i Bergen og spesialisthelsetenesta har sendt tilvisingar til spesialistane.

Leppe-kjeve-gane teamet dekkjer Vestlandet Trøndelag og delar av Nord-Noreg. Teamet, saman med eitt team på Rikshospitalet, dekkjer behovet for behandling av desse pasientane på landsbasis. Spesialistklinikken står og for tilvising av pasientar som

høver til behandling hos tannlegar som er under spesialistutdanning. Sogn og Fjordane har ikkje eige kompetansesenter og derfor skal TKV Hordaland vere tilvisingsinstans for pasientar frå Sogn og Fjordane gjennom ein samarbeidsavtale. I 2015 er 39 pasientar frå Sogn og Fjordane registrert tilviste til Spesialistbehandling på TKV Hordaland. I tillegg gir spesialistane kurs både i Tannhelsetenesta og elles både i inn- og utland.

### Plan for klinikkstruktur

Fylkestannlegen har utarbeidd ny klinikkstrukturplan for Hordaland som skal handsamast politisk i 2016. Planen set mål for korleis tenesta tar omsyn til kravet om rimeleg nærleik til tilbodet for pasientane, nye kommunikasjonsmønster og framkomstmiddel, og legg samstundes til rette for gode fagmiljø og arbeidsplassar for å stabilisere i stillingane. Målet er eit fagleg godt stabilt tannhelsetilbod med høg kvalitet til innbyggjarane i Hordaland. Det vil og auke nærvær av foreldre og omsorgspersonar for å betre tannhelsa.

### Planlegg nytt tilbod i Nordhordland


Det er etablert team ved Stord tannklinik og ved Norheimsund tannklinik med oppgåve å gi tilbod til pasientar med angst for tannbehandling, eller som har vore utsette for tortur eller overgrep. Tilbodet er organisert som ein del av tilbodet ved kompetansesenteret, og tilsette får si faglege opplæring der.

Det er tilsett personell for å etablere eit tilsvarande tilbod i Nordhordland, og tilbodet blir sett i drift i 2016. Det er utarbeidd brosjyre som skal vere tilgjengeleg hos aktuelle samarbeidspartar.

### Grupper med særlege behov

Behandling av psykisk utviklingshemma har auka med 32 % sidan 2000. Betring i tannhelsa hos barn og unge i eit 15-årsperspektiv må medføre at ressursar blir flytta frå denne gruppa over til grupper med større tannhelseproblem.

Gruppa psykisk utviklingshemma har i gjennomsnitt 11,7 tenner som er reparerte og berre 8,5 % er utan karies. Til samanlikning har Hordalands 18-åringar i snitt 4 reparerte tenner og 18 % er heilt utan caries.



**«Målet er eit fagleg  
godt og stabilt  
tannhelsetilbod med høg  
kvalitet til innbyggjarane  
i Hordaland.»**

Tiltak må målrettast i takt med endringar i tannhelse og grupper. I gruppa psykisk utviklingshemma har fleire fått tannbehandling både fordi gruppa har auka i takt med auken i folketalet,



rettane er betre kjende, og omsorgsapparatet syter for at dei får tilgang til tannhelsetenester.

Grappa eldre med omsorgsteneste har auka med 36,1 %. Desse har auke i tal tenner med behov for behandling, noko som krev store ressursar. Tannhelsetenesta har registrert 2339 personar i 2015 som er rusavhengige og innsette i fengsel som har krav på gratis tannbehandling. Det er 184 fleire enn i 2014, men berre 667 er undersøkte og/eller ferdigbehandla. Denne gruppa har generelt stort behov for tannbehandling fordi berre

2 % er utan hol. Grappa er krevjande å få behandla systematisk sjølv om mykje ressursar blir nytta til det, fordi tennene er viktige i rehabilitering.

#### Samarbeid på tvers

Folkehelsearbeidet i Hordaland fylkeskommune har i 2015 vore organisert i eiga eining med samarbeid på tvers av avdelingane. Tannhelsetenesta skal, etter «Lov om tannhelsetjenesten», organisere førebyggjande tiltak for heile befolkninga, og lova slår fast at førebyggjande tiltak skal prioriterast framfor behandling. Tannhelsetenesta sine tiltak bygger

på «Strategiplan for folkehelsearbeid» i tannhelsetenesta, og på samarbeidsavtalar på rådmannsnivå og med alle som tilbyr tenester til ulike grupper i alle kommunane i Hordaland.

Utfordringa er å styrke, koordinere og utvikle det førebyggjande arbeidet i HFK i samarbeid med kommunane og andre aktuelle aktørar.

Strategiplan for folkehelsearbeid i tannhelsetenesta er nå revidert og vedtatt, og blir gjeldande frå 2016–2019.

## TANNHELSETENESTA

	Reknesk. 2012	Reknesk. 2013	Reknesk. 2014	Reknesk. 2015	Avvik bud. 2015
Brutto driftsutgifter	277,6	305,2	312,8	326,2	-16,6
Driftsinntekter	95,1	107,4	115,7	116,0	9,0
Netto driftsutgifter	182,5	197,8	197,1	210,2	-7,6

Tal i millionar kroner, løpande prisar.

## FEILFRIE TENNER

	5 år	12 år	18 år
2000	60,8%	43%	13%
2015	82%	57%	18%

## OMFANGET AV BEHANDLING AV PRIORITERTE GRUPPER I 2015

Gruppe	Totalt tal pasientar i gruppa	Tal pasientar som ikkje møtte eller takka nei	Prosentdel pasientar under tilsyn
GRUPPE A Barn og unge frå 1–18 år	102 624	1 390	102,6%
GRUPPE B Psykisk utviklingshemma personar over 18 år	1 914	13	88,3%
GRUPPE C1 Pasientar på institusjon	4 230	43	87,4%
GRUPPE C2 Pasientar med heimesjukepleie	9 108	154	64,6%
GRUPPE D Ungdom frå 19–20 år	13 626	219	72,2%
GRUPPE E Pasientar som er under rusomsorg eller innsette i fengsel	1 321	17	69,6%

Pasientar ferdigbehandla og under tilsyn.

**88** Bekymringsmeldingar til barnevernet frå tannklinikane i Hordaland i 2015, en auke på 6% frå 2014

**2500** AUKE i pasienttalet frå 2000

### Auke i tal bekymringsmeldingar til barnevernet

Samarbeidsavtalane med Barnevernet har som mål å fange opp barn og foreldre som treng hjelp frå barnevernet. Rutinane for samhandling er utvikla og betra og dei tilsette tilført kompetanse slik at det i 2015 vart sendt 88 bekymringsmeldingar til Barnevernet frå tannklinikane i Hordaland. Dette er ein auke på 6 % frå 2014

### Miljøfokus

Tannhelsetenesta har i 2015 arbeidd aktivt med å redusere papirbruk. Tannhelsetenesta har i 2015 inngått avtale om leige og vask av arbeidstøy. I anbudsdokumenta er det stilt krav til at tøyet og prosessen skal vere miljøvennleg i alle ledd, og leverandøren har plikta seg til å levere 85 % av tøyet frå Svanemerka vaskeri.

### Etablerar nytt forskingsnettverk

Tannhelsetenesta sitt kompetansesenter avdeling Hordaland (TKV/H) har fått i oppdrag av Helsedirektoratet å utgreie nødvendige IT-løysningar for å etablere eit nytt forskingsnettverk i tannhelsetenesta i Vest region. Ei pilotundersøking vil bli gjennomført på Vestlandet og Sørlandet i 2016.

Arbeidet føreset samarbeid med universitet og allmennt medisinske forskingseiningar.

Praksisbasert forskingsnettverk er ein reiskap for å støtte klinisk og praksisnær forskning. Formålet er å legge til rette for rekruttering av klinikarar og pasientane deira til studiar og innsamling av data.

Tannhelsetenesta har ikkje praksisbasert forskingsnettverk i Noreg i dag. Rekruttering og datainnsamling blir organisert på ny kvar gong eit forskingsprosjekt startar opp i primærhelsetenesta. Dette er arbeidskrevjande, kostbart og skaper høge tersklar for å drive forskning i primærhelsetenesta.

Tannhelsetenesta gjennomførte ein studietur til Skottland hausten 2015 der det har vore eit nettverk i tannhelsetenesta frå 1998. Nettverket blir delvis finansiert av National Health Service.

### Tilsette

Tannhelsetenesta har ved årsskiftet tilsett personell i dei fleste stillingane. Ein del stillingar er utlyste og har søkjarar, men mange søkjarar til tannlegestillingane er utan autorisasjon og kjem frå utdanningsinstitusjonar i utlandet med ukjent studieinnhald. Det inneber at om dei vert tilsette kan dei ikkje arbeide sjølvstendig på små klinikkar, og ikkje alle tannlegar utdanna i EØS-området har den naudsynte kompetansen for å kunne

praktisere som tannlege i Noreg. Tannhelsetenesta vil tilby tenester av høg kvalitet på og derfor er utfordringa for den offentlege tannhelsetenesta å stabilisere godt kvalifisert personell særleg utanfor bynære klinikkar.

### Økonomi

Tannhelsetenesta hadde i 2015 brutto driftsbudsjett på 315,9 millionar kroner. Inntektene var rekna til 108,8 millionar kroner. Rekneskapen viser underskot på budsjettet på rundt 5,5 millionar kroner. Dette kjem av at ingen tannklinikkar vart lagde ned i 2015, slik det var føresett i forslaget til klinikkstrukturplan. Politisk behandling av planen vart utsett til 2016.

Investeringsmidlane i 2015 er nytta til nyetablering av ny klinikk i Solheimsviken med tannlegevakt i same lokale. Prosessen i høve til ny tannklinikk på Kleppstø vart forseinka, men prosjektet starta i 2015.

Arbeidet med å tilpasse budsjetta i distrikta til oppgåvene vart fullført i 2014, men vil bli evaluert og justert i høve til endringar i folketal og aldersfordeling og med det endring i oppgåvene.

Arbeidet med å legge om rekneskapen for å støtte tilrådingane frå EØS vart implementert frå 1. januar 2015.



Foto: Morten Wanvik

## NY OG MODERNISERT TANNLEGEVAKT I BERGEN

I oktober blei ei ny og moderne tannlegevakt i Bergen teken i bruk. Hordaland fylkeskommune har investert meir enn 10 millioner kroner i akuttilbod til pasienter i Bergen og omland.

Den gamle tannlegevakten i Østre Strømkai vart lagt ned og nye og større lokale i Solheimsviken er tekne i bruk i 2015. Engen tannklinik er nedlagt og erstatta av nye Solheimsviken tannklinik i Solheimsgaten 18 B, saman med tannlegevakten.

Hordaland fylkeskommune har investert over 10 millionar kroner i dei to nye tannklinikane som har fått flunkande nytt og moderne utstyr. Arealet er meir enn dobla frå før. Tannklinikane har åtte behandlingsrom og totalt 30 tilsette, 19 som går i turnus ved tannlegevakten og 11 ved Solheimsviken tannklinik.

Dette er dei to første tannklinikane i Hordaland der alle tannlegestolane er kopla direkte via nettet til fylkeshuset der tekniske feil kan avlesast. Dette gjer det enklare med vedlikehald og reparasjonar. Etter kvart skal alle dei 55 tannklinikane i fylket bli kopla opp på same måte.

Tannhelsetenesta i Hordaland driv tannlegevakta i Bergen. Tannlegevakta er open kvar dag året rundt, og er akuttilbod til pasientar i Bergen med omland. Tannlegevakten har om lag 4000 konsultasjonar i året.

### Narkosebehandling

Tannbehandling i narkose har vore utført ved tannklinikane på Haukeland universitetssjukehus og på Stord sjukehus. Gjennomsnittleg ventetid for tannbehandling i narkose har auka noko. Barn med tannverk blir prioritert. 203 personar blei behandla i narkose i 2015.

Haukeland universitetssjukehus vil skilje pasientar med behov for narkosebehandling i dei som har medisinske problem og derfor må behandlast i sjukehus, og dei som ikkje har det og kan behandlast i tannhelsetenesta. Derfor er det lagt til rette for tannbehandling i narkose på den nye klinikken i Solheimsviken. Det er gjort både for å behandle dei som ikkje har medisinske problem og for å redusere ventetid. Tilbodet er planlagt sett i drift i 2016.

**82** PROSENT  
femåringer har feilfrie tenner,  
mot 60,8 % i 2000

## TANNHELSEFORSKING I HORDALAND

Forskningsavdelinga på TKV Hordaland skal drive med kliniske forskingsprosjekt. Avdelinga har sju tilsette forskarar og fleire andre tilsette tek del i forskinga. Avdelinga har søkt om midlar til fleire prosjekt som etter kvart skal realiserast. Følgjande prosjektet har vore under arbeid i 2015:

### *Oral helsekunnskap, haldningar og praksis hos foreldre med innvandrarbakgrunn i Norge.*

Studere kunnskap, haldningar og åtferd relatert til tannhelse hos innvandarmødre med nyfødde barn (0–3 månader), der ein skal gjennomføre eit informasjonsprogram som skal auke mødrenes kunnskapar. Arbeidet blir gjennomført i samarbeid med helsestasjonar.

### *Karies i Sør tannhelsedistrikt i Hordaland.*

Kartlegging av tannhelsestatus, karies risikovurdering, haldningar og åtferd hos barn og unge (5-, 12-, og 18-åringa) i distrikt Sør i Hordaland.

### *Tannhelse og barnevern – samhandling til beste for barnet.*

Studere tannhelsepersonell si meldeplikt ved mistanke om barn som har vore utsette for omsorgssvikt. Prosjektet evaluerer tannhelsepersonell si erfaring med samarbeid med barnevernet og vil forsøke å påpeike suksessfaktorar som kan gjere at meldeplikta blir overhalden. Prosjektet er nasjonalt.

### *Intra-oral injection-phobia in children and adolescents Prevalence, subgroups and the effect of cognitive behavioral treatment (CBT).*

Phd-prosjekt som skal kartlegge førekomst av høg grad av frykt for intraorale injeksjonar hos barn og ungdom, og effekten av kognitiv åtferdsterapi hos barn og unge diagnostisert med intraoral injeksjonsfobi.

### *Konsentrasjon av bisfenol A i spytt og urin etter fyllingsterapi med plastbaserte tannmaterialar.*

Formålet med Phd prosjektet er å få kunnskap om konsentrasjonen av bisfenol A i spytt og urin hos individ før og etter fyllingsterapi med plastbasert materiale.

### *Tannskader – prevalens og risikofaktorar i eit livsløpsperspektiv.*

Formålet med studien er å undersøke prevalens av tannskader hos 16-åringar i vidaregåande skuler i Hordaland og identifisere risikofaktorar for tannskadar i populasjonen.

### *Tannhelse og tannbehandling for personar med langvarige psykiske lidningar.*

Studere tannhelse og bruk av tannhelsetenester hos personer med langvarig psykisk sjukdom. Studien vil bli utført i samarbeid med kommunal helseteneste i Stord kommune. Prosjektet vil og utgreie eit tannhelsetilbod i tråd med brukarens ønskjer.

### *Tannlegen og pasienten: krafta i det usagte. Ei oppfølgjingsstudie av pasientar som har gjennomført behandling av odontofobi.*

Studien undersøker i kva grad pasientar etter avslutta odontofobibehandling ved Senter for odontofobi i Bergen meistrar vanleg tannbehandling, samt korleis dei har erfart overgangen til ordinær tannbehandling.

### *Tann og okkulsjonsavvik hos 6 år gamle barn med leppe-kjeve-ganespalte.*

I studien har ein undersøkt førekomst og fordeling av ulike tann og okkulsjonsavvik ved ulike spaltevariantar hos 6 år gamle barn, som har vore kontrollerte av spalteteamet ved TkVest/H i ei 10-årsperiode. Desse prosjekta har forskarar rekrutterte frå Tannhelsetenesta i Hordaland utført og tre av arbeida skal leie fram til doktorgrad.



# ORGANISASJON

---

Hordaland fylkeskommune har hatt fleire prosessar som handlar om modernisering av administrasjonens arbeid, mellom anna innføringa av nytt sakshandsamingssystem. Varsling og etikkk var også på dagsorden i 2015.

---



## HEILSKAPLEG MERKSEMD PÅ FELLES STABSOPPGÅVER

Som ledd i programmet «Førebudd på framtida» er økonomiavdelinga og organisasjonsavdelinga slått saman til ei felles stabsavdeling. Samstundes er fagområdet eigedom skilt ut som eiga avdeling.

På denne måten søker ein å oppnå ei meir heilskapleg merksemd på og ansvar for dei overordna felles stabsoppgåvene i Hordaland fylkeskommune, samstundes som det vert lagt til rette for ei forenkla og meir effektiv administrativ organisering. Målet er å modernisere og utvikle tenestene vidare til beste for heile Hordaland fylkeskommune, og samstundes sikre ei sunn økonomisk drift framover.

Ei anna resultat av programmet «Førebudd på framtida» er prosjektet «Frå personal til HR». Personalseksjonen har endra namn til HR-seksjonen og skal ha sterkare fokus på overordna og strategisk HR-arbeid, sjølv om operativ rådgiving held fram med å vere ei viktig teneste. Fylkeskommunen står framfor store omstillingar, og ei kjerneoppgåve er å planleggje tida framover med god endringskapasitet slik at tenestene vert levert på fullgod måte. Det er starta eit arbeid med å utvikle ein ny HR-strategi. Denne vert slutført våren 2016.

Hordaland fylkeskommune har praktisert tilsetningskontroll gjennom heile 2015. Dette for å sikre gode interne omstillingsprosessar, der berørte tilsette har fortrinnsrett til ledige stillingar dei er kvalifiserte for. Det er i 2015 gjennomført ei brukarundersøking blant leiarane i fylkeskommunen knytt til dei sentrale stabsfunksjonane. Undersøkinga viste at leiarane er godt nøgde med dei tenestene som økonomi- og organisasjonsavdelinga utfører.

### Stramt budsjett

Det er vedteke eit stramt, men forsvarleg budsjett for 2016. Høge investeringar gjer at fylkeskommunen må bruke ein større og aukande del av inntektene til renter og avdrag på lån dei komande åra. Samstundes er det forventa låg vekst i dei samla driftsrammene.

Innanfor innkjøpsområdet har det frå 2015 blitt utarbeidd kvartalsvise nøkkeltalsrapportar. Dette arbeidet vil bli utvikla til å omfatte heile fylkeskommunen sitt tenestefelt i løpet av 2016.

### Nytt integrert økonomisystem

Økonomi- og organisasjonsavdelinga starta i 2015 arbeidet med innkjøp av nytt økonomisystem. Systemet som er nytta fram til no, er frå 1998 og oppgradert under vegg. Det nye økonomisystemet skal etter planen vere i funksjon frå årsskiftet 2016/2017. Målsetjinga med systemskiftet er å få meir integrerte og funksjonelle løysingar. I tillegg til rekneskapsføring, vil det vere mogeleg å integrere budsjettering, rapportering, fakturahandsaming og innkjøp i det nye systemet.

### Utviklar leiarar og medarbeidarar

Hordaland fylkeskommune har i 2015 halde fram med satsinga på opplæring og utvikling av leiarar. Nye leiarar skal gjennomgå eit obligatorisk leiaropplæringsprogram: HFK-leiar skulen. Eit kull på 30 deltakarar gjennomførte HFK-leiar skulen våren 2015. 24 erfarne leiarar fullførte våren 2015 Hordaland fylkeskom-

mune sitt leiarutviklingsprogram. Programmet vert gjennomført i samarbeid med AFF. Eit nytt kull starta opp i september 2015. Gjennom rammeavtalen med AFF har Hordaland fylkeskommune også eit tilbod om leiargruppeutvikling.

Hordaland fylkeskommune arrangerer samlingar for alle nyttilsette. Målet er å gje alle tilsette basiskunnskap om fylkeskommunen, samfunnsoppdrag og kjerneverdier.

### Inkluderande arbeidsliv

Hordaland fylkeskommune har slutta seg til intensjonsavtalen om eit meir inkluderande arbeidsliv. IA-tiltaka er i all hovudsak integrerte i planar for helse-, miljø- og tryggleiksarbeid (HMT) på alle nivå. Ein legg både nærvær- og livsfaseperspektiv til grunn for IA-arbeidet. Det er starta opp eit arbeid med å utvikle ein livsfasepolitisk handlingsplan, i tråd med den overordna IA-planen.


### Sjukefråvær

Det samla sjukefråværet i 2015 var på 6,05 prosent. Dette er ei auke på 10,6 prosent frå 2014 (5,47 prosent). Fråværet har auka for begge kjønn, men prosentvis mest for menn. Alle sektorane har auka fråvær. I tannhelsetenesta har sjukefråværet auka berre litt (frå 7,5 til 7,7 prosent), i opplæringssektoren noko meir (frå 5,3 til 5,8 prosent). Størst har auken vore i fylkesadministrasjonen, der fråværet har gått frå 5,6 til 6,3 prosent, som er ei auke på om lag 12,5 prosent.


Eigenmeldt frávær er framleis lågt (0,89 prosent). Nesten heile auken i sjukefrávær ligg i det legemeldte fráværet (frå 4,65 prosent til 5,16 prosent).

### 1. Utvikling siste tre år, fordelt på kjønn:

SJUKEFRÅVÆR I HFK 2013–2015



### 2. Utvikling fordelt på sektor:



### Etikk på dagsorden

Fylkesutvalet vedtok i mars 2015 reviderte rutinar for intern varsling i Hordaland fylkeskommune. Dei nye varslingsrutinane gjev eit klarare regelverk for den som varslar.







Reglane for sakshandsaming er og blitt klarare, dette for å unngå habilitetsproblem. I sum inneber dette ei styrking av varslingsinstituttet i Hordaland fylkeskommune.

Hordaland fylkeskommune sine etiske retningslinjer er og reviderte i tråd med utviklinga i samfunnet og vart i juni 2015 vedteke av fylkestinget. Det er også utvikla eit opplegg for e-læring knytt til dei nye retningslinene, som dei tilsette har gått gjennom. Det er særleg tre nye område som er teke med i revisjonen av dei etiske retningslinene:

- Nettvett og sosiale medium
- Vår private framferd
- Verdiane til Hordaland fylkeskommune

Hausten 2015 arrangerte fylkesrådmannen ei samling for alle leiarar kalla «Vi utviklar Hordaland – samfunnsoppdraget i ein verdibasert organisasjon». Omlag 300 leiarar deltok på samlinga, der tematikken var etikk, varsling og antikorrupsjon. Toppleiargruppa og alle avdelingar har gått gjennom og diskutert temaheftet «Beskytt kommunen» om transparens og etikk utarbeidd av KS og Transparency International.

Opplæring i etikk og dilemmatrening vil halde fram med å vere tema på

ulike avdelingssamlingar, i leiaropplæring og i kursing av folkevalde i 2016.

**Likeverd, likestilling og inkludering** Bedriftshelsetenesta var ansvarleg for Arbeidsmiljødagen 2015, der temaet var: «God omstilling – godt arbeidsmiljø». Arbeidsmiljøprisen 2015 vart tildelt rektor ved Osterøy vidaregåande skule, Magne Espelid.

Fylkestinget har vedteke at handlingsplanen mot mobbing og trakassering av lesbiske, homofile, bilfile og transseksuelle (lhbt-personar) skal inngå i ein overordna plan for likeverd, likestilling og inkludering. Det er sett ned ei prosjektgruppe som arbeider med denne planen. Målet er at planen med tilhøyrande tiltak skal vere klar for politisk handsaming våren 2016. Deretter vil det bli gjennomført eigne temasamlingar for leiarane med fokus på likeverd, likestilling og inkludering i praksis. Som ledd i dette er det starta eit arbeid for å oppnå status som sertifisert lhbt-verksemd.

Kjønnsbalansen er god på dei fleste nivå i Hordaland fylkeskommune når det gjeld leiarstillingar. I skulesektoren var det ved utgangen av 2015 24 mannlege og 20 kvinnelege rektorar, og 18 mannlege og 24 kvinnelege assisterande rektorar. Dei tre

overordna regionleiarane i opplæringsavdelinga er alle kvinner.

Ved utgangen av 2015 var det i toppleiargruppa til fylkesrådmannen 6 menn og 1 kvinne. Blant seksjonsleiarane i fylkesadministrasjonen er det 12 menn og 16 kvinner og i leiargruppa i tannhelseavdelinga er det 1 mann og 5 kvinner.

I samband med hovudoppgjøret i 2016 vil det bli gjennomført nærare analysar av løns- og stillingsinnplasseringar for ulike kategoriar tilsette. Deltidsarbeid er eit tema som har stor merksemd i Hordaland fylkeskommune. Tala frå 2015 viste ein samla reduksjon i den totale andelen deltidstilsette. Særleg tannhelsestenesta jobbar kontinuerleg med tiltak som kan bidra til reduksjon i ufrivillig deltid.

I 2015 er det slutført eit prosjektet som har sett på organisering av reinholdstenestene med sikte på å etablere desse tenestene i ei eiga fylkeskommunal eining. Ein effekt ein ser for seg av ei slik omorganisering er høgare stillingsprosent for reinholdarane.

#### **Mangfald**

Tal frå SSB frå 4. kvartal 2014 syner at det er 315 tilsette med innvan-



drarbakgrunn i Hordaland fylkeskommune. Dette utgjør 6,9 % av totalt tilsette i fylkeskommunen, ein auke på 0,1 % frå kartlegginga i 2014. Dei fordeler seg med 236 tilsette i opplæringssektoren, 49 i tannhelse-tenesta og 30 i fylkesadministrasjonen. Det er eit stadig fokus på å skaffe fleire lærlingar i egen organisasjon. Ved utgangen av 2015 var det totalt 21 lærlingar i Hordaland fylkeskommune. For 2016 er målet å auke talet på lærlingar til 29. Det er sett av midlar til lønstilskot for å stimulere til fleire lærlingar i eigen organisasjon. Det vil og bli tilsett ein eigen koordinator for å styrke oppfølginga av lærlingane.

### Modernisering

Innføringa av nytt sakshandsamingssystem er ein av fleire prosessar som handlar om fornying og som gjer Hordaland fylkeskommune klar for framtida. Eit moderne sakshandsamingssystem er ein føresetnad for elektronisk arkivering og elektronisk

skjemahandsaming. Det har vore arbeid med innføring av det nye systemet gjennom året og i byrjinga av 2016 vil Hordaland fylkeskommune ta i bruk digital postkasse for dialog med våre innbyggjarar. På denne måten møter organisasjonen nasjonale føringar for digitalisering av tenester som skal bidra til forenkling og forbetring. Dette vil også kunne redusere eigne utgifter knytt til porto. Hordaland fylkeskommune har starta med utgåande e-faktura til offentlege verksemdar og næringsliv.

### Personvernombod

Det vart i 2015 søkt Datatilsynet om etablering av Personvernombod i Hordaland fylkeskommune. Personvernombodet er involvert i arbeid med personvernspørsmål, og har mellom anna ansvar for førespurnader om innsyn. Som ledd i eit styrka fokus på informasjonstryggleik i organisasjonen deltok fylkeskommunen i oktober i «Nasjonal sikkerhetsmånad». Alle tilsette var i samband med kampan-


jen påmeldt eit eige e-læringskurs om informasjonstryggleik.

### Effektive avtalar


Hordaland fylkeskommune ønskjer betre kontroll med, og å setje søkelys på, gevinstar frå dei prosjekt som blir sett i verk. Gevinstar vil vere nytteverknader, fordeler eller positive effektar som ein forventar at skal bli oppnådd ved eit prosjekt. Eit eige gevinstrealiseringsverktøy er utarbeidd i 2015 og inkludert i Hordaland fylkeskommune sin eigen prosjektmetodikk.

Innanfor innkjøpsområdet er det utarbeidd kvartalsvise rapportar for å følgje utviklinga for sentrale nøkkeltal, både avdelingsvis og for heile organisasjonen. Nøkkeltalsrapportane viser at andel inngåande efaktura har auka frå 52 % til 79 % i 2015. Tilsvarende har bruk av innkjøpssystemet auka frå 24 % til 28 % og kjøp innan avtale frå 82 % til 88 %.


DEL E-FAKTURA (Målt i tal fakturaer)



BRUK AV FINS (Målt i tal fakturaer)



KJØP INNAN AVTALE (Målt i kroner)



Det er gjennom heile 2015 arrangert kompetansehevande innkjøpskurs med ulike tema. Fokuset på leverandørkontroll er auka, og krava i høve samfunnsansvar er skjerpa. Dette gjeld mellom anna på områda løns- og arbeidsvilkår, miljøomsyn og innovative anskaffingar.

Som eit ledd i Hordaland fylkeskommune si satsing for å redusere klimagassutslepp, er det i første omgang kjøpt inn 13 elbilar som erstatning for eldre bilar som nyttar fossilt drivstoff. Elbilane er kjøpt inn til tenestekøyring for tilsette i fylkesadministrasjonen og ved dei vidaregåande skulene. Overgangen til bruk av elbilar vil spare miljøet for 44,2 tonn i årlege CO<sub>2</sub>-utslepp.

#### Ny kommunikasjonsstrategi

Det er i 2015 utarbeidd ein overordna kommunikasjonsstrategi som styringsverktøy for kommunikasjonsarbeidet i Hordaland fylkeskommune. Kommunikasjonsstrategien byggjer på prinsipp som mellom anna skal sikre at fylkeskommunen er tydeleg, open, forståeleg og aktivt kommuniserer om planar og tiltak. Strategien peikar på seks område det skal satsast på. Desse er internkommunikasjon, mediehandtering, heilskapleg profilering, bli ein synleg samfunnsaktør, vidareutvikle kanalar som internett og

sosiale medium og måle effekten av tiltaka.

Hordaland fylkeskommune nyttar to ulike verktøy for å måle utvikling knytt til mellom anna kjennskap og omdøme. I samarbeid med Respons Analyse er det i 2015 gjennomført målingar av kjennskapet til fylkeskommunen sine tenesteområde. Desse syner at om lag 4 av 10 spurde kjenner til fylkeskommunen som politisk nivå. På spørsmål om kva samfunnsområde fylkeskommunen har ansvar for, svarar 48 % opplæring, 37 % samferdsel og 10 % regional utvikling. Berre 4 % kjenner til at fylkeskommunen har ansvar for kultur.

Fylkeskommune tek også del i det årlege PR-barometeret som selskapet Aalund gjennomfører og som synar kva utvalde journalister meiner om truverde, synlegheit, tilgjengelegheit og toppleiinga. Hordaland fylkeskommune var i 2015 på topp ti samanlikna med kommunane og fylkeskommunane som deltok i PR-barometeret. Dette er ein god framgang frå tidlegare undersøkingar.

#### Universell utforming

Fylkeskommunen si heimeside er ei viktig kjelde for informasjon til innbyggjarar, kommunar og nær-

ingsliv og organisasjonar, og er den prioriterte kommunikasjonskanalen til Hordaland fylkeskommune. I 2015 har kommunikasjonsseksjonen jobba med å utvikle nye nettsider som skal lanserast tidleg i 2016. Dei nye sidene innfrir krav til universell utforming og er responsive, noko som vil seie at dei fungerer like bra på ulike plattformer som mobiltelefon, nettbrett, laptop eller stor skjerm. Nye elektroniske skjema er også utvikla, og blir tatt i bruk når nye sider vert lanserte.

Det har vore lagt vekt på at brukarane lett skal finne den informasjon dei søker. For å lukkast i dette har det i samband med utviklinga vore gjennomført både kvalitative og kvantitative brukarundersøkingar. Alle dei 46 skulane til Hordaland fylkeskommune fekk i 2015 utvikla og lansert nye heimesider.

#### Nye grafiske element

I samband med nye nettsider er det starta eit arbeid med å vidareutvikle og tilpasse den grafiske profilen til Hordaland fylkeskommune. Nye element og fargar støttar opp om ein allereie godt etablert grafisk profil, samstundes som dei tilfører noko nytt. I 2016 vert det lansert nye malar for presentasjonar, rapportar og anna materiell frå fylkeskommunen.



## TILSETTE OG ÅRSVERK

Tal på tilsette i HFK *	2014	2015
Totalt fylkeskommunen	4 494	4 507
Kvinner	2 581	2 603
Menn	1 913	1 904
<b>Sektorvis fordeling</b>	<b>2014</b>	<b>2015</b>
<b>Totalt fylkeskommunen</b>	<b>4 494</b>	<b>4 507</b>
Fylkesadm./andre **	658	672
Kvinner	332	347
Menn	326	325
Opplæring	3 451	3 445
Kvinner	1 905	1 909
Menn	1 546	1 536
Tannhelse	385	390
Kvinner	344	347
Menn	41	43
<b>Årsverk</b>	<b>2014</b>	<b>2015</b>
Totalt fylkeskommunen	4 025	4 073
Kvinner	2 271	2 312
Menn	1 754	1 760
<b>Sektorvis fordeling</b>	<b>2014</b>	<b>2015</b>
<b>Totalt fylkeskommunen</b>	<b>4 025</b>	<b>4 073</b>
Fylkesadm./andre **	636	645
Kvinner	319	331
Menn	317	314
Opplæring ***	3 058	3 088
Kvinner	1 656	1 681
Menn	1 402	1 408
Tannhelse	331	340
Kvinner	295	301
Menn	36	39

Tala frå 2014 er oppdaterte i denne årsmeldinga, og samsvarer derfor ikkje heilt med tala i Årsmelding 2014.

\* Inklusiv heiltidspolitikarar

\*\* Tal inkl Skyss, Bybanen Utbygging og opplæring i Fylkeshuset

\*\*\* Gjeld kun skular

## DELTID

Tilsette i deltidstillingar	2014	2015
Totalt i fylkeskommunen	1 410	1 342
Kvinner i deltidstillingar	985	948
Kvinner i deltidstillingar (% av alle kvinner i fylkeskommunen)	38,2 %	36,4 %
Menn i deltidstillingar	425	394
Menn i deltidstillingar (% av alle menn i fylkeskommunen)	22,2 %	20,7 %

## LIKESTILLINGSBAROMETER PR. 31.12.2015


	Kvinner	Totalt
Opplæring		
Rektorar i vgs	20	44
Ass. rektorar i vgs	24	42
<b>Tannhelsetenesta</b>		
Fylkestannlegen si leiargruppe inkl. overtannlegane	5	7
Klinikkjefar	15	21
Fylkesadministrasjonen		
Avdelingsleiarar	1	7
Stabs-/seksjonsleiarar	16	28
Skyss og Bybanen utbygging	4	11

Tilsette i leiande stillingar	2014	2015
Kvinner	146 (47,6%)	151 (47,6%)
Menn	161 (52,4%)	166 (52,4%)
<b>Prosentfordeling tilsette etter kjønn</b>	<b>2014</b>	<b>2015</b>
Kvinner	57,4 %	57,8 %
Menn	42,6 %	42,2 %

## STYRING OG KONTROLL AV VERKSEMMA

For fylkesrådmannen er det svært viktig å sikre god økonomisk og organisatorisk styring og kontroll av verksemda i tråd med dei lovene som regulerer tenesteområda til Hordaland fylkeskommune. Dette vert primært ivaretatt gjennom systematisk og målretta oppfølging av den daglege drifta i verksemda, men og gjennom særskilde tiltak dersom det er behov for slike.

Kontrollutvalet har, etter *Forskrift om kontrollutvalg i kommuner og fylkeskommuner § 4*, mandat til å føre tilsyn og kontroll med den fylkeskommunale forvaltninga. Utarbeiding av planar for forvaltningsrevisjonar og selskapskontrollar skal gjennomførast ein gong i valperioden, seinast innan utgangen av året etter fylkestinget er konstituert. Fylkesrådmannen har etablert god dialog med kontrollutvalet. Vedtak i kontrollutvalet og fristar for tilbakemeldingar vert følgt tett opp i godt samarbeid mellom Sekretariatet for kontrollutvalet og fylkesrådmannen sin administrasjon.



**«Hordaland fylkeskommune har  
kontinuerleg merksemd  
på arbeidsmiljøet og  
kartlegging av dette.»**

Hausten 2014 vart det gjennomført ein forvaltningsrevisjon av internkontroll og helse, miljø og tryggleik (HMT) på oppdrag frå kontrollutvalet. Rapporten frå revisjonen vart handsama i fylkestinget i mars 2015. I rapporten kjem revisjonen med tilrådingar i 15 punkt. Det er utarbeidd ein handlingsplan der desse tilrådingane vert svarte på. Det vert mellom anna fokusert på risikovurdering som verktøy i kvalitets- og internkontrollarbeidet. Frå 2016 har fylkesrådmannen stilt som krav at risikovurderingar

skal nyttast som verktøy i all planlegging i fylkeskommunen. I tillegg er kravet om risikovurdering av system som behandlar personopplysningar innskjerpa. Det skal i løpet av 2016 og 2017 gjennomførast ein overordna risikoanalyse for heile verksemda.

Hordaland fylkeskommune har kontinuerleg merksemd på arbeidsmiljøet og kartlegging av dette. Årleg gjennomfører einingane kartlegging av arbeidsmiljøet. Døme på dette er vernerunde, vernemøte og risikovurdering. Annakvart år vert det gjennomført ei omfattande medarbeidarundersøking i heile fylkeskommunen. Resultata frå desse kartleggingane skal summerast opp i lokale HMT-handlingsplanar som skal vere tilgjengelege i fylkeskommunen sitt felles elektroniske kvalitetssystem, *Kvalitetsportalen*.

Som system skal *Kvalitetsportalen* medverke til å sikre at planlegging, organisering og utøving av oppgåver og aktivitetar skjer i samsvar med dei krav som er stilte gjennom lover og regelverk, og eigne retningslinjer og vedtak. Alle dokument som omhandlar styring, gjennomføring og kontroll, skal til ei kvar tid vere tilgjengelege og oppdaterte i dokumentbiblioteket i *Kvalitetsportalen*. Systemet inneheld òg verktøy for å sikre ei god avvikshandsaming innanfor følgjande definerte område: HMT, informasjonstryggleik, interne rutinar og sakshandsaming, i tillegg til at den einskilde tilsette kan gje tilbakemelding av typen ros eller ris gjennom systemet.

Det blir årleg gjennomført eigenkontroll i Hordaland fylkeskommune. Dette er ein del av den lovpålagde internkontrollen, og inngår i det systematiske kvalitetsarbeidet i organisasjonen. Rapporten gir fylkesrådmannen ein samla statusgjennomgang som grunnlag for vidare oppfølging og forbetringstiltak.

Innanfor opplæringssektoren gjeld særskilde krav til internkontroll og oppfølging av kvalitet, som mellom anna omfattar krav om intern vurdering av organisering, tilrettelegging og gjennomføring av opplæring etter *Forskrift til opplæringslova § 2-1* og samhandlinga mellom skulane og skuleeigar basert på reglane i *opplæringslova*. Som del av denne internkontrollen vert det årleg gjennomført verksemdbasert vurdering (VBV), som er eit system for oppfølging av det pedagogiske utviklingsarbeidet i regi av Hordaland fylkeskommune.

I 2015 etablerte fylkesrådmannen ein rutine for rapportering av eksterne tilsyn i Hordaland fylkeskommune. Føremålet med rutinen er å ha ei oppdatert oversikt over varsla og gjennomførte tilsyn, uavhengig av fagområde og avdeling. Oversikta skal utarbeidast to gonger årleg. For 2015 har det vore gjennomført tilsyn frå mellom anna Fylkesmannen, Arbeidstilsynet og Mattilsynet, i tillegg til fleire lokale branntilsyn. Eventuelle avvik som vert påpeika gjennom desse tilsyna, vert følgt opp gjennom eigne tiltak.



# POLITISK LEIING

---

Hordaland fylkeskommune fekk ny politisk leiing etter valet hausten 2015.  
Arbeiderpartiet fekk fylkesordføraren, og fylkestinget fekk 31 nye medlemmer.

---



## NY POLITISK LEIING

Valet hausten 2015 førte til store endringar i samansetjinga av fylkestinget. Hordaland fylkeskommune fekk ny politisk leiing frå 14. oktober 2015 då fylkestinget 2015–2019 blei konstituert. Fylkestinget fekk 31 nye medlemmer etter valet i september 2015.

25 kvinner og 32 menn blei valde. Med dette er 43,9 % av representantane kvinner, nøyaktig det same som ved valet i 2011. Arbeidarpartiet blei det største partiet med 20 representantar, ein framgang på fire. Høgre gjekk tilbake frå 17 til 12 representantar.

15 vallister blei stilte ved valet i 2015, same tal som fire år tidlegare. Tre nye lister var Partiet De Kristne, Feministisk Initiativ og Piratpartiet. Byluftlisten, Kristent Samlingsparti og Norges Kommunistiske Parti stilte ikkje liste ved dette valet.

### Valdeltaking

Valdeltaking ved fylkestingsvalet i Hordaland var 58,0 %, som var 3,4 % lågare enn i 2011. Men av fylka var det berre Sogn og Fjordane som hadde høgare valdeltaking (60,5 %) enn Hordaland.

Når ein ser valdeltakinga ved kommunestyre- og fylkestingsvalet under eitt, viser det seg at langt fleire kvinner enn menn nytta stemmeretten i 2015. I Hordaland røysta 65,7 % av kvinnene og 58,6 % av mennene. Berre i to av dei 19 fylka var det fleire menn enn kvinner som røysta (Finnmark og Aust-Agder). Særleg Østfold, Akershus og Hordaland merka seg ut med stor skilnad i valdeltaking for menn og kvinner.

### Representantfordeling

Ni lister fekk representantar i fylkestinget, dei same som i 2011. Dei 57 representantane i perioden 2015–19

fordeler seg slik, med endring frå 2011 i parentes: Arbeidarpartiet 20 (+4), Høgre 12 (-5), Fremskrittspartiet 7 (-1), Senterpartiet 4 (+1), Kristeleg folkeparti 4 (-1), Sosialistisk venstreparti 3 (+1), Miljøpartiet De Grønne 3 (+2), Venstre 3 (-1), Raudt 1.

### Stor utskifting

31 av dei 57 representantane i fylkestinget, vel 54 %, er nye i denne perioden. I 2011 var utskiftinga endå større, med 34 nye representantar. Minst utskifting var det i Fremskrittspartiet med ein av sju og i Høgre med tre av tolv. Av Arbeidarpartiet sine 20 representantar er 15 nye i denne perioden. Kristeleg folkeparti og Senterpartiet stiller kvar med tre nye, Sosialistisk Venstreparti og Venstre med to nye kvar. Miljøpartiet De Grønne har ein ny og Raudt sin representant er ny.



«43,9 % av representantane er kvinner, nøyaktig det same som ved valet i 2011.»

### Kommunevis fordeling

21 av dei 33 kommunane i Hordaland er representerte i fylkestinget i perioden 2015–19, mot 18 ved valet i 2011 og 20 i 2007. Bergen har flest med 17 representantar, medan Voss

og Stord har fire kvar. Lindås, Askøy og Os har tre representantar kvar. To representantar kvar fekk: Austevoll, Bømlo, Etne, Kvinnherad, Meland, Odda, Radøy og Øygarden. Desse kommunane fekk ein representant: Austrheim, Fusa, Kvam, Osterøy, Samnanger, Sund og Tysnes.

### Retta lister

Meir enn kvar fjerde veljar (27,8 %) nytta seg av retten til å gje personrøyster ved fylkestingsvalet. På 62 162 røystesettlar var det sett kryss ved ein eller fleire kandidatar. Stadig fleire nyttar retten til å gje personrøyster. I 2011 var tilsvarande tal 24,3 % og i 2007 retta 21,4 % av veljarane på lista dei leverte.

Terje Søviknes (Frp) toppa lista over dei som fekk flest personrøyster, 7466. Anne Gine Hestetun (A) fekk 6729 personrøyster, og Tom-Christer Nilsen (H) fekk 4261. Personrøystene førte til at Terje Kolbotn, Odda, rykte opp frå 2. plass til fast plass i fylkestinget for Raudt. Personrøystene førte og til at Astrid Aarhus Byrknes, Lindås, rykte opp frå 4. til 1. plass på lista til Kristeleg Folkeparti, medan Nils T. Bjørke, Voss, rykte opp frå 3. til 1. plass på lista til Senterpartiet.

Ivrigaste til å retta listene var Fremskrittspartiet sine veljarar (39,5 %), følgd av Senterpartiet (37,3 %), Kristeleg Folkeparti (35,9 %) og Raudt (32,6 %). For dei andre partia som fekk plass i fylkestinget, var tala: Miljøpartiet De Grønne 28,9 %, Venstre 28,3 %, Sosialistisk Venstre-



**31** NYE MEDLEMER  
på Fylkestinget etter  
valet i september 2015

**58** PROSENT  
valgdeltaking ved  
fylkesvalet 2015

Foto: Bjarte Brask Eriksen

parti 27,7 %, Arbeidarpartiet 22,4 % og Høgre 22,1 %.

#### Konstituering

Anne Gine Hestetun, Arbeidarpartiet, blei valt til fylkesordførar i Hordaland for perioden 2015–19 då fylkestinget konstituerte seg i Bergen 14. oktober 2015. Hestetun overtok vervet etter Tom-Christer Nilsen, Høgre. Pål Kårbø, Kristeleg folkeparti, blei valt til fylkesvaraordførar.

Hestetun er den andre kvinna og den andre frå Arbeidarpartiet som er fylkesordførar i Hordaland. Ho er den første fylkestingsrepresentanten frå Bergen som har dette toppvervet i hordalandspolitikken.

Hestetun blei valt til fylkesordførar med 33 røyster. 23 røysta for Tom-Christer Nilsen. Ei røyst var blank. Kårbø blei valt til fylkesvaraordførar med 33 røyster.

19 røysta for Terje Søviknes (Frp) og fem røyster var blanke.

#### Fylkesutvalet

Av dei 15 medlemene i fylkesutvalet 2015–19 er sju nye og åtte attvalde. Ni kvinner og seks menn er medlemmer. Åtte av dei ni partia i fylkestinget har medlemmer i fylkesutvalet. Arbeidarpartiet har fem medlemmer, Høgre tre, Framskrittspartiet to, og Kristeleg folkeparti, Miljøpartiet De Grønne,

## 9 LISTER

fekk representantar i fylkestinget, dei same som i 2011

Senterpartiet, Venstre og Sosialistisk Venstreparti ein kvar.

### Utvalsleiarar

Inge Reidar Kallevåg (Høgre), blei valt til ny leiar i kontrollutvalet 14. oktober 2015. I møte 27. oktober vedtok fylkestinget nye namn på dei faste utvala og valde leiarar. Nils T. Bjørge (Senterpartiet) er leiar i utvalet for miljø og samferdsel, Beate Husa (Kristeleg folkeparti) er leiar i utvalet for kultur, idrett og regional utvikling, og Emil Gadolin (Arbeidarpartiet) er

leiar i utval for opplæring og helse. Avtroppande leiar Gustav Bahus (Frp) i samferdselsutvalet og Roald Stenseide (Frp) i opplærings- og helseutvalet hadde begge tre periodar bak seg som utvalsleiarar. Begge er framleis medlemmer i fylkestinget. Fylkestinget vedtok å utvida talet på medlemmer i utvalet for opplæring og helse til 15. I utvalet for miljø og samferdsel er det som før 15 medlemmer og i utvalet for kultur, idrett og regional utvikling 13.



## FYLKESTINGSVALA 2011 OG 2015

Valdeltaking 2015: **58,0%**

Valdeltaking 2011: **61,4%**

Lister	Røyster 2011	Prosent 2011	Røyster 2015	Prosent 2015	Endring frå 2011
Arbeidarpartiet	62063	27,8%	74281	33,2%	5,4%
Fremskrittspartiet	31332	14,0%	27098	12,1%	-1,9%
Høgre	64195	28,8%	47382	21,2%	-7,6%
Kristeleg Folkeparti	18029	8,1%	16365	7,3%	-0,8%
Senterpartiet	11386	5,1%	14171	6,3%	1,2%
Sosialistisk Venstreparti	8968	4,0%	11139	5,0%	1,0%
Venstre	14415	6,5%	10954	4,9%	-1,6%
Miljøpartiet de Grønne	3620	1,6%	12410	5,5%	3,9%
Pensjonistpartiet	1237	0,6%	1359	0,6%	0
Raudt	4221	1,9%	3654	1,6%	-0,3%
Demokratane i Norge	796	0,4%	645	0,3%	-0,1%
Kystpartiet	577	0,3%	719	0,3%	0
Partiet De Kristne			1519	0,7%	
Piratpartiet			954	0,4%	
Feministisk Initiativ			1137	0,5%	



## FARGESPILL ER ÅRETS HORDALENDING

– Fargespill sprer glede og farge over heile Norge, sa fylkesordførar Anne Gine Hestetun då ho kåra Fargespill til årets hordalending. Fylkesordføraren overrekte diplom, blomster og 50 000 kroner.

### Viktig brubyggjar

Fylkesordføraren meiner Fargespill er ein viktig brubyggjar mellom ulike kulturar og norske tradisjonar.

– Brubygging fører til auka forståing og fellesskap hos både publikum og utøvar. Fargespill gjer kulturlivet og samfunnet rikare ved å vise heile verda på ei scene og binde saman musikalske perler på ein imponerande og profesjonell måte, sa fylkesordførar Anne Gine Hestetun.

### Flyktingar

Fargespill starta i 2003 då bergensmusikaren Ole Hamre fekk i oppdrag å lage innslag til forestillinga «Mosaikk» som Bergen Kulturskole skulle vise fram under Festspela. Her deltok barn og unge frå Bergen og mange som nett hadde kome til Norge som flyktingar. Forestillinga gjorde sterkt inntrykk, og Festspela ba Ole Hamre om å vidareføre samarbeidet som blei ei ny festspelframsyring i 2004.



Foto: Bjarne Brask Eriksen

Etter dette har Fargespillt blitt vidareført som ei eiga stifting. Utgangspunktet er norsk tradisjonell folkemusikk, folketonar og dans, og tilsvarande tradisjonell musikk song og dans frå landa alle utøvarane kjem frå.

Tal representantar	1975	1979	1983	1987	1991	*1995	1999	*2003	2007	2011	2015
Arbeiderpartiet	26	23	28	26	24	18	18	13	14	16	20
Raud Valallianse/Raudt		1	1	1	1	1	2	2	2	1	1
Sosialistisk Venstreparti	4	3	5	5	10	4	5	6	4	2	3
DNF	5	2									
DLF/Venstre			5								
Venstre	3	6		5	3	5	3	2	3	4	3
Senterpartiet	8	6	5	5	10	8	5	4	4	3	4
Kristeleg Folkeparti	15	12	11	10	10	9	9	5	5	5	4
Høgre	22	29	23	20	16	12	13	11	11	17	12
Fremskrittspartiet	2**	3	7	13	8	9	11	13	14	8	7
Pensjonistpartiet					2	1	1	1			
Fedrelandspartiet					1						
Miljøpartiet De Grønne										1	3

\* Samla tal representantar vart redusert frå 85 til 67 frå og med valet i 1995, og frå 67 til 57 frå og med valet i 2003.

\*\* Anders Langes Parti

# EG TRUR PÅ EIN STERK VESTLANDSREGION

14. oktober vart eg vald som fylkesordførar i Hordaland, og det er eit givande arbeid. Som de les av denne årsmeldinga er spennet i saker breitt. Hordaland fylkeskommune er ein stor organisasjon, med dyktige og kompetente tilsette som kvar einaste dag leverer viktige samfunnstenester. Målet mitt er å vere ein synleg fylkesordførar med god kjennskap til kommunane og næringsgrunnlaget i fylket vårt.

Eg trur på vidareutvikling av ein sterk vestlandsregion tufta på demokratisk styring. Vi har kompetanse, entusiasme og vilje til å skape morgondagens arbeidsplassar. Vi skal knyte Vestlandet saman, gjennom ei betring av infrastrukturen for innbyggjarane våre og for næringslivet.

Vi har alt å vinne på å trekke lasset saman. Felles moglegheiter treng felles løysingar. 1. april i 2016 blir stortingsmeldinga om oppgåver til eit folkevald regionnivå lagt fram. Ei viktig oppgåve i 2015 har vore å førebu prosessen med å samle Vestlandet til ein region. Det er viktig at ein ny region kan ta inn i seg oppgåver knytte til rolla både som samfunnsbyggjar og som tenesteytar.


Klimautfordringane set krav til oss alle. Parisavtalen og vår eigen klimaplan legg klare føringar. Særleg innan transportsektoren vil dette krevje nye løysingar.

Arbeidsløysa, den auka flyktningstraumen og fråfall i skulen minner oss om kor viktig det er å sikra at alle kan delta i samfunnet vårt. Dette arbeidet skal sikrast.

Årsmeldinga for 2015 viser kor viktig fylkeskommunen er, for folk som bur, arbeider og som driv næringsverksemd i Hordaland. Samstundes viser driftsresultatet ei negativ utvikling. Dette minner oss om at vi må vidareutvikle fylkeskommunen og tenestene innanfor tilgjengelege ressursar. Dette set krav til oss alle, ikkje minst til prioriteringane som vi som politikarar må gjera.

Visjonar og draumar blir berre verkelege ved hardt arbeid kvar einaste dag. Det er eg som fylkesordførar budd til!

Anne Gine Hestetun  
fylkesordførar



«Vi har alt å vinne  
på å trekke lasset  
saman.»



# FYLKESTINGET 2015–2019

---





# HORDALAND FYLKESTING 2015–2019

Fylkestinget, med 57 medlemmer, er det øvste politiske organet i fylkeskommunen. Fylkesutvalet har det daglege ansvaret for samordning av den fylkeskommunale verksemda. Det er tre faste utval: Utval for kultur, idrett og regional utvikling, utval for opplæring og helse og utval for miljø og samferdsel. Utvala har m.a. vedtaksrett i saker som gjeld fordeling av budsjetterte tilskots- og stønadsmidlar. Kontrollutvalet fører tilsyn med den fylkeskommunale forvaltninga.



Anne Gine Hestetun  
Fylkesordførar  
Bergen



Sveinung Valle  
Fylkesutvalet  
Lindås



Siri Klokke  
Utval for kultur, idrett og  
regional utvikling  
Etne



Rasmus Laupsa  
Rasmussen  
Utval for opplæring og  
helse  
Bergen



Kari Sørensen  
Bernardini  
Fylkesutvalet  
Bergen



Atle Kvåle  
Utval for miljø og  
samferdsel  
Fusa



Mari Klokke  
Kjellesvik  
Fylkesutvalet  
Etne



Emil Gadolin  
Utval for opplæring og  
helse: Leiar  
Bergen



Kine Bratli Dale  
Utval for kultur, idrett  
og regional utvikling  
Bergen



Helge Nævdal  
Fylkesutvalet  
Voss



Synnøve Solbakken  
Utval for miljø og  
samferdsel  
Kvinnherad



Espen Berntsen  
Utval for kultur, idrett  
og regional utvikling  
Askøy



Linda Haugland  
Jondahl  
Utval for opplæring og helse  
Odda



Roald Kvamme  
Utval for miljø og  
samferdsel  
Bergen



Katrin Innvær  
Ankervold  
Utval for opplæring og helse  
Stord



Per Lerøy  
Utval for miljø og  
samferdsel  
Austrheim



Åse Gunn Husebø  
Kontrollutvalet  
Øygarden



Kjell Håland  
Utval for kultur, idrett  
og regional utvikling  
Bergen



Gunn Berit Lunde  
Aarvik  
Utval for kultur, idrett  
og regional utvikling  
Voss



Kjetil Hestad  
Tynes



Astrid Aarhus Byrknes  
Utval for miljø og  
samferdsel  
Lindås



Pål Kårbø  
Fylkesvaraordførar  
Meland



Beate Husa  
Utval for kultur, idrett og  
regional utvikling: Leiar  
Sund



Tor André Ljosland  
Utval for opplæring og  
helse  
Bergen

- Arbeiderpartiet ..... 20
- Fremskrittspartiet ..... 7
- Høgre ..... 12
- Kristeleg Folkeparti ..... 4
- Miljøpartiet de grønne ..... 3
- Raudt ..... 1
- Senterpartiet ..... 4
- Sosialistisk venstreparti ..... 3
- Venstre ..... 3



Nils T. Bjørke  
Utval for miljø og  
samferdsel: Leiar  
Voss



Benthe Bondhus  
Fylkesutvalet  
Kvinnherad



Jon Askeland  
Utval for miljø og  
samferdsel  
Radøy




Sara Hamre  
Sekkingstad  
Utval for kultur, idrett og  
regional utvikling  
Radøy



# Politiske organisering

Hovudstrukturen for den politiske organiseringa i Hordaland fylkeskommune. Fylkestinget har møte 4–5 gongar i året. Fylkesutvalet møtest omlag ein gong i månaden og det same gjer dei faste utvala og kontrollutvalet.

[www.hordaland.no](http://www.hordaland.no)



Aud Karin Oen  
Fylkesutvalet  
Øygarden



Marthe Hammer  
Utval for miljø og  
samferdsel  
Bergen



Daniel Charles  
Hextall  
Utval for opplæring  
og helse  
Bergen



Tom-Christer Nilsen  
Fylkesutvalet  
Askøy



Mona Røsvik  
Strømme  
Fylkesutvalet  
Bergen



Silja Ekeland Bjørkly  
Fylkesutvalet  
Bergen



Nils Marton Aadland  
Utval for miljø og  
samferdsel  
Meland



Inge Reidar Kallevåg  
Kontrollutvalet: Leiar  
Bømlo



Stein Inge Ryssdal  
Bergen



Ragnhild Hus  
Fagerbakke  
Utval for opplæring og helse  
Austevoll



Olav Kvinge  
Utval for kultur, idrett og  
regional utvikling  
Os



Irl Schau Johansen  
Voss



Dan Femoen  
Utval for opplæring  
og helse  
Bergen



Svein Halleraker  
Utval for miljø og  
samferdsel  
Stord



May Eva Sandvik  
Utval for kultur, idrett  
og regional utvikling  
Lindås



Terje Søviknes  
Fylkesutvalet  
Os



Silje Hjemdal  
Fylkesutvalet  
Bergen



Roald Stenseide  
Utval for opplæring og  
helse  
Askøy



Sigbjørn Framnes  
Utval for kultur, idrett og  
regional utvikling  
Stord



Gustav Bahus  
Utval for miljø og  
samferdsel  
Os



Gunnar Bakke  
Utval for kultur, idrett og  
regional utvikling  
Bergen



Renate Møgster  
Klepsvik  
Utval for miljø og  
samferdsel  
Austevoll



Anne Beth Njærheim  
Fylkesutvalet  
Bømlo



Geir Kjell Andersland  
Utval for kultur, idrett og  
regional utvikling  
Bergen



Geir Angeltveit  
Utval for miljø og  
samferdsel  
Stord



Tom Sverre Tomren  
Fylkesutvalet  
Osterøy



Natalie Golis  
Utval for miljø og  
samferdsel  
Kvam



Øyvind Strømme  
Utval for opplæring  
og helse  
Samnanger



Terje Kollbotn  
Kontrollutvalet  
Odda



**HORDALAND  
FYLKESKOMMUNE**

Agnes Mowinckels gate 5  
Postboks 7900  
5020 Bergen

Telefon: 55 23 90 00  
E-post: [hfk@hfk.no](mailto:hfk@hfk.no)  
[www.hordaland.no](http://www.hordaland.no)

Hordaland fylkeskommune har ansvar for å utvikle hordalands-  
samfunnet. Vi gir vidaregåande opplæring, tannhelsetenester og  
kollektivtransport til innbyggjarane i fylket. Vi har ansvar for  
vegsamband og legg til rette for verdiskaping, næringsutvikling,  
fritidsopplevingar og kultur. Som del av eit nasjonalt og globalt  
samfunn har vi ansvar for å ta vare på fortida, notida og framtida i  
Hordaland. Fylkestinget er øvste politiske organ i fylkeskommunen.